



Fjord
kommune

**2021-
2030**

Kulturmiljøplan for Fjord kommune



Kulturminneplan 2021 - 2030

Innhald

Innhald	2
1 Forord.....	4
2 Kulturminnevern	5
2.1 Kva er eit kulturminne?	5
2.2 Kulturlandskap og naturtypar	5
3 Målsetting.....	7
4 Utfordringar for kulturminnevernet	9
5 Korleis tek vi vare på kulturminna?.....	10
Kulturminne er verdier	12
6 Handlingsplan.....	14
6 Fortidsminne (fornminne)	16
6.1 Fangstanlegg i fjella.....	16
6.2 Jakt, rovdyr og pelsdyrfangst.....	19
6.3 Andre automatisk freda kulturminne.....	20
6.4 Øydegardane kring Storfjorden, Stordalsholmen og Dyrkorn	21
7 Bygningar og bygningsmiljø.....	23
7.1 Freda bygningar m.m.....	23
7.2 Offentleg, halvoffentleg og privat kulturvernarbeid i Fjord kommune.....	27
7.3 Kyrkjene	28
7.4 Andre bygningar	30
8 Tekniske og industrielle kulturminne	40
8.1 Bergverksdrift.....	40
8.2 Kraftverk og industrialisering.....	42
8.3 Utviklinga av industribedrifter og næringsliv	45
8.4 Frukttre og jordbæråkrar	48
8.5 Kvinnene si rolle	50
8.6 Sager	52
8.7 Båthistorie	53
8.8 Taubaner / løypestrengar.....	56
8.9 Steingardar.....	57

9	Samferdsel	58
10	Bygdemiljø	69
10.1	Minnestøtter	75
10.2	Kunst i kommunal eige.....	75
11	Immaterielle kulturminne	75
12	Kjelder	85
13	Aktuelle tilskotsordningar	90
14	Oversikt over kulturminne i Fjord kommune	93
	Val av arbeidsmetodikk m.m.....	94



Vindu på Ospahjellen

1 Forord

Kulturminna er dei viktigaste kjeldene vi har til kunnskap om utviklinga av samfunnet vårt og det miljøet vi bur og lever i. Ein kulturminneplan skal mellom anna gje oversikt over kulturminneverdiane i kommunen, og vere eit nyttig reiskap i kommunal planlegging.

Det fins mange kulturminne som ikkje er freda, men som likevel bør takast vare på. Desse bør ein identifisere og verdsette, slik ein kan ta omsyn til dei i plan- og byggesaker. Ikkje alle spor etter fortida kan - eller skal - vernast, men vi må sjå kulturminna som ein ressurs for vår eiga tid og ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida. God kulturminneforvaltning har som utgangspunkt å finne rom både for bevaring og ein fornuftig bruk. Hensikta med å utarbeide ein kulturminneplan, omhandlar historisk bevaring av ein kommune sine særeigne kulturminne, men det handlar og om å sjå nye muligheiter i høve kulturminna.

Vi må heller ikkje gløyme at historia og kunnskapen har verdi sjølv om det fysiske minnet vert borte. Dokumentasjon og kartlegging er difor viktige oppgåver innan kulturminnevernet. Store delar av arealet i kommunen er verna på grunn av natur- og kulturkvalitetane, og det seier noko om at det er eit unikt område som skal forvaltast.

Firma Naturoppsyn og Kulturminnetjenester har hatt det faglege ansvaret for kulturminneplanen og eiga arbeidsgruppe vart etablert. Det har vore innspel frå innbyggjarar både før og etter offentleg høyringsrunde. Desse innspela har vore til stor nytte i planarbeidet. Ein har ikkje hatt eigne bygdemøter i samband med utarbeidinga av planen, noko som først og fremst skuldast koronasituasjonen. Meir om val av metode m.m., mot slutten av plandokumentet.

Arbeidsgruppa har bestått av kommunalt tilsette, samt nemnte fagkonsulent på kulturminne.

Kulturkonsulent/Dagleg leiar Stordalshallen: Hallgeir Hove

Bygningsingeniør : Lars Kjell Smoge

Leiar Plan og Miljø : Martin F. Hove

Innleigd firma Naturoppsyn og Kulturminnetjenester: Bernt Gjelsten

2 Kulturminnevern

2.1 Kva er eit kulturminne?

«Kulturminner er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalitetar det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til», Lov om kulturminne § 2.

Det er vanleg å dele kulturminne inn i to hovudkategoriar - immaterielle og materielle. Lokale tradisjonar, segn, myter, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle kulturminne. Materielle kulturminne er for eksempel bygningar, gravhaugar, bruer, buplassar, og gjenstandar. Men det kan og vere ein gjenstand som jektekompasset som opphavleg høyrde til Stordalsjekta som segla på Storfjorden.

Kulturmiljø er områder der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Med andre ord kan vi seie at i kulturarven hentar vi kunnskap om oss sjølve og bygdene våre, og grunnlag for opplevingar vi ynskjer å dele med andre. Vi ønskjer å verne om kulturminna som ein verdi for vår eiga samtid, men også fordi vi har eit ansvar for å forvalte desse verdiane å vegne av komande generasjonar.

Som kunnskapskjelde er kulturminna viktig grunnlag for vår tolking og forståing av fortida. Dei fortel om den historiske utviklinga i området; kontinuitet og endringar. Dei hjelper oss å forstå vår eiga tid og bidra til å forma framtida.

Opplevingsverdien er av ulike slag. Kulturminna kan skape gjenkjenning og tilhøyrse, skape nysgjerrigheit og engasjement, og skape nærleik til fortida. Kulturminna kan også vere identitetsskapande og bidra til å gje stadar særpreg og karakter. Eit kulturminne som vert borte kan det nokre gonger lagast kopi av, men det kan aldri verte erstatta. Difor er det viktig å vera medviten om kva kulturminne som er spesielt verdifulle for samfunnet, slik at desse kan takast vare på for framtida.

2.2 Kulturlandskap og naturtypar

Vår bruk av naturen, frå enkel hausting til moderne landbruk, har forma landskapet rundt oss. Omgrepet kulturlandskap vert oftast nytta om landskap forma gjennom landbruk, i vidare forstand kan det nyttast om menneskeforma natur og landskap. Denne forminga pregar omgivnadane våre i større grad enn vi tenkjer over til dagleg. Tun strukturar og steingardar er nemnt, men også kva planter som veks rundt oss er resultat av våre tradisjonar. Det tradisjonelle landbruket gav eit mangfald av artar og kulturmarks typar, desse endrar seg ved omlegging av landbruket og ved attgroing.

Kulturlandskapet er i stor grad ein del av vår identitet, det er våre felles omgivnader som er prega av både fjerne forfedre sitt arbeid og vår eigen aktivitet.

Kommunen har fleire område med registrerte kulturlandskapsverdiar. Desse er avhengig av tradisjonell drift eller skjøtsel om dei skal oppretthalde sine verdiar, og forvaltninga kan derfor gje eigarane tilskot til dette. Ta kontakt med kommunen for meir informasjon.



Kilstisætra er eit godt døme på ein intakt sæterstøl.

Døme på høgt verdsette kulturlandskap er Indreeidsdalen og Kilsti i Eidsdal, Heimsetra i Valldal og Ytterli i Fjørå. Ved Ytste Skotet - eigd av Storfjordens Venner - er det registrert busetnad og driftsspor som strekk seg heilt tilbake til jernalderen. Der er det også særleg verdifulle slåtteteigar og natureng med høgt innhald av vegetasjonstypar som i dag er sjeldan å finne i kulturlandskapet. Ei lang rekkje raudlista planter veks på bruket si kulturmark som ein konsekvens av at desse plantesamfunna ikkje har vorte sprøyta med kunstgjødsel eller tilført nitrogen. Naturenga vert skjøtta omtrentleg slik som ho vart når bruket var fast busett og i tradisjonell drift. Kulturlandskapsskjøtselen på Ytste Skotet vert sett på som viktig av vernemyndigheitene og ein har motteke tilskot som skal kunne bidra til at tradisjonell skjøtsel kan halde fram. I 2020 vart delar av skogen rundt bruket verna som naturreservat av miljømyndigheitene.



Slåttemark på Kilsti. Foto: Maud Grøtta

3 Målsetting

Visjon:

Kunnskap om kulturminne og kulturmiljøa skal bidra til identitet, oppleving og verdiskaping i kommunen.

Hovudmål:

1. Bevare og dokumentere mangfaldet i kommunen si historie.
2. Synleggjere, formidle og gjere tilgjengeleg kulturminne og kulturmiljø.
3. Kulturminna skal gje grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping.
4. Kulturminna skal vere ein ressurs i samfunnsplanlegging og utvikling.
5. Medverke til ei fornuftig lokalsamfunnsutvikling der vern og bruk samhandlar.

Delmål:

1. Lage omsynssone for alle kulturminne av regional og nasjonal verdi, samt eit utval av kulturminne med lokal verdi ved neste rullering av arealdelen av kommuneplanen.
2. Involvere skular og barnehagar for å bevisstgjere verdien av kulturminne.
3. Skilting av utvalte kulturminne.
4. Samarbeid med friluftslivet for å skape gode turmål.
5. Aktiv bruk av Kulturminnesok.no.
6. Utarbeide rettleiar for bygging og vern på stølsområde.


Fjord kommune har fleire bygder med mange særst interessante kulturminne. Opp gjennom åra er det laga fleire ulike registreringar av ulike kulturminne, men informasjonen er ikkje samla. Ein ønskjer å gje eit meir heilskapleg perspektiv gjennom denne planen.

Kva er det viktig å ta vare på i Fjord kommune? Planen prøver å gje nokre svar. Det betyr likevel ikkje at alle verdifulle og viktige kulturminne har kome med. Mange er framleis ikkje registrert, og planen må difor sjåast på som starten på ein prosess, og eit langsiktig, strategisk arbeid. Ein slik plan er å betrakte som innleiinga i ei nyare form for samordning av registrerte kulturminne i Fjord kommune. I åra som kjem vil mange nye kulturminne verte registrert inn i databasar som naturleg høyrer innunder kulturarv og kulturminna i kommunen vår.

Riksantikvaren sin database Askeladden, er eit offentleg verktøy for innregistrering av ulike typar kulturminne i kommunane. Innregistrering av eit utval kulturminne i Askeladden er også ein del av arbeidet med denne kulturminneplanen. Askeladden krev autorisert bruk for

offentlege tilsette eller andre som arbeider med kulturminnevern, men den enklare tilgjengelege - og meir brukarvennlege - databasen kulturminnesok.no, er open også for privatpersonar. Dermed vil også enkeltpersonar kunne legge inn informasjon om kulturminne og på det viset spele ei viktig rolle i dette arbeidet, ved å supplere i høve til det kommunale arbeidet. Når privatpersonar med lokalhistorisk interesse og kunnskap bidreg med å registrere kulturminne, vil ein også kunne sikre at kommunen får ei betre oversikt over kulturminneverdiar, samla sett.

Kulturminneplanen er ein tematisk kommunedelplan for heile kommunen. Planen er ikkje juridisk bindande når det gjeld arealbruk.



Bilde frå Sylte sentrum. Foto: Helifoto AS

Kvifor ein kulturminneplan?

- Gjere innbyggjarane samt private og offentlege planleggarar klare over ressursane som finst i kommunen.
- Gje viktig informasjon og hjelp i all planlegging etter plan- og bygningslova.
- Syne kvar ein treng å sette inn ressursar.
- Vere eit verkemiddel i undervisning.
- Vere eit hjelpemiddel til prioritering ved fordeling av SMIL-midlar.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin regionale delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi blir eit viktig supplement til kommunen sin lokale plan. I den regionale planen finn ein fleire døme på verdifulle bygningar og kulturmiljø i Fjord kommune sine bygde- og grendelag.

4 utfordringar for kulturminnevernet

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar

Gjennom ca. tolv tusen år har menneske levd, virka og sett spor etter seg i det som i dag er Noreg. Kulturminna og kulturmiljøa som er her i dag, er eit resultat av både tilfeldigheiter og at ein bevisst har valt å ta vare på dei. Desse kulturminna og kulturmiljøa er uerstattelege kjelder til kunnskap og oppleving. Vert dei øydelagt eller fjerna, er dei tapt for alltid. I motsetning til mange andre ikkje fornybare miljøressursar, mister ikkje kulturminna sin betydning så lenge dei vert brukt og forvalta på ein måte som tek vare på dei berande kulturhistoriske verdiane.



Ei løe som snart takkar for seg.

Klimaendringane

Klimaendringane inneber auka nedbør og høgare temperatur, noko som kan forårsake råte og dermed auka vedlikehaldsbehov og kortare levetid for trebygningar. Med meir regn følgjer ein auka risiko for flaum, jord- og flaumskred, også i områder der dette ikkje er kjent frå før. Slike akutte effektar av klimaendringane kan på kort tid gjere stor skade på den materielle kulturarven. Det er ei utfordring at vi ikkje har tilstrekkeleg faktabasert og systematisk kunnskap om korleis dei forventa klimaendringane vil påverke kulturminna.

Høgare levestandard med meir tid for opplevingar

Høg levestandard har ført til nye og endra behov. Komfortkrav er ikkje like lette å forene med kulturhistoriske verdiar i eldre bygningar. Ein generelt høg levestandard i verda fører til aukande turisme, og mange turistar ønskjer opplevingar. Autentiske og tilgjengelege kulturminne vil verte meir etterspurt også i Norge. Vestlandsfjordane og mange av dalføra og den rike kultur- og naturarven desse områda representerer opplever større etterspurnad.

Desse endringane kan bidra til å styrkje vernet. Det vil samtidig innebere at kulturminna i større grad vert iscenesett og trekt inn i kommersielle samanhengar. Ei utfordring for faste kulturminne er at dei er sårbare for slitasje som kan følgje med masseturisme. Kulturminne må handsamast varleg for å ikkje tape det unike ved seg og i særlege tilfelle forvitte og kome vekk frå landskapet dei høyrer heime i som tidsspor. Masseturisme og større endringar i landskapet er to typiske døme på kva som kan påføre kulturminne skade.

Det vil vere ei utfordrande øving for lokal myndigheit, næringsliv og brukarar generelt å greie det å balansere kommersielle interessefelt opp mot det å kunne ta omsyn til det enkelte kulturminne. Ei tilnærming basert på å ikkje sette spor etter seg der ein ferdast, vil gjere det enklare å ta vare på kulturminne. Opplevingsverdien av eit kulturminne vil naturleg nok vere høgare om det er intakt enn om det har vorte skada.

5 Korleis tek vi vare på kulturminna?

For mange har ordet «vern» ein negativ klang, og vert forbunde med avgrensingar og økonomiske forpliktingar. Nokre kulturminne krev også at samfunnet tek grep som alle ikkje er einige i. Då er det viktig å halde fast ved at kulturminna er verdier som skal forvaltast på vegne av framtidige generasjonar. Vernearbeidet gir mange mulegheiter, og det er fleire verkemiddel å velje mellom. Utfordringa er å finne dei gode løysingane for kvart kulturminne, og bruke verkemidla kreativt og tenleg.

Regjeringa sine målsettingar på kulturminnefeltet

(siterd fra nettsidene til Miljøverndepartementet):

- *bedre rammebetingelser for private eiere og fornye fredningspolitikken*
- *sørge for at staten tar ansvar for egne kulturhistoriske eiendommer*
- *legge til rette for at kulturminner og kulturmiljø kan gi grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling*
- *bidra til økt kunnskap til alle*
- *legge til rette for utvikling av offentlig forvaltning og styrke samarbeidet med de frivillige organisasjonene*
- *styrke det internasjonale samarbeidet og utviklingssamarbeidet*

Det finst meldingar og planverk på alle forvaltningsnivå for kulturminnevernet. Gjeldande statlege føringar er skissert i Stortingsmelding nr 16 «Leve med kulturminner» og Stortingsmelding nr 26 «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand».

Juridiske verkemiddel

Det er først og fremst to lover som vert brukt når ein vil ta vare på spesielt verdifulle kulturminne, nemleg Kulturminnelova og Plan- og bygningslova (PBL).

Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren og av fylkeskommunar, og sikrar vesentleg kulturminne eller –miljø av nasjonalnivå. Lova rommar automatisk freding, freding ved vedtak og midlertidig freding.

Plan- og bygningslova (PBL) styrer arealplanlegginga, som i all hovudsak vert handheva og vedteken av kommunane. PBL er kommunen sitt viktigaste verktøy til å ta vare på kulturminne og deira omgjevnader, og det skjer helst gjennom regulering omsynssone bevaring. Kulturminne som er freda etter kulturminnelova vert også tilrådd å vise med omsynssone bevaring i reguleringsplanar og arealplanar. Omsynssone kan med fordel brukast for å sikre omgjevnaden kring eit freda objekt, i nokre tilfelle også interiøret. Omfanget av kva som skal regulerast til bevaring må gjerast med bakgrunn i fagleg grunngjeving, og reguleringsplanen bør difor verta utforma i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Økonomiske verkemiddel

Freding eller vern gir i seg sjølv avgrensa beskyttelse. Det viktigaste er at eigar er positiv, og motivert til å ta vare på kulturminnet. Dette krev både kunnskap og økonomiske ressursar, og det er viktig at eigaren får tilgang til slik støtte.

Det finst ei rekkje statlege og fylkeskommunale støtteordningar som det kan søkjast på. Desse bør administrasjonen ha oversikt over slik at ein kan hjelpe søkjar med prosessen ved behov. Er kulturminne knytt til landbruket er det mogleg å søke om kommunale SMIL-midlar. Kulturminnefondet deler årleg ut midlar til viktige bevaringsprosjekt, her er det søknadsfrist ein gong i året. Ei rekkje private fond gjev også støtte til kulturminne, dei krev vanlegvis at det er knytt til eit allmennyttig føremål.

Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne, tidlegare kalla fornminne, er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova og omfattar spor etter menneskeleg verksemd fram til reformasjonen (1537). Det er mange ulike typar kulturminne, t.d. spor etter busetnad, forsvarsverk, vegfar, gravminne og ulike typar minnesmerker. Ei oppstilling er å finne i § 4 i kulturminnelova. Her heiter det m.a.: *«Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.»* Etter lova har det freda objektet også ein sikringssone på 5 meter rundt seg.

Erfaringsmessig er talet på automatisk freda kulturminne høgre enn det som er kjent, mange ligg framleis gøymt i jorda. Det viser dei mange funna som vert gjort ved utbygging, men det er også gjort mange funn i utmarka dei siste åra.

Ved faglig datering (erklæring) om at ståande byggverk stammar frå perioden 1537 – 1649, vert desse også automatisk freda etter kulturminnelova.

Kulturminne freda etter kulturminnelova

Kulturminnelova opnar opp for å frede kulturminne yngre enn 1537, så kalla vedtaksfreding. Oftast er det bygningar og anlegg som vert freda på denne måten, men det kan også vere kulturmiljø, område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Det som er verna på denne måten har oftast nasjonal verdi. I Fjord kommune finn ein fleire objekt som er freda gjennom einskildvedtak, t.d. Severinbrauta i Eidsdal, Norddal prestegard og Stordalsholmen.

Midlertidig freding kan verte vedteke som straksvedtak dersom eit kulturminne eller –miljø er trua eller utsett for fare, eller dersom ein vil evaluere kulturminnet med tanke på permanent freding.

Kulturminne regulert til bevaring etter plan og bygningslova

Medan freding etter kulturminnelova i første rekkje vert brukt for å sikre kulturminne eller –miljø som er av vesentleg nasjonal verdi, kan regulering til omsynssone bevaring etter plan- og bygningslova (PBL) verte brukt for å verna objekt og område som er verdifulle i eit lokalt og regionalt perspektiv. Gjennom PBL kan kommunen gje spesielt verdifulle kulturminne og kulturmiljø formelt vern. I Fjord kommune er dette gjort t.d. for Fundergata i Tafjord, Naustmiljøet i Norddal og Syltegata i Valldal.

Kommunen kan også gje eit betre vern til kulturminne som er freda etter kulturminnelova ved å regulere ei omsynssone rundt kulturminnet. Fjord kommune har fleire bygningar som er vedtaksfreda. I dei fleste høva er det berre bygninga som er freda, men for å ta vare på særpreget til bygninga bør ein sjå på den i lag med omgjevnaden. Kulturminneplanen føreslår at det ved regulering vert sett av ein omsynssone kring dei freda bygningane som ikkje har slik sone frå før. Endeleg avgrensing bør avklarast med fylkeskommunen og grunneigar.

Kommunen har også heimel til å gje pålegg om utbetring av eksisterande bygningar, så fram det vil gje ei vesentleg forbetring av byggverket sin funksjon – av omsyn til bevaringsverdi. Kulturminne som er verna gjennom Plan- og bygningslova har større mulegheit for å få tildelt offentlege midlar enn kulturminne som ikkje er det.

Kva for kulturminne som er vedtaksfreda, automatisk freda, eller regulert til bevaring kjem fram i samleoversikta over kulturminna i denne planen.

Kulturminne er verdier

Kulturminna omgir oss, og viser utviklinga som dannar grunnlaget for det samfunnet vi har i dag. Dei fortel ei historie i nær eller fjern fortid, og representerer difor ein verdi for samfunnet. Kulturminna er også uerstattelege verdier. Dei kan nokre gongar kopierast om dei forsvinn, men dei kan aldri erstattast. Difor er det viktig å vere bevisst på kva kulturminne som er spesielt verdifulle for Fjord kommune, slik at desse kan takast vare på for framtida.

Verdsetting kan vere vanskeleg. Riksantikvaren deler kulturminne inn i tre verdinivå: nasjonal, regional og lokal verdi. I Fjord kommune finst kulturminne som kjem inn under alle tre verdinivåa. Verdiane vert knytt til omgrep som kunnskap, oppleving, identitet, estetikk og bruk. I tillegg er andre vesentlege eigenskapar vektlagt, som alder, autentisitet, sjeldanheit og kor representativt kulturminnet er.

I samband med prioritering av tiltak for kulturminnevernet, er det viktig å vurdere grunnlaget som ligg føre. Kva vil vere «representativt»? Er det viktigast å framheve det vi har mykje av, det som er spesielt, eller det vi har lite av og som er meir sjeldan? Det viktige må vere å frå fram eit balansert bilde av kommunen og historia vår.

Stortingsmeldingar og planverk

Det finst meldingar og planverk på alle forvaltningsnivå for kulturminnevernet. Gjeldande statlege føringar er skissert i Stortingsmelding nr 16 «Leve med kulturminner» og Stortingsmelding nr 26 «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand».

Formidling og tilrettelegging

Formidling og tilrettelegging er ein føresetnad for å lykkast med kulturminnearbeidet. I løpet av planperioden er det ei viktig målsetting å motivere, lære fleire til å sjå etter, forstå og soleis oppleve nokre av kulturminna. Auka kunnskap og bevisstheit vil på sikt bidra til at fleire ser verdien av å ta vare på kulturminna.

6 Handlingsplan

Handlingsplanen er den operative delen av kulturminneplanen. Den seier kva for tiltak som skal gjennomførast dei næraste åra. Ein slik handlingsplan må vere realistisk med omsyn til framdrift og ressursbruk. Men planen må like fullt ha eit ambisjonsnivå som forpliktar både i forvaltning og formidling. Kommunen sitt ansvar er heilt sentralt både som plan- og byggesaksmyndigheit og som tilretteleggar for frivilligheita.

Skal ein få realisert dei ulike delane av handlingsplanen - og dermed unngå at dette berre blir ein plan som hamnar i ei skuff - er det avgjerande at det er vilje til å sette av naudsynte ressursar frå kommunen si side.

I tillegg til kommunale midlar, vil eksterne tilskot vere viktig. I og med at ressursane samla sett er avgrensa, vil det vere behov for ei rekkefølgjeprioritering av tiltaka år for år.

Handlingsplanen bør ha eit perspektiv på 3-4 år om gongen og rullerast regelmessig.

	Tiltak	Når	Kostnad	Finansiering	Samarbeids- partar	Kommentar
1	Foreta eit prioritert utval av lokalt viktige kulturminne som må sikrast eit vern.	2024	Ukjent	Kommunal ressurs	Møre og Romsdal fylkeskommune, historielag og lokalhistorikarar	Dette i tillegg til dei nasjonale og regionale kulturmiljøa. Skilje mellom kulturminne som må vernast i omsynssone (konkret og tematisk liste) og minne som må forvalast best mogleg på anna vis.
2	Legge inn kulturminner i Askeladden	2022-	50.000 (2022)	Del av samla avtale.	Natur- og kultur-Minnetjenester (2022)	Legge inn 20 slike i 2022, med utg.pkt i eit repr. utval. Vidareførast som ein kontinuerleg aktivitet
3	Utarbeide plan for stell av minnesmerker	2022	Ukjent	Tilskot frå M&R fylkeskom.	Fjordhagen og Møre og Romsdal fylkeskommune	Midlar frå ordninga: Skilting, skjøtsel og merking og mindre friluftstiltak.
4	Gå gjennom plandokumentet og presentere eit meir samanfatta bilde, hovudtrekk i kulturutviklinga i kommunen.	2025	Ukjent	Kommunal ressurs	Møre og Romsdal fylkeskommune	Samle det omfattande kulturhistoriske oversynet i ein del 2 av planen.
5	Gjennomgong og revisjon av rettleiar for vern og utbygging på stølsområde	2025	Ukjent	Kommunal ressurs	Ansvarleg: Plan og miljø. Samarbeids-partnarar blir grunneigar m.fl.	Mykje arbeid vart utført for nokre år sidan, Rettleiaren må denne gongen slutførast med eit politisk vedtak.

6	Kartfesting av kulturminna i kommunen	2026	Ukjent	Kommunal ressurs	Møre og Romsdal fylkeskommune, historielag og lokalhistorikarar	Omfattande arbeid der målet bør vere å ajour innan utgongen av 2024.
7	Registrering av tilstanden til bygningar i kommunalt eige, som har hatt ein særleg funksjon og/eller verdi for fellesskapet.	2027	Ukjent	Kommunal ressurs	Ansvarleg: Bygg og kommunalteknikk. Samarbeidspartnar: Møre og Romsdal fylkeskommune	Bør vere eit prioritert tiltak i planperioden.
8	Tiltak langs ferdselsvegar	2024-2026	250 000	Tilskot frå M&R fylkesk. (m.a. spelemidlar), Verdsarvstift.	Lag, org., stiftingar, M&R fylkesk., folkehelsekoordinator	Legge til rette for friluftsliv der kulturminne kan bli turmål. I dette ligg også skilting ved aktuelle kulturminne.
9	Bidra til å sikre at lokalhistorisk stoff ikkje går tapt, vha sikker lagring/arkivering (digitalisering)	2024-2026	Ukjent	Kommunal ressurs	IKA Møre og Romsdal, historielag, lokalhistorikarar	I dette kan det også ligge at ein tek sikte på å få digitalisert materiale lagra på lydband, VHS, MiniDV og andre format.
10	Bidra til ytterlegare digitalisering av stadnamn	2024-	Ukjent	Kommunal ressurs	Lokalhistorikarar stiftingar, lag og organisasjonar	Mykje bra arbeid alt utført i delar av kommunen.
11	Samle lokalhistorisk stoff og presentere på kommunen si heimeside	2024-	Ukjent	Kommunal ressurs	Lokalhistorikarar stiftingar, lag og organisasjonar	Ein del er alt på plass på sida, men behov for å supplere/systematisere.
12	Formidlingstiltak knytt til utvalte kulturminne	2028	Ukjent	Verdsarvstift., skulane m.fl.	Verdsarvstift., skulane m.fl.	Bli bevisst på kulturminna

6 Fortidsminne (fornminne)

Tidsakse

Eldre steinalder:	10000 - 4000 f. Kr
Yngre steinalder:	4000 - 1800 f. Kr
Eldre bronsealder:	1800 - 1000 f. Kr
Yngre bronsealder:	1000 - 500 f. Kr
Eldre jernalder:	500 f. Kr - 570 (Folkevandringstid 400-570)
Yngre jernalder:	500 - 1000 (Vikingtid 800-1050)
Tidlig middelalder:	1050 - 1150
Høgmiddelalder:	1150 - 1350
Seinmiddelalder:	1350 - 1537
Nyare tid:	Tida etter reformasjonen fram til i dag

Kulturminner frå før reformasjonen i 1537 er automatisk freda. Slike fornminne ligg ofte skjult i terrenget. Det er difor spesielt viktig å legge til rette for informasjon og tilgjenge på utvalde stader.

Sommaren 2014 vart det gjort spennande funn frå steinalderen på Fetegga i Tafjord. Eldste buplass i høgfjellet på Nordvestlandet er registrert i Langfjelldalen. Dette kan føre til at delar av historia må omskrivast. Her er det funne over 10.000 år gamle pilspissar av flint. Pilspissane er spor etter dei første nordmennene. Frå steinalderen og fram til i dag finst uendeleg mange spor etter menneske som har budd og bur i Fjord kommune. Hustuffer, gravrøyser, stølar, driftsbygningar, bruer og bustader er nokre døme på slike spor - eller kulturminne som det heiter på fagspråket.



Det fins ei rad fornminne i alle bygdene i kommunen. Desse vart første gong registrert av Per Fett på 1950-talet. Eit verk beståande av 15 hefter som inneheld alle prestegjeld på Sunnmøre er gjeve ut. Biblioteket i Stordal har kopi av det som gjeld Stordal sokn. Elles fins det oversikt i [Askeladden](#) og/eller i [Kulturminnesøk](#). (Askeladden er eit verktøy for forvaltninga, konsulentar, forskarar og studentar, medan andre med interesse for kulturminne kan nytt Kulturminnesøk)

6.1 Fangstanlegg i fjella

Kulturminne frå gammal reinsdyrfangst i høgfjellet

Høgfjellet ber på gamle kulturminne som på grunn av klima og avstand frå ferdsel og folketrakk har blitt bevarte gjennom fleire tusen år. Reinheimen som Nasjonalpark har store område i Fjord kommune med svært mange arkeologiske funn knytt til reinsdyrveiding.

Overnattingsplassar i fjellet

Ferdsla i fjellet har sett mange spor. Stiane er merka med vardar som har ein ubestemmeleg alder fordi dei er blitt nytta opp til vår tid, og stadig blitt vølte. Det same gjeld for

overnattingsstadene. Vi finn eit stort tal av buplassar eller "herbør"; frå primitive holrom under ein stein, til store hellarar med fleire rom eller oppbygde steinbuer.

Hans Strøm (1762):" paa øde fiede, hvor jægerne med stor besværighed maa vanke hist og her omkring og i mangel af kroer eller vertshuse søge natte-leie i visse af dem saa kaldte herberge, det er naturlige huler under store stene eller bierg-hammere ...” Herbøra er blitt registrerte og så langt er det funne att om lag 100 slike enkle ly i fjellheimen.

Dyregraver

Det var lenge meint at det var svært få dyregraver her i Vestfjella. I Langfjelldalen, ved Vermevatn og Alnesreset har dei lenge vore kjende, også dei velbevarte fangstanlegga i Slettflybotnen og ved Kulevatnet. Dei er også funne ved Litlejordhornet, Djupdalen, Veltdalen og Via. Nye funn er to fangstgraver på Oaldsegga 1500 moh.

I alt er det registrert 40 dyregraver i Vestfjella. Alderen er usikker, dei fleste synest å vere så godt bevarte at dei neppe kan vere svært gamle.

Bogestillingar

Fjella dannar ei overgangssone for reinsjakt, der dyregraver minkar og ei ny fangstform overtar: bogestillingane. Her er den gamle fangstmåten dominert av skytestillingar for pil og boge, *bogestillingane*, lokalt kalla *søter*. Dei ligg høgt til fjells.

Øystein Mølmen var truleg den første som såg desse oppmuringane og samtidig forstod at dette utgjorde ei sjølvstendig fangstform.



Foto: Astor Furseth - Ved Trollkyrkja mot Neskopptindane.

Registreringane til Mølmen var starten på avdekkinga av ein omfattande fangstkultur i høg fjellet. Bresmeltinga i vår tid har avdekka område som har lege under breen i uminnelege tider.

Det er til no funne over 900 bogestøer, mange på smale eggjar opp til 1800 moh. Dei største anlegga finst på Ringshornet, Krynkelen, Fetegga, Oaldsegga, Litlejordhornet, Såtehornet og Dyrtdalen. Bogestillingane er gjerne hestekoforma med radius på 1,3 meter og 0,5-0,9 meter djupe. På fleire lokalitetar, som på Litlejordhornet (med 120 bogestillingar) og Litlhornet, er det lange leiemurar som fleire arkeologar i seinare tid meiner er blitt nytta til å leie reinsdyra inn mot desse bogestøene. Ein av desse er om lag 300 meter lang og strekker seg opp til topplatået av fjellet. Her kan ein og nemne fangstanlegga som ligg på Hegguraksla og vest for Mefjellet i fjellområde ved Fjørå. Også dei er datert tilbake til steinalder.

Kjøtlager

Nokre stader er det funne kjøtlager, steinmurar, holer med store heller over. Det er til no registrert ca. 10 slike. Ein kan her nemne kjøtlageret i Kulekoppen som er bygd av ei stor steinhelle. Plasseringa av kjøtlageret ligg rett ved fire registrerte reinsdyrgraver. Det var eit storverk, og eit sinnrikt arbeid det å veide dyr i høgjellet i gamal tid. Veidarane måtte ha fleire ulike bruksfunksjonar knytt til sjølve fangsten og til ivaretakinga av slakta etter at ein hadde sikra seg dyra.

Gjenstandsfunn

Gjenstandsfunna i høgjellet var lenge få, men frå 2011-2014 vart vi brått mykje rikare også når det kjem til dette. Arkeolog Trond E. Linge oppdaga ein buplass ved stien i Langfjelldalen, og i 2012 vart området granska. Det vart funne nesten 1 000 objekt, mest av flint og bergkrystall, blant anna ca. 11 000 år gamle pilspissar. Med kol frå ein eldstad kunne C-14 datering stadfeste at buplassen er 10 - 11 000 år gammal, og prov på at steinalderjegerar var her. Hausten 2013 vart det gjort eit eksepsjonelt funn på Fetegga av Hole/Furseth/Valdal. Der vart det registrert eit fangstfelt på 38 bogestillingar, 1 500 moh, og då fekk vi endeleg svar på kor gamle desse bogestillingane er. Funn av kvartsittavslag på to lokalisasjonar i og ved bogestillingar er daterte til å vere minst 5 000 år gamle. Det var arkeologisk utgraving/undersøking her i 2014, og arbeidet vil halde fram. Dette vert truleg eit gjennombrudd for datering av bogestillingsanlegg i høgfjell.

Arkeologiske funn som kan inngå i forteljinga om oldtidas dyreveiding i Stordalsfjella er det og ei arkeologisk dokumentert historie kring. Dyr dalen er eit dalføre som går nordaustover frå Puskenstølen. Dette området ligg langt vest, og truleg har villreinen trekt heilt utover i fjellområda innanfor Stranda kommune. Nede i Dyr dalen, rett vest for høgste punktet på Fokhaugtinden, fann Astor Furseth fleire kulturminne i 2011. Her er det registrert fem bogestillingar, ein steinmur og noko han tolka som anten buplass eller bogestilling. Skyteretninga på dei fem bogestillingane er hovudsakeleg sørover. I fjellskaret mellom Inste Muldalsegga og Trollkyrkja har informant Eystein Hjelm og Anders Åsebø funne ein gravhaug med ei stor trekanta steinhelle, endereist midt i steingrava.

Ein spesiell stad i fjella sine grenseområde har vore særleg mytisk sett i høve til tilgjengeleg faktakunnskap. Her har det ikkje eksistert noko eintydig svar på bruksområde og funksjon. Trollkyrkjegarden er difor ein stad det har herska ulike teoriar om opphavsbruken til. Ei sannsynleg forklaring på denne myteomspunne og segnomspunne staden langt inn på fjellet, er at det kan ha vore ein møtestad der bygdefolk frå ulike krinsar kring fjella møttest. Det er mogleg at det kan ha vore ei form for seterdrift av svært gamal type på Trollkyrkjegarden. I nabokommunen Rauma er det påvist seterdrift som er arkeologisk datert heilt attende til bronsealderen. Trollkyrkjegarden har og moglegvis hatt ein funksjon som ein fast møte- og kvilestad i fjellet. Det kan ha vore ein naturleg stad å kvile på veg til eller frå den eldre marknadsplassen på Devold i Romsdalen. Seinare års arkeologiske undersøkingar fortel oss at dei no heilt overgrodde vollane som kan ha hatt funksjon som ei hegn har høgt innhald av stein. Det kan tyde på eldre struktur i høve ei større hegn for dyr. Det har mest sannsynleg vore både eit indre og eit ytre gjerde innanfor den inngjerda hegna. Vegetasjonen som må ha vore der i eldre tid peikar mot godt grasbeite på staden. Både bygdeboka for tidlegare Stordal kommune («Farne tider») og bygdeboka for Tresfjord, har interessant tradisjonsstoff som omhandlar denne spesielle staden langt inn i fjella. Torvgarden som omkransar staden er tydeleg eit bygd menneskeverk. Fleire meiner at det kan ha vore ein stad for ofring og

kultus i norrøn- og heidensk tid. «Tresfjordboka» er av den formeining at staden har hatt ein slik kultstatus eller vore ein ofringsstad i rett gamal tid. Begge bygdebøkene syner til at ein hadde samrøde mellom naboar der oppe på fjellet. Mange av dei eldre teoriane kring denne rett så mytiske staden vil seinare undersøkingar kunne avkrefte, men segner og teoriar om Trollkyrkjegarden treng ikkje vere utan historisk relevans. Truleg har staden hatt ein fleirbruksfunksjon. Det er også fleire personar som uavhengig av kvarandre har vore inne på tanken om at det her kan ha vore ein samlingsstad også for samisk kultur.

6.2 Jakt, rovdyr og pelsdyrfangst

Veiding av dyr og fangst av pelsdyr må og reknast inn som ein sentral del av levemåten og levekåra for ein bonde i eldre tidsrom. Spesielt må jakt og fangst ha spelt ei viktig rolle på fjellgardar og strandsitjarbruka der det var fangstterreng og viltbestandar til å kunne drive på med dette som ei attåttnæring. Det var nok og slik at dei beste fangstfolka kunne tene meir somme år på jakt og fangst enn kva ein middels gard kasta av seg. Men slike inntektskjelder var heile vegen meir ustabile, sidan viltbestandar etter naturens syklusar vil variere etter naturgitte tilhøve ein ikkje kan styre. På tungdrivne fjellgardar, som t.d. Korsedal, på strandsitjargarden Ytste Skotet, eller framme ved Fokhaugane for den del, er det liten tvil om at jakt og fiske har vore ei viktig attåttnæring. Tilgjengeleg hausting og sanking frå dei nærliggjande naturområda, var truleg viktig for alle gardar i Fjord kommune.

Det var tidlegare fem bjørne- og ulveskallar som var spikra opp på eit stabbur på Framigarden på Jøsvoll i Stordal. Det vart og lagt ut snare for å fange bjørn av tjukkaste bergfesta vaier på stiar dei forventa at han skulle ha den faste ferda si. Både på Jøsvoll og på Talberg i Stordal, er det vidare kjent at ein mellom anna fekk skote minst ein bjørn ved hjelp av sjølvskott i det ein gjerne kalla for ei «bjørnagildre». Sjølvskottet på bjørn som vart brukt på Talberg er i dag teke vare på hjå Naturhistorisk Museum i Sykkylven. Eit sjølvskott var tre eller fire avkappa og utrangerte børsepiper som låg plassert i ei trekasse. Ein tjukk stålstreng var festa frå avtrekkarane på desse avkappa børsene og bort til eit åte som bjørnen lukta seg fram til. Ofte nytta bjørneveidaren ein sjølvdaud hest eller kalv. Avtrekkar var festa til ei enkel mekanisme via ein trekloss på den bakre endeveggen av kassa som børsepipene låg vassrett nedi. Når bjørnen drog i slaktet eller kom borti strengen som var festa til avtrekkarane via treklossen gjekk skota frå gilderet av. Nokre gonger døydde bjørnen der og då, men ofte vart han skamskoten og farleg å ha rekande rundt i utmarka. Det var lovpålagt at den som hadde lagt ut sjølvskot og gilder måtte kunngjere på kyrkjebakken på ein preikesøndag kvar sjølvskotet var utplassert. Dette sjølvsagt fordi folk kunne bli drepne om dei kom borti gilderet. Det var som nemnt forbunde med stor fare å ha ein skamskoten og rasande bjørn i utmarka. Den einaste grunnen til at ein tok i bruk slike farlege metodar på eit så stort rovdyr som ein bjørn var all den skaden den påførte husdyra. Bjørnen la seg støtt etter dyrebare husdyr som gjekk på fjellbeite eller på sætra sin hamnegang. I mange tilfelle tok den kyr og sau på sætra og vart også opplevd som farleg for budeia som hadde tilhald der. I ei materielt fattig tid med lite pengar i omlaup var og skotpremie - samt andre inntekter ein bygdejeger kunne oppnå av å ha felt bjørn - ein sterk motivasjon til å halde på med ei slik farleg veiding. Det å ha felt bjørn eller andre rovdyr, bidrog naturleg nok også til godt ry og omdøme. I Fjord kommune var det – som for andre stadar på Nordvestlandet - ein stor bestand av bjørn, fram til utryddinga av desse dyra fekk synleg effekt. Men det varierte tidsmessig kva tid dei større rovdyra forsvann frå skogar og fjell i fylket vårt. I dei indre

områda på Sunnmøre hadde ein store rovdyrbestandar generelt heilt fram til til tidleg på 1900 talet.

Bjonnsteinen er ein storvoren stein som i all tid har vore nytta som eit lokalgeografisk haldepunkt og stadnamn. Denne steinen finn ein i terrenget kring 7 kilometer - rekna i luftline - frå Herdalssetra. Namnet kan kome av att steinen vart redninga for bærplukkarar som hadde bjørn i hælane.

Bjønnergrovrabben nært Innsetsetra har og eit bjørnenamn ved seg, som fortel ettertida om sannsynleg møte mellom folk og rovdyr i eldre tid. Her var det ei setertaus som skal ha vore jaga av bjørn.

Revefangsten - med sal av reveskinn - var nok ei langt tryggare og sikrare attåttnæring. Både Stordal og Valldal, samt fjellområda i Norddal, har lange tradisjonar for revefangst med dei kalla tramp og slagfeller. I eldre tid fanga ein og større mengder med rype i fjella ved hjelp av snarefangst i snørike vintrar.

Den kulturhistoriske fangsten har i dei siste femti åra vorte erstatta av ei meir fritidsretta jakt. Den store hendinga for jaktinteresserte, kvar haust, er jakta på hjort og reinsdyr. Nokre jaktar også småvilt som rype og hare, men den tradisjonelle fangsten og jaktinga der dette utgjorde ei viktig attåttnæring - som ein del av levegrunnlaget - er ikkje noko tema lengre. Det er likevel på sin plass å nemne at tidlegare Norddal og Stordal, var dei einaste kommunane der det var tillatt med snarefangst på ettervinteren. (ref lokalhistorikar Eystein Hjelme)

Den meir moderne storviltjakta som er langt meir regulert og krev samarbeid mellom jegerar og grunneigarar via inndeling i storvald pregar dagens matnyttige jakt. Fram til året 1899 var all jakt fri innanfor allmenning der ein budde, men med ny lovgiving dette året vart jaktrettane privatisert. I dag har somme grunneigarar inntekter av å leige vekk hjortejakt på eigen eigedom. I nokre tilfelle inngår eit slikt tilbod i eit overnattings- og serveringstilbod. Nokre aktørar leiger også ut jakt og fiske og kanskje også med tilbod om overnatting.

Fleirtalet av grunneigarane som tilbydarar har ei ordning der ein anten skyt hjorten sjølv, eller sett vekk jakta der ein delar dyret i to partar mellom grunneigar og jeger. Reinsdyrjakta er organisert på ein annan måte enn hjortejakta og har ikkje den same næringsmulegheita lokalt. Her er det sjølv sagt også geografiske forskjellar innan kommunen, alt avhengig av kvar ein er lokalisert i høve til Reinheimen. For mange er truleg jakta på reinsdyr det gjevaste.

6.3 Andre automatisk freda kulturminne

Fjord kommune har store førekomstar av automatisk freda kulturminne og mange av desse er registrert i Riksantikvaren sin database [Askeladden](#). Fleire er også å finne på [Kulturminnesøk](#). (Askeladden er eit verktøy for forvaltninga, konsulentar, forskarar og studentar, medan andre med interesse for kulturminne kan nytt Kulturminnesøk)

Ei oversikt over dei automatisk freda kulturminna som er registrerte i Fjord kommune finst som vedlegg til planen. Generelt finn ein det store fleirtalet av kulturminna i Fjord kommune kring elvedalane der folk busette seg med ei vidgreina jordbruks- og utmarksdrift. I ein kommune som Fjord - med lange tradisjonar for turisme og utferdstader for turistar - vil ein

og finne ein god del kulturminne kring dei meir tilgjengelege og populære utfærdsstadene langs «turistvegen».

Lokalbefolkninga sitt friluftsliv omfattar og område der det vil vere mange kulturminne. Dette gjeld mellom anna i kulturlandskapa og sæterlandskapa ein har så mange av. Ei stadig aukande interesse for friluftsliv har mange positive ringverknadar og kan bidra til auka lokalt engasjement, men det kan og vere ei utfordring for kulturminna som enkeltobjekt og som delar av eit kulturmiljø. Ein må difor vere merksam på at utfart og ikkje minst endringar i bruken av areal der kulturminne finnast, kan vere ei utfordring. Her kan det fort bli press frå fleire ulike interessegrupper med tanke på korleis ein ynskjer arealet/området skal nyttast. Hensikta med ein kulturminneplan er fleirfaldig, men heilt sentralt i eit slikt planarbeid står behovet for å auke kunnskapen om - og få betre kjennskap til - det enkelte kulturminne. Har ein som lokal planmyndigheit, utbyggjar og kulturminneforvaltar kjennskap til kulturminna i kommunen, vert det naturleg nok enklare å ta omsyn til dei. Dette vil også vere til stor nytte i høve sakshandsaminga fram mot politiske vedtak der ein t.d. skal ta avgjerdsler som omfattar areal og generelle bruksendringar i område der det vil vere kulturminne.

6.4 Øydegardane kring Storfjorden, Stordalsholmen og Dyrkorn

Ein øydegard er - som det ligg i namnet – ein gard som er lagt øyde. Ein gard som er forlatt. I samband med eldre busetting og marginal jordbruksdrift, er det fleire tidlegare gardsbruk mellom anna på Dyrkorn, som har ei historie prega av tidleg dyrking og etablering av drivverdige gardsbruk, men som i seinare tid vart funne for tungvinte å halde oppe drifta av. Liknande utvikling ser ein og for fleire andre gardar innover i Storfjorden med sine mange større og mindre forgreiningar. Vi kan m.a. trekkje fram garden Djupdalen som ligg i ein hendedal i sørleg retning frå Stordalsholmen. I ein årskalender for Storfjordens Venner skriv Asgeir Kvernberg meir om denne garden. Han skildrar livslagnaden for folket som budde på garden først på 1800 talet. Ekteparet Peder Pedersen Åkernes «Djupdals – Pe» og kona Jannike - som eigde og dreiv garden på den tida - fekk til fulle oppleve kor harde livskåra kunne vere. Dei levde på ein stad der den lokale geografien ikkje spelte på lag med folk. Plassen i seg sjølv var farlegaste utfordringa når dei hadde eit ærend og måtte ferdast i råsa med stup og bergflog rundt seg på alle kantar. På veg til kyrkja i året 1834 fall kona Jannike ned ein berghammar og vart livstrugande kvest. På veg over fjorden døydde ho i færingen. Like fullt vart familien verande. Sonen deira, Hakjell, tok seinare over garden som var kjent for å ha den vanskelegaste tilkomsten som tenkast kunne. Familien hans greidde seg der oppe på bruket trass alle utfordringane. Hakjell var kjent som ein særleg flink mann og då ikkje minst i høve til skogrøkt og båtbygging. Han skal ha bygd ein færing der oppe og fira den heilt ned til sjøkanten. Han forsterka skroget på færingen for å ikkje øydeleggje båten på veg ned hamrane, skriv Kvernberg. Djupdalen var ein gard som i lengre periodar låg øyde, men så kom det nye slekter dit for å spytte i nevane og bøye ryggen mot ein lite barmhjertig geografi. Dei siste brukarane flytta frå Djupdalen til Skråvika i 1909. Skråvika er ein liten plass om lag 2 – 300 meter innom Stordalsholmen. (Lokalhistorikaren Eystein Hjelme er i skrivande stund i gong med å skrive ein eigen artikkel om denne lite kjende staden)

På Dyrkornstranda - mellom Dyrkorn og Viset - finn ein i dag berre ruinane att av øydegarden som heiter Fjelde (Fjelle). Jon Slyngstad skriv i ein årskalender til Storfjordens

Venner at garden vart fråflytta for over to hundre år sidan. Ruinen av hustufta har inntil seinare år framleis vore godt synleg. Den siste brukaren på Fjelde veksla mellom å berge livhanken der og oppe ved Fokhaugane i Stordal. Ein kan framleis finne tufter av eit tun rett nedanfor Fokhaugstova. Han «Fokhaug - Ola» og skuldfolket hans, skal ha teke ferda vidare til Viset etter nokre år på Fjelde og til slutt kom att som bufaste oppe ved Svartløken på Ørskogfjellet. Ein må tru dette var ei stadig flytting som baserte seg på å finne eit noko betre livsutkomme. All denne flyttinga på få år skuldast nok eit fattigmannsliv og ringe kår.

«Fokhaug -Ola» skal visst ha vore ille plaga med hoggorm og dårlege krøtterstigar på Fjelde. Han sleit visst ut buskapen sin på sett og vis. Nede ved fjorden nært Ramskarneset heiter det for *Fjellstøa*. Der må det ha vore utfar og båtstø for folket oppe på Fjelde. Men båtstøa er vekke no. Jon Slyngstad nemner at plassen vart fråflytta, endeleg i 1769.

Fjord kommune har i alle bygdelaga sine, tradisjonsrike og ofte myteomspunne fjord- og fjellgardar. Gledelig vis er det slik at mange av desse vert haldne godt i hevd, noko som er av stor verdi for oss alle. Gardane er tidsvitne om eit daglegliv vi som lever i dag berre kan lese om. Men når dei vert tekne vare på formidlar dei mykje meir enn det som står på prent. Det er og gardar i drift på stader der dette ikkje lengre er sjølv sagt, og dette aktive kulturlandskapet er ei vesentleg årsak til at både innbyggjarane og våre mange besøkjande synes bygdene i kommunen vår er så vakre som dei er.

Dei tre bruka på garden Skotet (Ytste-Skotet, Me-Skotet og Inste-Skotet), Skotshals, Vidhammer, Skjortnes, samt Korsedal, er også å rekne inn i ein slik samanheng. Dei har framleis bruksverdi for eigarar og brukarar. Korsedal mellom anna til jakt. Dei fråflytta bruka er populære turmål, og mange av eigarane gjer ein imponerende innsats for å halde dei ved like. Det imponerende arbeidet i regi av Storfjordens Venner er her i ei særklasse og vi kan m.a. også nemne at Ålesund Jeger- og sportsfiskerforening har motteke kulturpris for sitt arbeid med å halde Korsedal i hevd.

Når det gjeld myteomspunne segnmateriale knytt til tungdrivne gardar, kjem ein ikkje forbi dei einsame bruka som låg langt til fjells i grenseområda i fjellheimen. Både garden Fokhaug, der ho «Fokhaug-Kirsti», etter tradisjonen, held til tidleg på 1700-talet og tidlegare tids busetjing ved Pusken på Langsætrane, er to andre døme på eldre tids bureising i fjella. Mytologien kring livet deira kan skape mang ei interessant kulturhistorisk soge.

Arne Nydal frå Norddal, har lagt ned eit imponerende lokalhistorisk arbeid og han har m.a. fått innhenta og presentert mykje om øydegarden Botnen. «Botnagarden er ein gammal gard, husmannsplass, som høyrde til garden Engeset, som er ein middelaldergard. I 1694 vart Engeset prestegard. Tidlegare måtte all utmark nyttast til slått, beite og vedhogst for å overleve. Difor vart Botnen nytta av hovudgarden, og busett av plassefolk og paktarar. I 1896 vart Botnen kjøpt på auksjon for 902 kroner av Karl Elias Nygaard, og vart sjølvveige bruk (nr. 3) under Engeseth gard. Botnen ligg 300 moh, er litt solmørk, men her vart det dyrka det som trongst på ein gard. Garden var då komplett med fleire bygningar som stovehus, løe, kvernhus og smie. Berre hovuddelen av bustadhuset står no att. Det var likevel strevsamt å bu her, og i 1906 flytte Karl Elias og kona Malene (Ytterdal) med sin 7 born, saman med kårfolket, frå garden. Sidan har Botnen hatt fleire eigarar og vore driven som gardsdrift frå bygda. Men i mange tiår har garden vore det ein kalle ein øydegard.»

Korsnes er ein fiellgard som ligg på sørsida og omlag midt inne i Tafjorden. Noko lenger ute kjem Kastet, Osvik og Kvennhusnes som alle er øydegardar. Fram mot midten av 1900-talet budde der kring 40 menneske på desse gardane. Det var ei gangerås mellom kvar gard. Skuleborna vart rodde over fjorden til Fjørå for kvar skuletur. Om vinteren kunne det hende at fjorden fraus, og da gjekk dei saman og drog båten over isen på ein kjelke (Larsen 1977).

Gudmund Relling, ein av fleire som har kome med innspel, fortel også om hustufter på Bøen i Norddal. Der var det 2-3 gardsbruk på 1500-talet.

Også når det gjeld øydegardar – sjølv også der dei siste restane er borte no – bør det vere eit mål for det vidare arbeidet å få laga til ei samleoversikt over desse.

7 Bygningar og bygningsmiljø

7.1 Freda bygningar m.m.

Fjord kommune har fleire freda bygningar:

- ✓ Relling i Norddal. gbnr. 53/1. Stabbur
- ✓ Relling i Norddal. gbnr. 53/1. Våningshus
- ✓ Norddal prestegard. gbnr. 52/1. Bustadhus
- ✓ Norddal prestegard. gbnr. 52/1. Borgstove / paktarbustad
- ✓ Norddal prestegard. gbnr. 52/1. Stabbur
- ✓ Bjørstad i Valldal. gbnr. 25/2. Stabbur (frå 1596, flytta til Gjerde)
- ✓ Gamleselet på Øvstestølen i Valldal.
- ✓ Severinbrauta i Eidsdal. gbnr. 60/3 og 4. Husmannsplass
- ✓ Holtstua (står på Romsdalsmuseet og vert vedlikehaldt musealt), men kjem opprinneleg frå Holt i Stordal. Nemnes her som ei bygning med opphøveleg lokal forankring.
- ✓ Løsetstova (ved Stordal bygdetun)
- ✓ Kyrkjestaden ved Stordal bygdetun er frå mellomalderen og automatisk freda.
- ✓ Stordalsholmen (bebudd sidan første del av 1600-talet)

Nokre døme på viktige bygningar og bygningsmessig prega kulturmiljø:

- ✓ Karneleshuset på Vinje i Stordal. Eigar har motteke midlar frå fylkeskommunen til ivaretaking av bygninga. (tilskott i 2020) Har også motteke kulturpris for arbeidet.
- ✓ Rosekyrkja (ved Stordal bygdetun). Listeført nasjonalt.
- ✓ Stabbur frå Busengdal (ved Stordal bygdetun). Ingen definert vernestatus.
- ✓ Prestestova (ved Stordal bygdetun). Listeført regionalt.
- ✓ Gardane Vidhammer, Korsedal og Skjortnes på bortsida av Storfjorden i Stordal. Restaureringsarbeid på garden Korsedal utløyste som nemnt kulturpris. Særprega historie om allsidig haustingsbasert gardsdrift historisk. Interessante gardar i høve kjent alder og gardane har ein særprega plass i høve til lokalgeografien.
- ✓ Dei tre bruka på Skotet, ikkje minst Ytste Skotet med busetting heilt sidan vikingtida.

- ✓ Stordalsholmen må sjåast på som eit heilt spesielt kulturmiljø samla sett både når det gjeld bygningar, kulturhistorisk bruk og busetting langs fjorden. Ikkje minst av stor verdi i høve næringssgoga. Det kan dokumenterast at der budde folk så tidleg som første del av 1600-talet, og der har vore fast busetting fram til våre dagar.
- ✓ Nesplassen (husmannsplass under garden Hove) og garden Stavnes, lokalisert mellom Stordal og Dyrkorn, er begge det ein kan omtale som kulturhistorisk interessante.
- ✓ Verneverdig bygning på Holtleite i Stordal.
- ✓ Øydegarden Botnen i Norddal. Einaste tradisjonelle gjenverande utmarksgard i sitt slag i regionen. Det er utarbeidd restaureringsplan for Botnahuset. Tilstandsrapport utarbeidd i 2019. Fylkesantikvar ønskjer restaurering. Høg formidlingsverdi.
- ✓ Øydegarden Djupdalen, som tidlegare fjord og fjellgard i nærområde til Stordalsholmen. Garden er fullrestaurert av eigar og Storfjordens Venner.
- ✓ Smia i Nerigarden på Veiberg er tidfesta til tidleg 1700-tal. og har klart høg verdi som kulturminne ut frå den svært høge alderen. Bygningen er i tillegg ein del av eit heilskapsleg kulturmiljø med stort formidlingspotensiale. Formidlingsverdien av Nerigarden er styrkt gjennom naboskapet til den freda Severinbrauta. Tilskot 2022.
- ✓ Torestova i Eidsdal sentrum. Antikvarisk restaureringsarbeid starta opp i regi av eigarane siste åra. Bygninga har ei rik brukshistorie. Høg formidlingsverdi som etablert historisk kultursenter. Verna i reguleringsplan.
- ✓ Naustrekkje på sju antikvarisk sjeldnare naust i Eidsdal sentrum. Tilskot frå Fylkesantikvar i 2020 og 2022. Høg referanseverdi som intakt eldre naustmiljø kring Storfjorden. Fylkeskommunen vurderer naustrekkja i Eidsdal til å ha regional verdi som kulturmiljø slik at desse bygningane med vor/støer bør takast inn ved rullering av den regionale kulturminneplanen. Det lafta Anderssnaustet er truleg det eldste naustet i rekkja og er eit av to naust med eit preg frå 16-1700- talet. Forfallet har kome langt, og det er prekære behov for tiltak.
- ✓ Naustrekkje frå mellomkrigstida i Fjørå.
- ✓ Vidareføring av sikring av kulturhistorisk naustmiljø ved Norddal kyrkje og på Relling i Norddal.
- ✓ Klyngetun i Stordal. Framgarden på Jøsvoll, med si fullrestaurerte tunbygning i 2006. Eigar har fått pris frå Fortidsminneforeningen. På Øvrebust, Hove og Vinje var det også historisk sett slike klyngetun. Klyngetun representerar eldre gardsstruktur med teigblanding og gardshusa i eit større tunområde eigd av fleire gardbrukarar.
- ✓ Gardstuna Vindsnes og Brattli i Fjørå.
- ✓ Restaureringsarbeidet for å rekonstruere ulike brukshus ved Stavåa i Stordal har fått kulturminnepris. Her var Jon Holt i lag med andre grunneigarar ei drivkraft og Per Kjell Holtleite (m.a. også æresmedlem av Storfjordens Venner) sentral i høve gjenreisninga av Stampå.
- ✓ Fundergata i Tafjord med sitt heilt spesielle gatemiljø, med kyrkjebuder, stover og ein skule. Det einaste i sitt slag som er att på våre dagar.
- ✓ Ishuset ved Stordalsholmen. Bygning mura opp av steinblokker nytta til å kjøle ned fisk.
- ✓ Eldre skulebygg som delar av kringliggande kulturmiljø fleire stadar. T.d. ved Hagardshaugen på Løset i Stordal og nemnte Fundergata ovanfor.

Generelt finn ein fleire verneverdige bygningar (langt fleire enn dei trekt fram her) innan tradisjonell bygningskultur, enn kva mange andre mindre kommunar har. Dette er ein stor

ressurs både for lokalsamfunna, næringslivet, eigarane og kulturminnemyndigheitene. Det er samstundes ei økonomisk og ei generell ressurskrevjande utfordring å skulle makte å halde alle desse i hevd. Fleire kategoriar av kulturminne har over tid komme vekk frå bygdelaga. Det er situasjonen i alle kommunar. Mellom anna har endra bruksbehov av areal og manglande restaurering ført til at ein i dag mest ikkje har eldre naust med sine tidlegare bruksfunksjonar ståande att i Stordal. Ein har og mista dei historisk interessante hestestallane som hadde ein bruksfunksjon opp mot eldre tids kyrkjeferd. Dei vart rivne i tida 1970 - 72.

På Sylte i Valldal hadde ein fram til året 1956 ei lang rekkje med eldre kyrkjebuder. Lokalt vart dei berre kalla «Budabyen». Mange av budene hadde to rom: Eitt til stall/avtrede og eit større rom til kvile, mat og omkledding før kyrkjegong. Dette vart òg nytta til lagerrom for varer frå gardane "fram i dala" som vart køyrde ned til Sylte på vinterføre, og desse skulle vere med jektene til Trondheim/Bergen for sal, når våren kom.

Kyrkjebuda vart og nytta for dei som kom kyrkjevegen på fjorden og då før og etter båtferdselen. Budene stod langt frå sjøen og hadde slik sett heller ikkje funksjon som eit naust. Alle kyrkjebudene vart fjerna i 1957. I Valldal er det i dag berre ei kyrkjebud att, den står i dag på Omenåssætra. Ved Sunnmøre Museum står 4 av kyrkjebudene frå Sylte og desse er nyleg blitt reparerte. Eldre fotografi syner fram eit unikt kulturmiljø som forsvann.



Kyrkjebudene på Sylte (Foto: Johan B. Sætre 1934)

I Rødal (Tafjord) finn ein murar etter plassen Sæterbakken, som vart nytta ein periode på slutten av 1800-talet. Første brukar var Karlous Hellebostad frå Sunnylvn (f. 1818-1862) og Else Marta Øyen. Truleg frå 1847, då dei vart gifte. Staden ligg ved vegen på Sæterbakken i Rødalen, og tilhøyrer garden Øyna, gnr. 39. Her var frå gammalt av ein ridedsti, seinare

kjerreveg, frå Onilasvatnet gjennom Rødalen, på nordsida av dalen. Dette var einaste vegen til Nedste og Øvste Rødal. Nyvegen som TK bygde var ferdig i 1962-64, på andre dalsida.

Eit anna døme på minne frå farne tider, er Gunnjaplassen (Gunnarplassen). Denne ligg 50 meter oppe frå fjorden og vest for Kvennhuselva. Han ligg under Kvennhusneset. Plassen vart brukt frå 1890, og fråflytta om lag 1905. Det var Gunnar O. Osvik som budde på Gunnjaplassen, med familien sin, før dei flytte med stovehuset til Apalset. Der står murane att av m.a. ei gammal røykstove.

I Fjørå finn ein restane av det sokalla Lærarhuset. Familien Ingvald Osvik miste huset i Tafjordulukka. Murane står att i dag (med gjerde rundt området) på markene rett innafor tunet til Nerhus i Fjørå. Dette huset vart bygd på tomte til Per-Eljasstova, i 1927 – men vart teke av flodbølgjene i Tafjordulykkka 7.4. 1934.

Dei følgjande er allment tilgjengelege, og vert ivaretekne av stiftingar:

Severinbrauta i Eidsdal

Severinbrauta er eit svært godt bevart døme på ein husmannsplass frå 1870-talet. Anlegget vart freda av Riksantikvaren i 2013. Husmannsplassen med bygningar, hage, slåtteng og inventar har høg nasjonal verdi. Det er ikkje mange slike husmannsanlegg som er bevart i Norge. Ei stifting eig Severinbrauta, og det er viktig å få på plass nok ressursar til at ein kan halde fram med å ivareta og gjere anlegget tilgjengeleg for allmenta.



Severinbrauta i Eidsdal

Prestegarden i Norddal

Prestegarden med si rike historie og mange intakte bygningar er ein viktig del av kulturhistoria. I over 300 år har her vore prestegard og bustad for ei lang rekke prestefamiliar. Det eldste huset på garden er paktarhuset (eller borgstova). Riksantikvaren meiner at huset var sett opp kring 1700, kanskje alt på 1600-talet. Huset hadde ei påbygging mot aust som var "bispekammer og kledeskammer". Denne delen vart flytta og oppsett som ungdomshus nede i bygda. Stabburet er flytta frå Sylte og kan også vere bygd på 1600-talet. Paktarstova,

stabburet og hovudhuset vart freda i 1991. Stiftinga Paktarstova eig og driftar tunet og lokalhistorikar Arne Nydal har innhenta og presentert mykje av historikken.



Prestegarden i Norddal (foto: Arne Nydal)

7.2 Offentleg, halvoffentleg og privat kulturvernarbeid i Fjord kommune

Storfjordens Venner utfører - som tidlegare trekt fram - eit omfattande kulturvernarbeid på fjord- og fjellgardane i fleire kommunar langs Storfjorden. I tillegg er stiftinga også inne som eigar når det gjeld garden Ytste Skotet. Foreininga driv i tillegg på med fleire andre formar for kulturhistorisk formidling og arrangerer regemessig eigne stemner.

«Storfjordens Venner vart stifta 12. juli i 1975, og arbeider for å verna om kulturminne og levande tradisjon. Interesseområdet for foreininga er dei nedlagde fjord- og fjellgardane kring Storfjorden på Sunnmøre med fjordarmene Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. På fråflytte fjord- og fjellgardar ved Storfjorden gjenreiser og restaurerer Storfjordens Venner bygningar finansiert ved eigne midlar, dugnad, offentlege og private tilskot. Mange eigarar får tilskot til restaurering og transport. Storfjordens Venner har og delteke i rydding og vedlikehald av råser, stell av kulturlandskap m.m.» (frå heimesida)

Stiftinga Musea på Sunnmøre hadde i mange år eit pedagogisk formidlingstilbod på Ytste Skotet, retta mot eit historisk basert leirskuleopphald for skuleungar.

For å skjønne kulturvern og kulturminnearbeidet i Fjord kommune må ein rekne inn institusjonar av denne typen, i lag med ei rekkje grendelag og tematisk orienterte stiftingar. Gode dømer på dette er Notnauset i Norddal og Linge Grendelag. Sogelag rundt om i bygdene utrettar også mykje verdifullt og viktig arbeid. Det vert t.d. også jobba aktivt for å

skape ny næringsverksemd i Fundergata i Tafjord basert på kulturhistoriske prinsipp. Ikkje minst den innsatsen einskildpersonar legg ned, anten det no er i høve til å sikre at kulturminne ikkje går tapt - i form av restaurering - eller innhentar informasjon og får denne formidla og ivareteken. Mange lag og aktørar i kommunen vår kunne ha vore nemnt og kanskje også trekt fram særskilt, men dette er uansett nokre døme for å synleggjere noko av den tematiske spennvidde innanfor kulturminnearbeid og sikring av kulturminne vi finn i kommunen. Dei fortener i alle høve og uansett mykje ros, alle som ein!

Det offentlege kulturminnevernet som støttar opp om det halvoffentlege og det reint private arbeidet for å sikre kulturarv i Fjord kommune vert tydelege lagspelarar i å sikre kulturarva. Desse organisasjonane og tiltaka i rein privat regi, vert heilt eller delvis finansiert av tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Norges Kulturvernforbund og/eller ymse stiftingar og legat. I tillegg kjem det inn ein viss andel gjennom kommunale løyvingar samt ordningar som t.d. SMIL-midlar. (Formålet med **SMIL** er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket) Generelt sett er det fleire tilskotsordningar til kulturvern i 2021 enn kva det var for eit par tiår sidan.

Eit døme på kulturvernarbeid gjort av grunneigar i privat regi er sikringa av det eine av dei no tre kjente overvasshjula som framleis er bevart i kommunen vår. Overvasshjulet tilhøyrande bruket Ytste Smoge, på garden Smoge (dei to andre finn ein i Sandvika og på Ytste Skotet) fekk sikringsbygg over seg før grunneigar sikra vidare restaurering. Mange kulturminne har opp gjennom åra vorte sikra av grunneigarar for eigen innsats og rekning, eller i samspel med økonomiske tilskot og prosjektmidlar frå det offentlege. Kulturminnevernet treng interesserte eigarar til verneobjekta.

Det er elles også utarbeidd ein byggeskikkrettelær for indre Storfjord-området. Dette gir eit godt grunnlag for å diskutere kva som bør takast vare på, og kva ein vil bygge vidare på. Ikkje berre restaurering, men også påbygging og ombygging krev respekt for den stilen t.d. eit hus er bygd i.

7.3 Kyrkjene

Norddal kyrkje er ei åttekanta kyrkje frå 1782. Dette var den første åttekanta kyrkja på Sunnmøre. Altertavla er frå seinmellomalderen, kring 1510-1520, og er truleg tysk. Altertavla vart restaurert av Riksantikvaren i 2018. Kostand, vel 3 millionar. Blir rekna av å vere av høg nasjonal verdi. Der er også ei smijernslysekrone som også kan vere frå mellomalderen. Preikestolen er i hollandsk stil, og truleg frå 1600-talet medan døypefonten truleg er tysk og frå kring år 1600.

I oktober 2021, vart det funne ei steinhelle attmed den eine langveggen. Hella var overgrodd. Den har ei firkanta opning nær den eine kanten. Det vert no undersøkt om dette kan vere eit gammalt alterbord.



Norddal kyrkje. Foto: Norddal sokneråd

Sylte kyrkje i Valldal, er frå 1863. Dette er ei langkyrkje med 600 sitjeplassar. Kyrkjerommet ber preg av byggjestilen i denne perioden. Innvendig finst lite av inventar som har høg alder eller stikke seg ut frå kyrkjene i denne tida. Men ein har eit sjeldant interessant kulturminne i kyrkja i form av eit alterbord i stein som har vore nytta i Døving kapell. Kan dette alterbordet stamme frå heidensk tid og ha vore nytta til bloting?

Rosekyrkja i Stordal, er frå 1789. Denne er unikt utsmykka både i ein regional- og ein nasjonal samanheng. Det er knapt nok andre kyrkjer i Norge som er så rikeleg utsmykka med rosemåling. Av kulturminneverdiar i Fjord kommune kjem Rosekyrkja høgt opp på lista over bygningar ein må ta vare på for både notid og framtid. Fortidsminneforeningen er eigar og tek vare på Rosekyrkja. I fleire omgangar har Fortidsminneforeningen i samarbeid med vernemyndigheiter innan antikvarisk bygningsvern gjort restaureringsarbeid på kyrkja. Rosekyrkja er å betrakte som eit sjeldan kyrkjebygg, med ein innvendig særskilt rosemåla dekor som trekk til seg mange turistar ein sommardag.



Denne tavla/teksten, er berre noko av alt det unike ein finn i Rosekyrkja.

Slik tilfellet er når det gjeld ivaretaking av stavkyrkjene er utfordringa vernemessig mykje av den same for Rosekyrkja. Den skal forskast på, og den har ein stor kulturhistorisk referanseverdi med høg grad av formidlingspotensiale, men den er og sårbar for tendensar i retning masseturisme og påfølgjande slitasje. Rosekyrkja er eit typisk døme på utfordringa i spennet mellom antikvarisk ivaretaking og formidling med turisme. Staden er ein populær arena for kulturell aktivitet av ulik karakter. Ein kan nemne Kyrkjehola Kulturbeite som i perioden frå 2000 - 2019, kvart sommar stod bak flotte kulturelle arrangement på staden.

Dei eldste kyrkjene og prestegardane

Det kan ha vore ei svært tidleg kyrkje som heitte Bjorkne kyrkje som låg på Ystereiten på Omenås i Valldal. Kunnskapen om denne moglege kyrkja er segnprega, men grunneigarar og arkeologar har funne fleire båtgraver og ei rik kvinnegrav som kan styrke teorien om at det kan ha vore ei kyrkje med tilhøyrande kyrkjegard der. Båtgrava med mellom anna kvinnesmykker i, er datert av Heid G. Resi (professor i arkeologi) og skal vere frå år 800 - 1000. Dokumentasjon knytt til dette, er å finne ved Bergen Museum og med Øyvind Hoel i Rasmusgarden på Omenås. Det synes vere klart at gravene vest om sagbruket er frå kristen tid, med andre ord etter 1030? Det kan ha vore ei kyrkje og ein prest i tidleg mellomalder kring år 1200 i Valldal. Aslak Bolt jordebok nemner «Sulta sokn» i 1440. Døving kapell og Døving kyrkjegard i Valldal er nemnt i skriftlege kjelder frå året 1859. Døving kapell vart rive i 1811, frakta til Sylte på snøføre og sett opp att der.

Stadnamn som Kyrkjestigen som går over mot nabobygda Fjørå med grendelaga Ytterli og Ruset i Fjørå, og det sjølvforklarande namnet Likbrauta på Uri vitnar om den tidlegare bruken med etablert ferdselsåre og då bruken av kyrkjegarden som siste kvilestad for bygdefolk. Opplysningar frå 1686 beskriv Døving kapell som eit bygg som hadde ein storleik på mellom 110 – 120 kvadratmeter. Kapellet vart rive i året 1811 og materialen vart frakta til Sylte lengre ned i dalføret. Engeset (Innsett) prestegard i Norddal, vart bygd opp og etablert som prestebustad frå året 1694. Her har ein god historisk kjennskap å ause av, for prestegarden var i bruk heilt fram til i 1999. Norddal kyrkje står første gongen nemnt som kyrkjebygg og kyrkjestad i dei Thronhjemske reformates i året 1589. *Norddalens kyrkje - Dals Kirkja, Østre Søndmøres Provsti*. Stavkyrkja vart riven når den åttekanta kyrkja kom på plass i 1782, men restar etter denne eldste kyrkja er å finne både i «nykyrkja» og andre stadar i bygda. For fleire opplysningar om denne unike kyrkja, viser ein til publikasjonar som: «De norske stavkirker» (L Dietrichson 1892), «Grunn og gror», Norddal bygdebøker bind IV. I tidlegare tider er kyrkja omtala både av Aslak Bolt si «Jordbok» (1432) og i Hans Strøm si bok si bok «Sunnmøres beskrivelse» bind II (1760).

7.4 Andre bygningar

Kvernhus

Dei fleste gardane hadde kvernhus der kverna vart driven av vasskraft. Heldigvis er fleire av desse tekne vare på og eit av dei som er godt bevart står på Berge i Eidsdal.



Kornmaling i stabburet på Berge (Foto: Egil Berge)

Ei anna, er kverna i Arnegarden på Storås (Norddal). Med sine snart 200 år, er dette truleg ei av dei aller eldste attståande kvernene.

Ved elva Stavåa på Jøsvoll - som er ei sideelv av Stordalselva - finn ein også to nesten intakte og fullrestaurerte kvernhus. Boka «Stavåa til vår felles hukommelse» av Jon Holt, fortel etterslekta og komande generasjonar om kulturhistorisk bruk av elva i ein dal med mykje årgangsvatn, og den seier oss også ein heil del om antikvarisk restaureringsarbeid. Fjord kommune sine vide og tronge dalføre byr på mykje reint fjellvatn dei sentrale vassårene transporterer frå smelting av is og vassfløde i høgfjellet og ned dalføret der det til slutt endar opp i fjorden. Desse vassdraga var ganske så avgjerande for at folk i det heile kunne leve på slike stader som t.d. i bygdesamfunna i vår kommune.

Det reine vatnet har følgd mennesket og gjeremåla våre frå den tida steinalderfolka og dei første jordbrytarane satt arden i matjorda og heilt fram til dagens moderne livsstil. Vatnet har betydd alt. Det er difor ikkje så forunderleg at ein i ein kommune som Fjord ser at mange av kulturminna og kulturmiljøa har ei brukssoge som høyrer saman med nettopp det reine vatnet. Nedslagsfeltet til elvar som Valldøla, Stordalselva og Norddalselva har eldre tids busetnad i form av gardar, plassebruk og sæterstølar som ligg sentralt plassert ved elvane. Det er og slik ein kan skjønne bakgrunnen og prioriteringane - i rett gamal tid - bak brukssoga til bygningar og bruksområda deira der attmed Stavåa.

Kvernhusa hadde ein høg bruksverdi i det eldre jordbruket. I tidsrom før ein fekk bakarar i bygdelaga - og kunne kjøpe brød på butikken - var ein heilt avhengig av å dyrke korn på heimgarden sine åkrar. Kornet ein dyrka var i hovudsak kornslaget bygg som toler vestlandet sitt klima vesentleg betre enn kva t.d. havre gjer. Kornet frå åkrane vart malt til bakemjøl på kverna i kvernhuset.


Ei gardskvern, og spesielt dei kvernhusa der ein kunne male korn regelmessig var difor særleg verdfulle brukshus med tanke på det eldre jordbruket sine behov for å vere sjølvberga og sjølvhjelpen. Ein kan sette kvernhuset inn i ein samanheng med bruken av sætra og lagring av slåttegras i ei utmarksløe. Det handla om å la gardsdrifta verte styrt av prinsippet

om innhausting av gardens og utmarkas produkt. Ein finn fleire bruksnamn i det store fleirtalet av Fjord sine grender og bygdelaga der har ei historie som omhandlar kvernhuset sine kulturhistoriske bruksområde. Eit stadnamn som *Kvennjaveien* i Norddal vitnar om det.

For heile Fjord kommune var tilgangen på reint bruksvatn heilt naudsynt for å kunne drive ein gard. Ved sideelva Stavåa som renn ut i Stordalselva, var det tidlegare fleire typar brukshus knytt til bruken av vasskraft, men utan å byggje ut med tanke på kilowattimar og kraftforsyning til lys og straum. I det før moderne gardsarbeidet vart vasskrafta den gongen nytta til mangt anna. Kring Stavåfossen har det i tidlegare tidsrom stått både kvernhus, vadmålsstampe, sagbruk, slipesteinar og meieri. Desse brukshusa som høyrer nøye saman med dynamikken i det å kunne vere sjølvberga der ein budde vart opphavelag satt opp i ulike tidsrom. Det eldste av bygga som høyrde til i dagleglivet på den før moderne garden ved elva var kvernhuset, følgd av saga. Matmjøl til bakst og skurtømmer til å vøle på garden sine bygningar måtte ein ha jamn tilgang på. I løpet av åra kom størstedelen av desse kulturminna - i form av eldre bruksminne - vekk. Kvernhuset stod att, og den tidlegaste vadmålsstampa som vart nytta til å framstille tekstilar til klede vart flytta til Norsk Folkemuseum i Oslo. Der står den no, som ein del av museet sine samlingar.

Det har og tidlegare vore ei vadmålsstampe i Norddal. Fleire stadnamn kan også knytast til denne stampa. *Stamparen* er området ved elva kor stampa stod. I ei stampe vart kledestoffet behandla ved hjelp av ein tung stokk som via vasskrafta vart nytta til å presse stoffet saman slik at det krympa seg. Ein tradisjonelt god fiskehøl i elv nede i bygda kallast framleis *Stampehølen*. *Stamparsvingjen* er og eit relasjonsnamn som høyrer saman med desse stampenamna som vitnar om bruk av vasskraft på før-industrielt vis.

Jon Holt med lokalhistorisk interesse og med bakgrunn frå Jøsvoll saman med andre grunneigarar, vernemyndigheiter og fleire kulturinteresserte frivillige sørga for at det via dugnadsinnsats vart reist fleire nye kulturhistoriske bygningar der ved Stavåfossen sitt møte med Stordalselva. Det vart bygd replikabygg av vadmålsstampa og ei grindeløe. Antikvariske prinsipp og lokalt nedarva byggjeskikk vart nøye følgd som prinsipp i arbeidet. Grindebygg er kjent heilt attende frå bronsealderen på Vestlandet. Det er sjølve grindverket som er det bærande elementet i eit slikt bygg. Ein restaurerte og dei eldre kvernhusa til Ystegarden og Framgarden. Per Kjell Holtleite har motteke fortent heider for arbeidet sitt med å restaurere desse bruksminna og som tidlegare nemnt er han også utnemnt til æresmedlem i foreininga Storfjordens Venner. Per Ivar Moe og Harald Jøsvoll var to andre sentrale personar i dette restaureringsarbeidet og rekonstruksjonen av brukshusa.



Stampa ved Stavåa. Foto: Hallgeir Hove

Ein kan og gjerne trekke fram bruken av vasshjulet som før elektrisiteten kom var sentralt for å kunne drive sagbruk og treskjemaskiner med hjelp av vatnet som drivkraft til maskineriet. Det var fleire typar av vasshjul og dei vart i ulike periodar nytta til mangt og mykje av drivverk på gardane. Vanlegast på gardane i Fjord var nok overvasshjulet. Tyngda av vatnet fekk hjulet til å gå rundt. Det vart slik skapt ein rotasjon. På begge Løsetgardane var det vasshjul som stod i sitt eige tilpassa hjulhus. Når meieria sist på 1800 talet og framover vart meir og meir vanleg nytta ein ofte vasshjulet til å drive mellom anna separatoren.

Vi finn og eit nyrestaurent vasshjul i Reindalen, i tilknytning til sager der. Meir om dette i kapittel 8.5 Sager.



Overvasshjulet tilhøyrande bruket Ytste Smoge er det eine av dei tre kjente overvasshjula som framleis er bevart i Fjord kommune. Foto: Asgeir Kvernberg

Hytte

Det står ei heilt spesiell hytte i fjellbotnen som kallast Trollkyrkjebotnen. Veggane er mura opp (lødd opp) av olivinstein / serpentinstein. All innvendig material er tilverka av lokal einer. Dette seige og gode treverket med lang varigheit i seg vart og i si heilheit nytta til taksperrer, dør og i glugge. Alderen på hytta er frå tidsperioden 1960 – 65. Eit noko yngre bygg enn mange av dei eldre bygningane i Fjord kommune, men utvilsamt ei heilt spesielt utsjåande hytte med ei særleg lokal byggjestil, der det vart vektlagt å berre bruke naturleg og slitesterk byggjematerial frå nærområdet. Bruken av einer til taksperre er heller sjeldan. Hytta har ein særprega stil med sterk samkjensle med lokal byggjeskikk og ressursgrunnlag i fjellet.



Frå Trollbotsbu i Trollkirkjebotnen. Fotograf: Eystein Hjelme

Stabbur

Stabburet var tidlegare skattkammeret på gardane der ein lagra mat, sengkle og anna. Det vart også brukt til gjesterom. Stabbura stod på fleire stolpar av tre eller stein. Opp på der låg det steinheller så uty ikkje skulle kome seg inn. Det gjaldt å halde gnagarar som rotte og mus vekk frå maten ein lagra på stabburet. Det står att fleire stabbur i kommunen. Eit av dei største stabbura står på Prestegarden i Norddal. Ein har og eit fint stabbur frå Utigard i Busengdal som i dag inngår som ein del av Stordal bygdetun.



Stabburet frå Busengdal (1600-talet) og Løsetstova (rundt 1790) er to av bygningane ved Stordal bygdetun. Foto: Hallgeir Hove

Løer

Det er mange løer i kommunen. Nokre står til forfall, medan andre er fornya eller godt bevart. I ei tid med stort skifte i landbruket er det no mange løer som blir ståande tomme, og med variert vedlikehald. Ei av dei mest særprega løene er Framgardsløa i Valldal med si spesielle låvebru. Den typiske løa for fjordbygdene på indre delar av Sunnmøre var ei grindløe som er ein svært gammal byggjeskikk på delar av Vestlandet. Ei grindløe er bygd opp på den måten at ho kort fortalt har eit bærande prinsipp. Ei utløe på Holssætra er framleis å rekne som heilt bygghistorisk identisk med ein stor grad av ein lokal byggjeskikk og med ei bruksarv av høg referanseverdi for framtida. Denne løa treng restaurering.



Framgardsløa i Valldal. Foto: Oddleiv Apneseth, frå boka "Norges Låver"

Framgardsløa vart teken i bruk i 1885. Løa er spesiell på mange måtar, både no og på den tida ho vart bygd. På den tida vart det ikkje bygd så store løer. I underetasjen er det gjødselrom, der tørr og våt gjødsel vart fråskilt. I andre etasjen er det fjøs for kyr og sau i tillegg til stall. Det spesielle i kufjøsene er mellom anna at det vart brukt avrunda store steinheller som båsskilje. Over fjøsane er det tre etasjar. Det kunne hengast høyr på troer ut under rafta når det var regnfullt under innhaustinga. Spesielt ved denne løa er den avrunda køyrebrua over ein vakker kvelving. Steinen vart henta frå urer i fjellet, mykje av den dregen ned på oksehuder. Under fjøsdelen av løa vart det brukt steinbjelkar. Desse skal ha vorte frakta frå Hol ved hjelp av hestar som drog dei på elveisen. Det er også på sin plass å nemne at Lars Petter Valldal brukte 7 år på å samle inn stein og få utført murarbeidet.

Slåtteløer og utmarksløer

I Norddal er det gjort historisk registreringsarbeid som omhandlar bruk av utløer som vart brukt til å lagre fjellgras frå utmarksslåtten. Dette graset var særskild viktig som vinterfôr på gardane. Ein hadde ikkje nok grasavlingar på heimgarden til å dekkje behovet av vinterfôr til husdyra. Heime på garden var dei små åkrane avsett til å produsere byggkorn som kunne gje bakemjøl. Ein var difor heilt avhengig av slåttegras frå skog, myrglenner og fjellområda sin grasproduksjon for å kunne greie føring av husdyr over ein lang vinter innanfor ein ganske kort vekstsesong.

Lokalhistorisk brukskunnskap som den Arne Nydal trekk fram i sitt kompendium kring stadnamna sin bruksfunksjon i Norddal, omhandlar bruken av nokre slike utmarksløer som ein tørka slåttegraset i. Han nemner mellom fleire Jørnløa på Tverafjellet som og fekk skjemtenamnet «Hotel Skandinavie» av seinare brukarar. Slike løer var enkle bygningar

naturleg nok, men dei var viktige delar av eit haustingsbasert jordbruk i det store fleirtalet av bygdelaga.

Mange av dei var bygd opp som grindverk eller vanleg reisverk i form av brukt bordkledning. Taket var ofte bygd av bordkledning og tekt av never og torv etter same prinsippet som eldre seterhus som oftast var bygd opp. Dei var bygd trekkfulle med den klare hensikta at dei skulle sleppe til utlufting for å tørke slåttegraset. Slike markaløer låg oftast rett ved årvisse slåtteteigar som vart slått og innhausta regelmessig av brukaren.

På Hjellsætra i Valldal er ei slik slåtteløe nyleg blitt restaurert (hausten 2021). Denne har også eit unikt tak av kaliumtynner (ca 1952) også kalla "Strømmetynner" etter vegvaktar Harald Strømme. Han delte ut tomtønner, når desse var nytta på Trollstigvegen.

Torvløer

I tidlegare tider var her lite skog, og folk brukte myrane til å hente både torvtak og brensel. Mange hadde torvteig og torvløe. Det er viktig å ta vare på nokre av desse torvløene. I dag er det store fleirtalet av torvløene ikkje å sjå rundt om på myrane meir. Men fram til først på 1960 - talet var torvbrytinga på torvmyra eit viktig tilskot av rimeleg og nærliggande brensel til ein gard. Gardane hadde i dei fleste høva ein eigen matrikulert torvrett tilhøyrande gardens «herligheder» som slikt vart nemnt som i eldre skjøte og pantedokument.

Torv vart tørka i slike torvløer med god gjennomtrekk. Det var viktig at torva fekk tørke opp. I ei torvmyr er det mellom 85 – 90 % vassinnhald. Når dei fyrte opp i omnen heime med torv vart det mykje oske i omnen og ei god lukt av angande myr i rommet. I Møre og Romsdal vart det framleis nytta brenseltorv utpå Øyane seinast kring år 2010, men i Fjord må ein rekne med att torvbåra og torvspaden som var spesiallaga arbeidsreiskap til torvstikkinga har fått kvile dei siste tiåra.

Sommarfjøs

Det var vanleg å ha ein sommarfjøs som mellomstasjon mellom garden og setra. Her mjølka ein dyra når dei var på beite sommartid. Dette var lette konstruksjonar som er utsette for ver og vind, og dei er i liten grad tekne vare på. Ein sommarfjøs var og ofte nært heimgarden i samband med at husdyra gjekk på vårbeite og beita gras i låglandet før dei kom til seters og kunne ete av det urterike fjellgraset.

Sel

Sjølv om det kanskje ikkje er eit heilt typisk sel, er det i alle fall så unikt som det let seg gjere, dette Gamleselet som står på Øvstestølen i Valldal. Med byggjeår 1565 skal dette faktisk vere eitt av dei eldste husa i Møre og Romsdal. Det står berre 3-4 meter frå fylkesvegen (Trollstivegen) og med si nesten 500 år lange historie er dette verkeleg noko ein kan omtale som eit vitnesbyrd! Det vert m.a. hevda at dei djupe sår i veggane på utsida av selet kjem av øksehogg frå bjørnejegerar på 17-18 hundretalet. Dei skaut på blink for å teste munnladningsbørsene sine før jakta og i og med at blyet var kostbart, hogg jegerane ut att blykulene frå tømmerstokken og smelta dei om att til nye kuler.



Gamleselet som står på Øvstestølen i Valldal (foto: Arne Sandnes)

Gamleskulane

Den første skulen i tidlegare Norddal kommune kom i drift på slutten av 1700-talet. Det var omgangsskule fram til 1844. I 1861 vart kommunen delt inn i skulekrinsar der det skulle haldast skule 12 veker i året. Det vart sett opp sju skulehus i perioden 1862-1865 og det var krinsane som stod for bygginga. Det har ved fleire høve kome ønskje om å kunne ta vare på gamleskulen på Høghjellane i Valldal. Nyaste bygget av gamle-typen skule står på Rønneberg. Dåverande Norddal Prestegjeld var svært tidleg ute med å innføre ny skulereform. I Norddal tok ein i bruk fastskule allereie i året 1846. Lova nasjonalt kom ikkje før i 1860. Skulestova frå 1889 er no ein pedagogisk ressurs for Musea på Sunnmøre. Den er flytta til Borgundgavlen. Denne skulestova var likevel - i fylje lokalhistorikar Gudmund Relling - ikkje den eldste. Det var eit bygg som seinare vart kalla «kommunehuset». Dette vart flytta i 1960 og seinare riven (1980-talet).

Rundt 1830 vart Stordal delt inn i fire skulekrinsar: Vinje (skulehus på plass i 1868), Mo (skulehuset ved Stavåa på plass i 1886 og var i bruk fram til 1963), Almås (skulehuset på plass i 1907) og Rødsetdal (skulehuset på plass ved Hagardshaugen på Løset i 1891). Før inndelinga i krinsar var det omgangsskulen som var det vanlege rundt om i bygdelaga. Mellom anna hadde også Holmebygda ei tid, eigen omgangsskule på Holmen. (ref «Nøysemd 3» av Eystein Hjelme)

I sogestoffet «He du haurt de før?» - utgjeve av brørne Karl E og Martin R Moe - står det nemnt at ein tidleg lærar på Vinje skule i Stordal, tilsett i året 1858, nemleg Lars. P. Vinje (1838 – 1932), var den siste skulelæraren i Stordal utan lærarutdanning. Dei kalla han helst berre for «Gamleskulen» på folkemunne. Nemnast bør det og at ungane «bortom» fjorden, altså frå Vidhammar, Skjortnes og Stordalsholmen også gjekk på Vinje skule. Til liks med ungane frå gardane på Skotet og Skotshalsen - som måtte til Dyrkorn for å gå på skule – er det ikkje vanskeleg å tenkje seg kor utfordrande dette måtte ha vore for dei alle.

Det første skulehuset vart flytta frå Vinje til Kirkebø i 1895/1896 og i ettertida har dette blitt felles skuleplass for heile Stordal, sjølvstøtt då med nye skulebygg som erstatta det gamle. Gamleskulen ved Stavåa er derimot bevart, men då på det viset at den er blitt fritidseigedom og skulestova på Almås står der også fortsatt. Når det gjeld Almås-skulen, er det dessverre uavklart kva ein skal gjere vidare og det er openbart at det er behov for restaurering om ein skal unngå at skulen går tapt. Det same gjeld nok også for skulebygget i Rødsetdalen, nemleg Hagardshaugen skule på Løset. Det bør snarleg vurderast om ein ønskjer å ta vare på desse eldre skulestovene som materielle kulturminne.

På Dyrkorn fekk ein eigen krinsskule på Gjerde i 1886. Skulen var i bruk heilt fram til året 1974, då bornetalet der lenge var stort nok til ein todelt skule. Skulekrinsen på Dyrkorn dekte

skuleungane som budde på Dyrkorn og - som nemnt også - ungane som kom frå Skotet og Skotshalsen. I dag er skulen i bruk som samfunnshus i bygda.



*Vinje skule og Stordal
bedehus (Kirkebø)*



*Skulestova på Almås
(foto: Storfjordnytt)*



*Hagardshaugen skule
(foto: Storfjordnytt)*

Ungdomshusa

Kring 1890 tok ungdomen til å slå seg saman i lag. Ungdomslaget «Dag» i Norddal vart skipa i 1899 av sokneprest Leonhard Næss. Valldal ungdomslag vart skipa i 1900. I 1904 kjøpte dei eit forsamlingshus i Ålesund, og bygde det opp att i Valldal. 1905 vart Eidsdal ungdomslag skipa, og ungdomshuset «Lidarheim» vart røyst i 1908. Lidarheim er tilnærma intakt den dag i dag og det har difor stor bevaringsverdig verdi. Solberg ungdomslag i Fjørå etablerte seg i 1907, og i 1929 bygde dei ungdomshuset «Fredheim».



Motiv frå Fjørå med ungdomshuset Fredheim midt i bildet.

Stordal Ungdomslag med tradisjonsbruken kring ungdomshuset Breidablik på Øvrebust må og reknast inn i ein slik lagshistorisk samanheng. Der var det høgtideleg opning av nybygget tredje juledag i 1906, men ein måtte låne heile 1200,- kroner i Stranda Sparebank for å få midlar til å reise det nye ungdomshuset. Ein bygde nytt ungdomshus i 1956. På Dyrkorn tok ein i bruk gamleskulen i bygda som forsamlingshus.

Tafjord er det eldste ungdomslaget i kommunen vår. Laget vart stifta i 1894. I 1908 meldte Tafjord ungdomslag seg inn i Sunnmøre frilynde ungdomssamlag, og ungdomshuset vart

bygt i 1918. Dei siste åra har laget også lagt ned stor innsats for å få restaurert det over 100 år gamle sceneteppet ved ungdomshuset, i tillegg til å pusse opp att heile huset. Oljemåleriet er måla av Rudolf Krog og kosta den gongen kr 1.300,-. Ungdomslaget kan her også stå som eit særst godt døme på at det er mogleg å skaffe midlar til prosjekt knytt til kulturminne. Laget har m.a. motteke kr 60.000 frå Tafjord, kr 144.000 frå Norsk Kulturråd og sist men ikkje minst, kr 200.000 frå Olav Thon-stiftelsen.



Det staselege sceneteppet i ungdomshuset i Tafjord, syner bygda i fine fargar. Til sommaren (2021) er det på plass att, ferdig restaurert. (foto: Storfjordnytt)

Flytting av hus

Å flytte hus var før svært vanleg og det er vist til fleire eksempel på hus som er flytta. Ein kunne ikkje la verdiane i materialet gå tapt og tømra hus var difor naturleg å ta ned og flytte med seg. Det var også vanleg å kjøpe hus for så å flytta dei. Huset på Hjellen i Eidsdal er eitt av dei eldste i kommunen, det vart flytta frå Linge på 1800-talet. Lengre nede - på Ospahjellen - er huset frå Melchiorgarden i Norddal og løa frå Stranda. Skihytta på Rellingsætra, var tidlegare våningshuset på Jørngarden i Dale. Det finst rett mange slike eksempel.

I boka «Nøysemd 3», fortel Eystein Hjelme mellom anna om Siristova i Vikja (Fjørå). Denne stova vart flytta heile fem gongar, før den rundt 1910 hamna der den står i dag.

I sentrumsområda i Stordal og fleire stader i dei øvre bygdelaga finn ein og ei rekkje hus som tidlegare har stått ein annan stad enn der dei hamna seinare. Fordelen med laftehus var at dei var enklare å flytte på og å sette opp att på ein ny stad enn kva tilfellet ville ha vore med andre hustypar. Det er mange døme på at ein flytta tømmerstover og andre lafta bygnader ved å nytte seg av rullestokkar til å frakte bygningane til ein ny plass. I mange tilfelle vart dei lafta husa plukka ned stukk for stukk og merka slik at dei enklast muleg skulle kunne settast opp att.

Eit utval gamle og særmerka bygningar

Det gamle Bjorstadselet på Øvstestølen i Valldal truleg er av dei eldste (meir om dette på side 27, under «Sel»), og gamlehuset i Ivergarden i Norddal er eldre enn kyrkja. Torestova i Eidsdal - som er Ole T. Ytterdal sin barndomsheim og atelier - har også stor bevaringsverdi.

Kring 1870 vart «Kommunehuset» på Sylte bygt. Fram til 1932 var der bank i andre etasje, og kommunestyringa i første etasje.

Stordal bygdetun, der ein også finn Rosekyrkja er eit døme på ei samling av eldre verneverdige hus som har prega lokalsamfunnet sin byggjeskikk og bruksområde gjennom lang tid i tidlegare tidsrom. Øydegarden «Botnen», er av lokalhistorikar Arne Nydal i Norddal, registrert som ein gard med høg historisk referanseverdi. Fylkeskommunen sin kulturminnefaglege vurdering er at Botnen er ein øydegard med høgare kulturhistorisk verdi, ein må ta vare på for kommande generasjonar.

8 Tekniske og industrielle kulturminne

8.1 Bergverksdrift

I Norddal er det kjent med utvinning av jern frå gammal tid. Fleire stader tok dei i bruk myrmalm for å lage jernklumpar ved blåstring. Funn frå Skuset viser til dømes at det var drive jernblåstring der.

Titanjern

Den eldste, kjente gruvedrifta fann stad i titanjernmalmfeltet i Kvithamrane, 400-550 meter oppe i fjellet sør for Tafjord. Det vart gruvedrift der frå 1873 og nokre år utover, der eit engelsk selskap stod bakom. Det vart blant anna bygd fire enorme steinplatå, nesten 10 meter høge og 25 meter lange, samt gruvegangar og steinhus. Om lag 600 tonn malm vart årleg frakta til England for smelting.

I Øynalia, 650 meter oppe i fjellet, hadde Det Norske Bergselskab 6-7 mann i arbeid frå 1908. Det vart teke ut malm som vart frakta med løypestreng til Nyvikhaugen, ikkje langt frå Onilasavatnet, og derifrå på hestekjerre til Tafjordkaia. Det vart drift i fem somrar, men så kom verdskrigen i 1914 og stansa alt. I 1938 kom nye planar om stordrift, men dette vart stansa av ein ny verdskrig.

Som kulturminne og mål for fotturar har gruveområda i Kvithamrane og i Øynalia stor verdi. Her får vi sjå korleis arbeidsfolk, utan å sky krafttak og strabasar, utførte eit monumentalt arbeid.

Olivin

Olivin finst det mange stader i Fjord kommune, ikkje minst i Breinausa, på Sandfjellet, Kyrkjefjellet og i Kallskaret. Men ein finn og olivinforekomstar på vestsida av Overøyestolen. I Raudeberget ved Langsætrane er det og ein forekomst av denne bergarten.



Olivingruve, Dale. Foto: Astor Furseth

Kring 1920 vart det prøvedrift av olivin i Svarthammaren mellom Eidsdal og Dalsbygda, og frå 1930-åra begynte grunneigarane på Relling med drift. Det kom ny drift etter meir moderne metodar frå 1964. 25-30 mann var i arbeid og tok på det meste ut 600 tonn i døgnet. Drifta minka etter kvart og stansa i 1979.

Ved foten av Kvitura på Dale vart det nytta ut ein olivinførekost i 1970-åra. Olivinen vart lasta på bilar og frakta til Svarthammaren og olivinanlegget der.

Ei åra med olivin/serpentin går frå Trollkyrkjebotnen i Valldal, (kanskje under Sandfjellet) og kjem ut i dagen på Myreheia. Dette er den same åra som startar på Åheim, og endar på Røros.

Store mengder av olivin ligg rett vest for Onilsavatnet i Tafjord. Det var prøvedrift i 1972, og drift vart planlagt frå 2000. Det er ikkje kome til permanent drift her. Størst olivinutvinning er i Robbervika, aust for Skrednakken. Her var stordrift av olivinstein og olivin-mjøl frå 1982, først med dagbrot og frå 1999 med underjordsdrift. Det vart produsert 300 000 tonn per år, men dei siste åra med gruvedrift der, bar preg av periodar med driftsstans på grunn av dårlege marknadsforhold. I dag er det heilt andre planar for bruken av gruva i Robbervika, nemleg landbasert oppdrett av laks.

Blokkstein

Blokksteinbrotet på Berli ligg på vestsida av bygdevegen som går frå Holsbrua. Dette er eit gammalt brot. Blokkstein er banda gneis, det er lett å kløyve vinkelrett, og eignar seg til byggjestein. Blant anna tok dei ut stein til Holsbrua som vart ferdig i 1875, truleg delvis også til Gudbrandsbrua. Det vart teke ut mykje blokkstein også lenge før den tid, blant anna til grunnmuren for Sylte kyrkje. Også i nyare tid har det vore drift. Det har og tidlegare vore drift i eit klebersteinsuttak nord på Sylteberget i Fjørå.

Sølvåra

Det har sidan 1800 talet gått eit rykte om at det skal vere ei rik sølvåra på Storheim nær

grensa til Mo. Ein mann som budde på plassen *Sletterabben* skal ha vore rett velståande i høve det store fleirtalet i grenda på den tida. Det vart sagt at han hadde funne ei sølvvåre oppe i lia i dette området. Folk i bygdelaga undra seg nok over denne mannen sine ferder i fjella, men ein haust kom han ikkje att til stova si der på Sletterabben. Eit par somrar seinare skal det ha vore sett i gong ein manngard av folk for å freiste å finne denne sølvvåra, men trass fleire forsøk både då og seinare, har ein ikkje lukkast å finne den moglege åra. Om sølvvåra fins der i fjella eller om det er meir å betrakte som eit typisk vandresegn om rikdom, er det nok vanskeleg å fastslå. Men segner kan ofte ha eit større eller mindre faktabasert grunnlag nedfelt i seg.

Nokre andre døme på det som kan kallast for meir teknisk prega og tidleg industri (førindustrielle kulturminne) finn ein i Fjørå. Her kan nemnast ei tjøremile som ligg nært vassverkshuset vest for Selstokneset. Ein finn og akvedukten (vasskanalen) som er utgrave med handemakt i fjellet for å sikre betre vassforsyning frå Kasteelva og ned til Osvika.

Geologisk kulturminne

Av meir geologisk kulturminnetype kan ein trekke fram den store steinen dei i Fjørå kallar for *Ruggå*, Staden har vore ein samlingsstad for turfolk opp gjennom åra. Det skal vare mogleg å høyre ein lyd som kan høyrest ut som hjerteslag, om fleire går opp på storsteinen og bevegar seg samstundes slik at steinen ruggar på seg.

8.2 Kraftverk og industrialisering

Tafjord er kraftsenteret på Sunnmøre. Her ligg heile seks kraftstasjonar. I samband med kraftproduksjonen er det bygd svært omfattande reguleringsanlegg i fjellheimen kring Tafjord. TAFJORD sin første stasjon – Tafjord 1 frå 1923 – fekk nytt liv som museum etter at den stoppa for godt i 1989. I dag er museet samlokalisert med eit spennande skredsenter, og heiter Kraft- og skredsenteret i Tafjord.



Den 95 meter høge Zakariasdammen er i ferd med å kome på plass. Foto:TAFJORD

Tafjordutbyggingane var svært omfattande vasskraftutbyggingar. Tafjordvassdraget - som hadde vore ei god lakseelv i periodar - vart diverre øydelagd som fiskeelv som ein konsekvens av dette. Vasskraftreguleringa av Muldalsfossen og bygging av

Zakariasdammen, framstår som to av fleire rett store vasskraftprosjekt med ei stor energimengde til å produsere straum for ettertida. Dei tidlege vasskraftreguleringane av denne typen var basert på at ein gjekk frå eit samfunn utan straumforsyning til å få straum og ljøs i husa ved å slå på ein brytar. Det var ein revolusjon for folk i mellomkrigstida. Tafjord kraft vart danna som ein konsekvens av at 13 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal ville ha kraftforsyning og elektrisitet. Ei ny tid vaks fram i Norge og på Nordvestlandet når vasskrafta vart brukt til noko langt meir enn å dra kvernkallen.

Dei 13 kommunane gjekk saman om kraftutbygging i 1917. Overføringslina (kraftlina) mellom Tafjordfjella og Ålesund var ferdig stilt i 1923. Det var nok meir å rekne som ei storhending det året. Når folk flest fekk innlagt straum i 1925 måtte det vere reine høgtidsdagen når straumbrytaren vart vridd på. Det har vore ei rekkje større og mindre kraftprosjekt etter denne tidlege fasa. Småkraftverk har komme til dei siste tiåra. Teknologien endrar seg og difor vil naturleg nok utbyggingane og endre seg.

I tillegg har ein fleire private kraftverk. Første kraftverket i Norddal var Skjervaverket i Dale, etablert i 1914. Hoelsfossen elverk i Valldal, er eit levande teknisk - industrielt kulturminne. Den gamle kraftstasjonen vart bygd i 1922 og leverte straum fram til 1948. I dag produserer ein igjen straum der.

Det var bygd eit gardskraftverk på Holt i åra mellom 1909 – 1912. Først vart det gravd ut ein større inntaksdam i Stordalselva (Storelva) nært eigedomsgrensa mellom Holt og eigar på Storheim. Litt seinare vart det grove ei grøft frå inntaksdammen til ein kum. Frå inntakskummen vart elvevatnet ført ned ei trerenne som førte vatnet ned til eit reimoverført vasshjul. Denne straumproduksjonen ga grunnlag for at ein kunne drive produksjon av skolestar på ein dreiebenk, og Lars Nakken fekk straum til ei bandsag og dynamodrift til å gje ljøs i nokre få lyspærer på Holtbruka. Kraftverket vart utvida og opprusta teknisk, i fleire etappar. Etter kvart vart det ein kraftstasjon på Holt som berre vart kalla «Ljoshuset» lokalt. Straum og elektrisk ljøs var ein stor revolusjon tidleg på 1900 talet. Det var den reinaste storhendinga når ein var vant med skuggemørkret og flakkande skimt frå ei parafinlampe. Elektrisitetsvesenet - som statleg organ - kalla anlegget for; «Fabrikkdammen ved Holt i Stordal». Eigarane vart elles pålagd å lage opning i dammen slik at elvelaksen uhindra kunne kome seg forbi dammen og vidare opp i elva. Nokre andre minikraftverk vart og realisert i Stordal omtrent på same tida. Dei var mindre, og dekte helst berre den eigne bruken av ei lyspære eller to.

På Dyrkorn fekk ein elvekraft frå den bratte og fossande Dyrkornelva frå 1913 av. Falla i elva eigna seg godt til kraftregulering. Grunneigarar selde kraftrettigheitene til industrileiarane for 11.550 kroner. Det var ein betydeleg pengesum den gongen. Om ein samanliknar salet av fallrettar i Dyrkornvassdraget med ein god del andre oppkjøp av elvekraft, så fall salet - for grunneigar sin del - betre ut økonomisk der, enn kva det gjorde mange andre stader. Utbygginga av Dyrkornelva hang saman med planane om å drive industriell verksemd på Dyrkorn. Ein hadde frå starten av tankar om å bruke vasskrafta i samband med å byggje ein ullvarefabrikk, men initiativtakarane vart ikkje rådd til dette og vart heller oppfordra til å satse på å få reist ein fiskereiskapsfabrikk. Etter at interessentane bak industrireisinga på Dyrkorn hadde hatt diverse møter om saka vart det i 1913 vedteke å skyte inn samla aksjekapital i nyetablering av ein rett så moderne fiskereiskapsfabrikk. Næringsdrivarane fekk og kjøpt ei

større næringstomt nært fjorden for 4785 kroner. Med god tilgang på energi og elektrisitet frå elva hadde ein lagt eit godt grunnlag for å kunne starte industrireisinga på Dyrkorn.

Verdskrigen hindra utbygginga i periodar sidan ein var avhengig av å få importert maskiner for tilverking av line og produksjon av fiskegarn frå kontinentet. Men dette ordna seg likevel etter kvart og i 1914 var anlegget med kraftutbygging av elva og ny maskinpark i lokala ferdig. Frå 1915 – 1920 var det god drift og høg inntening for fiskereiskapsfabrikken på Dyrkorn. I 1920 gjekk drifta med eit overskot på heile 110.000 kroner.

Det vart magrare tider med dårleg fiskeri på Mørkysten og lågkonjunktur internasjonalt. Drifta måtte endrast og omstillast i åra framover på grunn av nyare utvikling av reiskapsbruk i fiskeflåten og som ein konsekvens av hardare konkurranse frå spesialisert produksjon av fiskereiskap internasjonalt. Ein held drifta gåande med produksjon av fiskegarn og liner til den mekaniserte og etter kvart teknologisk avanserte fiskeflåten, heilt fram til 2003.

Denne ganske tidlege industrireisinga og dei nye næringsvegane, med m.a. stor auke av tilreisande arbeidsfolk, bidrog til vekst i bygdesamfunnet på Dyrkorn. Fiskereiskapsfabrikken kan trekkast fram som ein heller sjeldan type industriell verksemd på den tida og den var nøye tilpassa marknaden den skulle utstyre med ferdig tillaga fiskereiskap. Tradisjonelt sett hadde nesten all fiskevegn og alt anna utstyr tilpassa fiskeria og sjødrift, vore av ein i langt større grad heimetilverka karakter. Men på Dyrkorn tok ein avgjerda om produksjon av fiskereiskap tilpassa ei ny mekanisering av flåten for å vere med på den mekaniske utviklinga som moderniserte fiskeria. Generelt sett var fiskeflåten på Sunnmøre svært tidleg ute i høve til dette med mekanisering og seinare teknologisering og ikkje minst også å tenkje innovasjon og nye muligheiter enn berre dei lokale fjordane og kystområda. Dette slo naturleg nok også gunstig ut for fiskereiskapsfabrikken på Dyrkorn. Ein måtte, utanom det å tenke nytt i produksjonslina, også satse på å importere produkt som var tilpassa nye teknologiske omstillingar i fiskeflåten, som på 1930 - talet vart meir internasjonal når det gjaldt fangstområde. Der ein før berre hadde drive på med silde- og torskefiske i eigne farvatn vart det på denne tida ein ekspansjon som omfatta fiskeri mellom anna på fiskefelta utanfor Island. Produksjonen måtte tilpassast krav om større og grovare reiskap i form av grovare liner og nye snurpenottypar.

På 1930 - talet satsa også Ole Petter Syltevik på å produsere flytekork eller garnkork i kjellaren heime på Dyrkorn. Eit døme på småskalaindustri som vaks seg større, men drifta vart avvikla som ein direkte konsekvens av at verdskrigen og okkupasjonstida hindra import av trekork frå Spania. Produksjonsutstyret og restane av korklageret vart seld til Dyrkornfabrikken.



Bilde henta frå facebookgruppa «DYRKORN i tekst og bilder, frå gamle og nye tider». Dyrkorn tidleg på 1930-talet og fotograf ser ut til å vere Smith Pettersen.

På Dyrkorn ga både kraftverk og reisinga av fiskereiskapsfabrikken mange nye arbeidsplassar for lokalbefolkninga og tilreisande fagarbeidarar. Dyrkorn opplevde å gå frå å vere eit roleg bondesamfunn til å på kort tid verte eit ekspanderande og travelt industrisamfunn. Det måtte i tillegg til sjølve industrilokala byggjast nye arbeidarbustader til dei mange som ynskte å flytte til Dyrkorn. Den eine bustaden fekk og ein forsamlingssal med møtestad for arbeidararar - med og utan familie. Denne kunne lag og foreiningar på Dyrkorn også nytte til lagsdrifta si. Det skulle komme fleire fasar i bygging av nye bustader for arbeidarar utanfrå. Dette var ei rett så dynamisk tid på Dyrkorn. Staden trakk naturleg nok til seg ungdom, og folketalet auka mykje på nokre få år i kraftutbygginga og fiskereiskapsfabrikken sin driftstid. Soga om industrireisinga på ein mindre stad som Dyrkorn har mange fellestrekk med industriell verksemd andre stader på Vestlandet. Dit kor industrien kom vart det store omveltingar økonomisk, demografisk og politisk. Eit jordbruksbasert lokalsamfunn vart på sett og vis ein del av den større verda bortanfor garden og husmannsplassen, som før hadde dominert bygdelivet og samfunnsforma i grender som på Dyrkorn.

8.3 Utviklinga av industribedrifter og næringsliv

«I det gamle bondesamfunnet var det stor grad av sjølvberging. Det var også slik at dei måtte vere sjølvhjelpne med mykje av det arbeidet som skulle gjerast på gardane. På slutten av 1800-talet vart det i større grad ei yrkesmessig spesialisering. Samfunnet vart gradvis lagt om til pengehushald og det var nyttig med ei viss arbeidsdeling også fordi det vart stilt større krav til den tekniske utføringa av dei ulike arbeidsoppgåvene. Slik voks det fram eigne yrkesgrupper som handverkarar av ulike slag. I Stordal var her mellom anna skreddarar, skomakarar, smedar og snikkarar.» Slik skriv Eldar Høidaahl i innleiinga til næringsssoga for Pedro møblar. Han sett slik fokus på sjølve bakgrunnen for at ein kunne få eit industrielt eventyr i ei fjordbygd med avgrensa kommunikasjonsmulegheiter. Han nemner vidare: *«Peder R. Korsedal er nemnt som den første som kom i gang med industriell drift i Stordal.*

Han starta med møbelproduksjon slik han hadde lært det ved P.I. Langlo si bedrift på Stranda. Denne avleggaren av pionertiltaket på Stranda fekk etter kvart selskap av fleire. Karl Vad (f. 1902) starta i det små med produksjon av rokkar og hespetre. Oddmund Vad utvikla denne bedrifta vidare slik at ho vart ein av dei større møbelprodusentane i kommunen. Han hadde fabrikkar både på Vad, på Hove i Stordal og i Valldalen.»

«Under krigen var det mange som kom i gang med småskalaproduksjon i kjellarane. Det vart dreia og skåre i tre over store delar av bygda, og produkta fekk avsetnad. Lysekruner og lampettar vart ein god salsartikkel mellom andre for Arne Aarflot, som etter krigen utvikla verksemda til å omfatte produksjon av ulike møbeltypar. Også Ole Stavseng starta med lampettar og lysekruner. Han kom i gang i Nygårdhuset i Stordal sentrum. Mot slutten av 1940-åra bygde Stavseng hus på Øyrane. Der innreidde han snikkarverkstad i kjellaren. Denne verksemda skifte etter kvart namn til Stordal Møbler og vart ei av dei største møbelbedriftene i Stordal og på Sunnmøre».

Det har vore mange fabrikkar i kommunen opp gjennom tidene, og dei har hatt svært ulik produksjon. Spesielt i Eidsdal har det vore mange fabrikkar med variert produksjon. Her vart det mellom anna laga ski, kaffikverner, hyttemøblar, barnestolar og konfeksjon. I Norddal var der mellom anna også kleshengarfabrikk. I 1880-åra var det også ein eigen guanofabrikk der. Denne vart driven av Arne Grønningsæter på den staden der Skjervaverket seinare vart etablert. Skjervaverket var som før nemnt første kraftverket i Norddal, etablert i 1914. I Valldal har det vore konfeksjon- og møbelproduksjon i tillegg til sementvarefabrikk. Det var ikkje uvanleg at det var verkstader i mange kjellarar der ein dreiv på med småproduksjon av ulikt slag.

Ei heller sjeldan form for lokal næringsverksemd i regionen vart i 1918 starta opp av næringslivsgründeren Peder Øie. Han satsa på eit fullstendig tilbod innan produksjon av sykklar til fritidsbruk. To eigne sykkelmerke såg dagens ljøs hjå Øie. Rammene til sykklane vart importert frå England. Merka vart kalla Svithun og Real. Øie etablerte - utover produksjon av sykklar - også ein fullservice sykkelverkstad. Han skaffa seg også salsagentur på Nordvestlandet, for Jonas Øglænd sitt nasjonalt berømte sykkelmerke kalla DBS (Den beste sykkel). I tillegg var firmaet tidleg ute i høve sal av fleire typar landbruksreiskap. Sykkelproduksjonen - med base i opplæring hjå Peder Øie - forgreina seg i same tidsrommet til Sykkylven. Krigstid med varemangel og stopp i internasjonale leveransar av gummi vart ein stor hemsko for sykkelprodusenten Peder Øie. Drifta av firmaet - med seinare satsingsområde innan sykkelproduksjon og anna fritidsretta sportsutstyr - tok seg opp att etter krigen.

Stordal har ei særleg rik soge knytt til industrireiseing. Bygda har teke aktivt del i det ein gjerne omtalar som det «sunnmørske møbeleventyret». Vi snakkar då om ein lokalt basert møbelindustri på lokale bedriftseigarar sine hender, men med ein eksportretta tilnærming til produkta ein laga og fekk marknadsført for sal. Denne møbelindustrien - som vaks fram som ei ny næringsgrein i Stordal frå mellomkrigstida av - sysselsette på det meste heile 450 arbeidstakarar. Mange av desse pendla til og frå Stordal kvar dag og det var reine «rushtrafikken» når arbeidsdagen var over. Ein kan - ikkje minst - også trekkje fram den avgjerande betydninga dette «møbeleventyret» har hatt for lokalsamfunna her og då m.a. med tanke på dei mange som flytta hit i denne perioden. Det er t.d. ikkje reint få av den

oppveksande generasjonen som har sine anar tilbake til Nordland og då kanskje i sær områder som Sømna på Helgeland.

Til liks med mange andre stader på Sunnmøre vart det og i Stordal tenkt nye næringsgreiner i ei vanskeleg tid for samfunnet generelt. 1930-åra bar preg av massearbeidsløyse og lågkonjunkturar både nasjonalt og internasjonalt. Møbelsnekkaren Ole Gustav Stavseng satsa på å etablere familiebedrifta si i 1932 og vart med dette ein forlaupar for fleire andre som såg ein ny nærings- og leveveg innan tidleg møbelindustri på Sunnmøre. Etter først å ha starta opp i Nygårdshuset, bygde han seg hus på Øyrane og då med møbelproduksjon i kjellaren. Denne nyetableringa fann stad i 1948 og utvikla seg vidare til bedrifta Stordal Møbler. I dag er det tredje generasjon Stavseng som har overteke roret i familiebedrifta.



Ole Gustav Stavseng (i midten framme) i lag med arbeidsstokken sin framfor huset han reiste på Øyrane i Stordal.

Pioneren - han som starta det heile - og som også Høidal trekkjer fram, var Peder R Korsedal. Korsedal vart fødd på fjellgarden Korsedal i 1910. Pga framifrå evner blei han flytta opp eit klassesteg og konfirmert saman med dei som var eitt år eldre. Etter konfirmasjonen i 1924 blei han dreng på ein gard i Uksvika i Stranda. Året etter byrja han i møbelfabrikken til P. I. Langlo (etbl. 1908 som landets første). Der jobba han m.a. i lag med J. E. Ekornes og lærte seg korgmøbelproduksjon og etterkvart maskinproduksjon av salongmøblar. Ekornes drog attende til Ikornnes og starta sin fabrikk, og Peder til Stordal og starta sin i 1930 (20 år gammal). I 1932 kjøpte han inn ei svær kombinertmaskin frå J. Falkenbergs Maskinforretning i Oslo som blei installert i fabrikkens hans i Nygårds-kjellaren (sirkelsag, retthøvel, fres og boremaskin). Han drog og til Oslo og tok eit kurs hos Teknologisk Institutt i maskinproduksjon av møblar og design.

Det var også hjå Peder R Korsedal, Ole G Stavseng tok til å jobbe hos, etter å ha frakta med seg både høvlebank og anna på slede frå Liabygda. Korsedal hjalp i denne perioden også brørne Harald og Jacob Hove med å gå frå hermetikkproduksjon og over til møbelproduksjon. Hove Lenestolfabrikk og etter kvart Hove Møbler AS vart resultatet av dette.

Alt i 1953 var det kome til sju produksjonsverksemder med til saman 67 arbeidarar. Den største verksemda Hove Lenestolfabrikk med 20 tilsette, Hellands Lenestolfabrikk med 17 tilsette, Vads Trevarefabrikk og Stavseng & Lied med høvesvis 9 og 8 arbeidarar, Arne

Aarflot med 6 mann i sin småindustri, medan Ringdal spisestuefabrikk hadde 5 tilsette. I tillegg hadde ein Øybakken Lenestolfabrikk 2 yngre tilsette.

I den første tida under møbelindustrien sin barndom i Stordal var det - utanom Stordal Møbler - bedrifta i regi av brørne Johan og Ole Helland med andre medeigarar som kom til litt seinare. Dei fekk reist industribygg til møbelproduksjon på Øyrane i 1947. Seinare har denne industribedrifta vorte kjent under namnet Helland Møbler. Pedro Møbler var og ei solid bedrift som skaffa arbeidsplassar i mange år. Bedrifta vart seinare kjøpt opp av Møllergruppen og dernest Hjellegjerde. Ein syner elles til Møbelhistorisk Museum i Sykkylven for fordjuping i dette industrihistoriske emnet.

Av andre tidlege bedriftsetableringar kan ein og nemne «Torefabrikken» som vaks fram på bakgrunn av at lokale drivarar såg ei ny næringsmoglegheit innan framstilling og produksjon av næringsmiddel. «Torefabrikken» var eit lokalt namn ei bedriftsutvikling fekk hengande ved seg sidan to brør som kom frå «Toregarden» på Hove i Stordal stod bak. Denne bedriftsetableringa skulle syne seg å verte allsidig. Utan erfaring i bransjane dei utvikla, men med god teft for å tenke utvikling i samarbeid med fagfolk, fekk dei etter kvart først etablert Hove Pøsefabrikk. Dei fann etter ei tid ut at dei ville utvide drifta til å omfatte hermetikk og i sein mellomkrigstid hadde firmaet fått namnet Hove Pøse og Hermetikkfabrikk. Hermetikksatsinga viste seg å vere lønsam, og firmaet ekspanderte både i storleik, i høve nye bedriftslokale og med tanke på utvida arbeidsstokk fram mot okkupasjonsåret 1940.

Som tilfellet vart for så mange andre råvareprodusentar skapte okkupasjonen store problem for driftsgrunnlaget. Dei satsa like fullt vidare i samarbeid med ny partner og kalla firmaet for Stordal Preservering. I 1943 tok hermetikkdrifta slutt. Dei bestemte seg difor for å satse i ein heilt anna bransje. Valet vart som hjå fleire andre sambygdingar å satse på møbelproduksjon og i etableringsfasen var hjelpa frå pioneren Peder R Korsedal, til stor nytte. Firmaet med utspring frå heimeproduert spekepølse på Toregarden fekk no namnet Stordal møbelindustri og fekk etter kvart ein solid lokal arbeidsstokk.

Frå 1947 til 1956 tok dei og opp att hermetikksatsinga. Det gjekk godt nokre år, men den produksjonen tok slutt i 1956. Hove Lenestol kom til som ei ny grein på næringstreet til dei to brørne i 1951. Etter fleire fasar fekk ein firmanamnet Hove Møbler frå 1972, og fram til 1998 dreiv ein familiebedrifta. Hjellegjerde frå Sykkylven kjøpte opp Hove Møbler det året. I tillegg kan ein nemne møbelbedriftene Aarflot Møbler og Stordal Trevare, samt Midtbust Møbler som andre døme på tidlegare møbelprodusentar i bygda. Dette tør vere eit godt døme på at ein kan få til mykje med nesten to tomme nevar om ein vil det nok.

Etter kvart vart - som ein ser - møbelindustrien i Stordal den rådande industrisatsinga. Ein såg at det var lønsemd og difor gode moglegheiter i å tenke serieproduksjon av møblar til ein internasjonalt retta marknad. Møblane ein laga vart etterspurde og fekk godt nasjonalt og internasjonalt omdøme.

8.4 Frukttre og jordbæråkrar

Når det kjem til næringsliv og det å finne nye næringsveggar er det - som ein har sett - lange tradisjonar for å utvikle ulike typar av industriverksemd i kommunen vår. Men også jordbruket

i kommunen har - i over hundre år - vist seg å vere nytenkjande og villig til omstillingar. Ein kan nemne fruktdyrkinga på Linge i Valldal som eit godt døme på ei slik omstillingsevne. Nysatsinga på fruktproduksjon retta mot ein salsmarknad har etter kvart rett så lange tradisjonar i kommunen. Grenda Linge og gardsbruka der var tidleg ute med å ta i bruk eit mildt klima med mange soldagar og høg bonitet i matjorda til å satse på fruktdyrking av ymse typar av frukt. Frå tidleg av vart det prøvd ut mangt og mykje for å sjå kva slags typar frukt ein hadde høve til å kunne dyrke. Mellom anna var det fersken og valnøttthagar på Linge. Ser ein på breiddegraden er det temmeleg eksotisk å dyrke aprikos og valnøtt i Valldal. Noko som har vore gjort tidlegare. Morellar og plommetypar leverer ein framleis til eigen salssentral (Valldal Grønt). I 2009 fekk Lingebygda v/Linge grunneigarlag fylket sin Kulturlandskapspris for arbeidet sitt.

Ein eldre epletype kalla Torstein vart planta ut i Hardanger allereie i året 1760. Utanom eple av typen Gravenstein var Torstein det epleslaget som hadde høgast omsetning i mengde nasjonalt fram til 1970 talet. I Fjord var det mange som i si tid satsa på å skjøtte eplehagar som ga eplesorten Torstein. På grunn av endringar reint marknadsmessig - av meir kommersielle omsyn - fell i dag produksjon av eple av sorten Torstein ut av produksjon i frukthagane. Fleire av desse gamle eplehagane der ein tidlegare røkta fram Torstein-epla er i dag uproduktive næringsmessig, men dei kan til gjengjeld ha ein historisk verdi som eldre biologiske kulturminne. Hagane er kartlagt av naturtypeundersøkingar og kartlagt via ei supplerande kartlegging av naturmangfald i kommunane. Dette registreringsarbeidet har vorte gjennomført av fylket tidlegare og desse gamle eplehagane er registrert som verdfulle hagemarkstypar. Slike eldre frukthagar bør takast vare på som ein del av kulturlandskapet sine biologiske kulturminne. Dei er interessante både i ein kulturhistorisk og næringshistorisk samanheng og som element av biologiske kulturminne, som høyrer til tradisjonen med bruk og hausting frå kulturlandskapet.

Historia bak fruktdyrkinga handlar - som møbelhistoria - om å finne nye vegar til næring der ein i utgangspunktet hadde meir vane med å tenke tradisjonelt på gardsdrift og husdyrstell. I mange tilfelle har ein kombinert tradisjonelt landbruk med husdyrhald og det å vere «fruktbonde». Det har gitt betre kår og større sjanse for å klare seg reint økonomisk i eit pressa jordbruk med store omveltingar frå 1950-talet og framover. Av det totale fruktkonsumet i Møre og Romsdal i 2018 stod frukthagane i Fjord sine bygdelag for heile 80 % av forbruket. Det seier sitt.

Det er også på sin plass å nemne at det ikkje berre har vore på Linge ein har drive med fruktdyrking for sal. Andre stadar det er naturleg å nemne i så måte, kan vere Kastet, Relling, Dale, Dalhus, Ytterdal og Fjøra. Også den dag i dag, utgjer dette viktige attåttnæringar i fleire av bygdelaga i kommunen vår.

Elles er Fjord kjent som «jordbærkommunen» i Norge. Gardbrukarane har i over hundre år satsa mykje på jordbær dyrking. Spesielt i delar av Valldal har ein etterkvart etablert ei blømande næringsgrein på ei rekkje av gardane. I 2019 leverte jordbæråkrane i Fjord heile 50 % av det nasjonale forbruket av jordbær. Som tilfellet har vore med fruktdyrkinga på Linge - opp gjennom åra - har jordbær dyrkinga vorte ei særskild viktig næring lokalt og som ein ser har den stor betyding på nasjonalt nivå. Det er eit gunstig klima som gjer det mogleg å drive

fruktdyrking og produksjon av jordbær i Fjord. I året 2009 var det registrert 45 ulike jordbærprodusentar i Fjord sitt dekningsområde.

8.5 Kvinnene si rolle

Også når det gjeld det eldre bygdesamfunnet, prega av naturhausting i form av jordbruk og fiske, er det i all hovudsak mannen si rolle som er blitt skildra. Men like viktig er det å få synleggjort den enorme arbeidsinnsatsen kvinnene stod for både der og elles i samfunnet.

Kvinna si rolle i det eldre jordbruket var særskildt krevjande. Dette uansett om det var på ein fjellgard som Fokhaugen, ein strandsitjargard som t.d. Ytste Skotet, eller på ein av dei meir sentralt plasserte gardane nede i dalbotnen som t.d. på Omenås i Valldal. Det vart særskildt lange arbeidsdagar med m.a. fjøsstell, arbeid på innmark og utmark, ungepass og matlaging. I tillegg var det seterstell om sommaren og til langt utover hausten og ikkje minst fell også alt ansvaret for heimens beste og familiens sosiale liv i hovudsak på kvinna.

Arbeidslivet i tidlegare tider, så også på garden, var tydeleg kjønnsdelt og differensiert. Det var strenge normer innan det eksisterande kjønnsrollemønsteret og desse var rådande heilt frå fødselen av. Mannen var i hovudsak forsørgjar og kvinna arbeidshjelpa som støtta opp. Innan ein slik familieøkonomi handla det oftast rett og slett om å få endane til å møtast. Vi snakkar om eit naturalbasert hushald med lokal ressursbruk og sjølvberging. Den kollektive arbeidsinnsatsen frå så vel kvinne som mann var heilt avgjerande for å kunne lukkast.

Seinare vart kvinna sitt arbeid i aukande grad basert på innsats utanfor eige gardstun og eigen familie. Samfunnsendingane førte kvinna inn i nye yrkesgjerningar som t.d. jordmor og lærarinne. Ho fekk seg også løna arbeid, etterkvart som industriell verksemd vaks fram i bygdesentrum, anten dette no var innan område som konfeksjon, møbelproduksjon eller tenesteytande næringar.

For å synleggjere kvinnene si rolle, kan ein m.a. også trekkje fram den heltemodige innsatsen jordmødre rundt om i bygdelaga våre stod bak. Ei av dei som har skildra dette, er Aud Farstad i boka «På liv og død». Distriktsjordmødrene måtte gå over fjell og krysse fjordar og det uansett ver.

I samband med kulturminnedagen i 2014, skildra Aud Farstad også det disse modige kvinnene måtte ofre for å få teke den påkrevde utdanninga. Nedanfor har vi teke med utdrag frå denne skildringa:

Ein kan knapt finne nokon som har gjort større reiser – både fysisk og mentalt – enn det jordmødrene gjorde på 1800-talet.

Jordmorskulen vart opna i hovudstaden i 1818. Det var den første utdanninga som var opna for kvinner. Det var først på slutten av hundreåret at høgare utdanning vart opna for kvinner. Jordmødrene var dei første kvinnelege offentlege funksjonærane her i landet – og dei var alle døtrer av folket.

Det er umogeleg i dag å tenkje seg for eit stort steg det var for vanlege kvinner av bondeklassa å våge seg til å reise til Kristiania og gå på jordmorskulen. Dei fekk eit tilskot frå fylket for å gå på skulen. Mange søkte, men ikkje fleire enn to frå fylket fekk i beste fall plass på skulen kvart år. For å få tilskotet måtte dei binde seg til å tene i åtte år ein stad i fylket

etter at dei var ferdige på skulen. Dersom dei strauk på skulen, eller dei ikkje tente dei åtte åra, måtte dei betale attende heile eller deler av tilskotet.

Så la dei i veg mot hovudstaden. I første halvdel av 1800-talet var det ikkje nokon annan måte å kome seg til hovudstaden på enn å gå på sine bein. Snakk om "den store reisa"! Dei gjekk og gjekk og spurte etter husrom på vegen. Nokre arbeidde seg fram for kost og losji til dei nådde Kristiania.

Den første utdanna jordmora i Stordal distrikt heitte Berte Knudsdotter, men vart berre kalla Bru-Berte. Ho var 28 år gammal gift kone, då ho byrja på jordmorskulen i 1828. Dei to barna hennar vart plasserte hjå slektningar det året ho gjekk på jordmorskulen. Mannen hennar var med henne til Kristiania og arbeidde på eit bryggeri den tida kona gjekk på skulen. Berte er registrert som jordmor i Stordal sokn til ho døydd i 1869.

Så gjekk det tre år utan jordmor. Då var jordmora i Stranda sokn, Anne Clausen, konstituert i Stordal òg. Mest truleg måtte stordalingane greie seg med ufaglærde hjelpekoner dei tre åra fram til Inger Jakobine Olsdotter, fødd i 1851 i klyngetunet på Øvrebust, reiste til jordmorskulen i Bergen i 1871. Ho slapp den lange reisa til hovudstaden, men kunne ta båt til Bergen. Jakobine gifte seg til Stordalsholmen og det vart etter kvart så avbakeleg for folk å hente jordmor der, at dei klage og meinte ho burde busette seg ein annan stad. Etter som ho ikkje lett kunne flytte familien sin, sa ho opp ombodet sitt etter ti år som jordmor. Ho døydd i 1921 og ligg gravlagd her på kyrkjegarden utanfor Rosekyrkja.

Etter at Jakobia Myhre sa opp, vart Olave Birgitte Overaa tilsett i 1884. Olave var fødd Flåen. Ho kom nyutdanna frå Kristiania jordmorskule til heimtraktene sine. Ho vart til 1887 då ho vart tilsett i Sykkylven distrikt, der ho vart verande resten av livet. Ho fekk Kongens fortjenestemedalje i 1923.

Så vart distriktet igjen ledig og Jakobia Myhre på Stordalsholmen vart konstituert nok ein gong.

Det var no den gifte kona Lovise Larsdotter Hove (1862-1952) - kjend som Bakar-Lovisa - søkte om å få gå på jordmorskulen. Folket kjende nok på at dei trong ei jordmor. Lovise må ha merka seg ut, for folk kom til henne og spurde henne om ho ikkje kunne søke jordmorskulen. Lovise var 26 år gammal, gift og med to barn, men etter samråd med mannen sin søkte ho – og kom inn. Kvifor ho reiste til Kristiania og ikkje til Bergen, slik dei fleste frå Vestlandet gjorde, veit vi ikkje. Men ho sette i alle fall kursen dit i 1888. Ho slapp å gå heile vegen slik som hennar namnesyster i 1828 måtte gjere. No kunne ho ta dampbåt til Trondheim og derifrå tok ho jernbanen til Kristiania. Det må ha vore litt av eit eventyr! Lovise kunne ikkje kome heim før året på skulen var omme – det var ikkje på nokon måte råd å reise heim på besøk! Men ho likte seg på jordmorskulen. I same kull gjekk det kvinner frå mellom anna Ullensaker, Tolga, Drangedal, Lødingen og Ørlandet. Sjølv om skulen var hard så fekk dei til og med tid til ei omvisning på Slottet! Lovise må ha vore gåverik. Ho fekk i alle fall gode karakterar og kom heim med eksamensbeviset i mai 1889 etter å ha reist kysten rundt med båt for å kome heim.

Det var mange barn som trudde fullt og fast at babyane kom i jordmorskrinet. Men der var det heilt andre ting. På Bakar-Lovise si tid skulle det vere

- Eit kvitt forkle som dekte minst heile framsida av drakta hennar, med armar til olbogen. Forkledet måtte vere nyvaska for kvar ny fødande.
- 100 gr. flaske med karbolsyre
- Ei sprøytekanne med slange på og to røyr, eit til skjeden og eit til klyster.
- To stive handbørster
- Eit sølvkateter og eit elastisk kateter

- Ein 50 gr. flaske med olje som er kokt på den i § 73 lærte måte
- Eit stetoskop
- Ei saks
- Krumme nåler, silkeetråd og nålehaldar
- Eit badetermometer og eit termometer til bruk for fødekvinna
- Ei flaske med naftadråpar

Lovise Larsdotter Hove var distriktsjordmor i Stordal i tidsrommet 07.06.1889 – 15.11.1927.

Dette då - som nemnt - med bakgrunn i Aud Farstad si skildring.

Ved kommunehuset i Stordal står skrinet til «Bakar-Lovise», den fjerde jordmora i Stordal, utstilt.

Den jordmora som er aller mest kjent i vår kommune er nok likevel Jensine Rødal Grønningsæter frå Norddal. Dette ikkje minst pga at ho ein vinterdag i 1886 tok seg fram til fots heilt frå Eidsdal - via Norddal og Tafjord - og til Muldal, når situasjonen krevde dette. Den tradisjonsrike «Jordmormarsjen» vert kvart år arrangert i fotspora etter Jensine.

Liknande historier, der jordmødrene sette liv og helse på spel - anten det no var i samband med kryssing av fjorden eller anna - kunne ein også ha teke med. Alt saman vitnar om heltemodig innsats frå kvinner, som langt frå vart verdsett slik dei burde.



Jordmor Jensine Rødal Grønningsæter og jordmorskrinet hennar.

8.6 Sager

Der det var god tilgang på høveleg tømmer i nærområdet og gjerne tilflot frå sjøen, vart det etablert sager. Det var eit stort framsteg å få saga tømmeret sitt til høvelege dimensjonar for bygging av hus, lører o.l. Dei største sagene hadde gjerne også eige høvleri, slik ein t.d. kunne få laga panel og golvbord. Etter at elektrisk kraft vart tilgjengeleg og ein dermed ikkje

var like avhengig av vasskrafta, vaks det fram sager på mange gardar i bygdene våre. Døme på bygdesager som framleis er i drift er eigd av Norddal saglag, Fjørå saglag og Gjerde saglag.

På 1500- og 1600-talet var der fire sager i Reindalen. Tømmer vart eksportert frå Reindalen til Nederland og Skottland. Det vart mellom anna brukt til seglskuter. Dei utnytta vinterføret og brukte sledar for å få tømmeret frakta heilt til sjøs. Tømmeret var svært verdfullt. Sidan det voks så høgt over havet, heldt det seg i hundrevis av år. Det vart ikkje invadert av husbukk eller angripe av mott. I dag er to av sagene tekne vare på. Jakobsaga, som høyrer til Ålesund-Sunnmøre Turistforening, vart restaurert av Storfjordens Venner og Tafjord Kraftselskap i 1989. Den andre, Reindalssaga eller Petersaga, er også restaurert. Det skjedde i 2009.

Sagbruksdrifta - med nyvinninga oppgangssag og påfølgjande eksport av tømmer til kontinentet - omfatta og fleire sager på Dyrkorn og i enkelte grendelag i Stordal. Ein kan nemne to tidlege sager på Dyrkorn og gardssaga på garden Seljebotn. Funn av fururøter på Seljebotsmyrane tyder på at der var stor furuskog på 1600-talet. I Seljebotselva er der ein høl som kallast Saghølen. Det er då rimeleg å tru at den nemnde saga var plassert der ved den hølen og med fossen ovanfor. Det synest å vere ein lagleg stad med tanke på framdrift av tømmer frå Seljebotsmyrane, som i dag er eit naturvernområde.

Historisk sett har ein gode tal å halde seg til når det gjeld sagbruksnæringa og tømmereksport av skurbord. Sagbruka var skattlagt frå høg-middelalderen. Hadde ein det som vart kalla for ei årgangssag - der det var stabil vassføring gjennom året -vart skatteyttinga til krona dobla, samanlikna med der det berre var flaumsaging på vassføring, som var avhengig av regnfløde for å kunne drive saga. Den sparsame skattlegginga av oppgangssager, tydar på at det ikkje kan å ha vore så god tilgang på grovare tømmereskog i Stordalsregionen. Om ein samanliknar med fleire andre område i same regionen var det ikkje ein så stor førekomst av hogstmoden furuskog - ettertrakta til skurlast - i Stordalsbygdene, som det var fleire andre stader kring Storfjorden. Noko storskog var det likevel å oppdrive og den vart gjerne hogd til eige bruk i bygda. Men også her var tømmer ei særleg ettertrakta eksportvare som i rett tidleg tid vart ei god inntektskjelde innan ein ekspanderande handelsøkonomi mellom bygd og den store verda utanfor.

Ein fekk - som mange andre fjordbygder med gammal ettertrakta og seinvaksen furuskog - ein langvarig, negativ effekt på grunn av dei større uthogstane på 1600- talet. Eigentleg trengte dei lokale gardbrukarane skogen sjølv til alle sine eigne omfattande bruksområde, skriv Jostein Sande (i bygdeboka; «Farne tider»). Slik sett vart avskoginga ein heller dårleg «handel» på lang sikt for skogeigarane.

8.7 Båthistorie

Det var frå året 1857 det kom dampbåtar i fast trafikk på fjorden. Dette gjaldt både Storfjorden og sidearmene av denne. Stiftinga Notnaustet, har som føremål å ta vare på kulturminne knytt til livet på Norddalsfjorden. Arbeidet med å gjenreise Dale dampbåtkai i Norddal - bygd av Dale kailag i 1902 - er slik sett også eit godt døme på frivillig arbeid i regi av stiftingar. Dale dampbåtkai vart øydelagt av orkanen «Dagmar» i 2012 og sidan då har stiftinga - gjennom eit imponerende frivillig arbeid - vore med og sikre den maritime

kulturhistoria i bygda. Ein har inngått avtale - og samarbeider tett - med grunneigar i arbeidet med å gjenreise både dampskipskaia, ferjeleie og eit tilhøyrande kaihus. I tillegg til ein betydeleg dugnadsinnsats, har det offentlege ytt midlar via fylket si kulturminneavdeling (kr 125.000). Ein har også motteke tilskot i form av verdsarvmidlar. Det private næringslivet har og vore med på spleiselaget. M.a. har Stiftelsen Uni løyvd kr 200.000 til prosjektet. Også kommunen v/Lars Kjell Smoge og fylkeskommunen v/Helge Aarset har vore involvert i prosessen, med tanke på det bygningsmessige. Utover det reint kulturhistoriske, ligg det her også muligheiter i høve til innovasjon med tanke på turisme basert på å gjenskape ramma kring passasjer og varefrakt på fjorden. Ein har som mål å få Dale kai som ein etablert del av satsinga kalla Nasjonal Reisestad. Vegmyndigheitene har her vore inne i biletet med tilrådingar. Mellom anna ønskjer ein å tilby turistar hesteskyss frå kaia.



Arkivfoto frå kaiområdet i Norddal. Foto: Stiftinga Notnaustet.

Ferdsla på fjorden er ein sentral del av historia til kommunen, og det er viktig å støtte opp om det gode arbeidet som blir lagt ned. Stiftinga vil også ta vare på - og dokumentere - det som er att av gamle gjenstandar og historier, knytt til livet på fjorden. I dette ligg det også at dei ynskjer å bevare nausta og båtane i mange av desse. Kaia og kaihuset - med den tidlegare ferjekaia - har i lange tider også vore ein sosial samlingsstad i bygda og innsatsen til stiftinga har vore viktig også i ein slik samanheng.

Bruken av Storfjorden som ferdselsåre - og til å drive naudsynt matauk - er godt dokumentert gjennom fleire bøker og nettstader som omfattar Fjord kommune. Fjorden var fortidas stamveg, då vegstellet kring fjordarmar og over høgjellet var lite utbygd til langt inn mot nyare tid. Sjøvegen var difor einaste muligheita for å kunne ferdast dit ein måtte ha sine gjeremål og ærend.

I lang tid var det berre åremakt og råseglet folk hadde å stø seg til. Då det vart dampbåtar på Storfjorden - med stoppestader i bygdene - må det ha vore litt av ein framgang for folket. Der ein før måtte bale einsam i færingen eller i beste fall som roar i eit båtlag - med rorskarar i storfæringen, eller ein anna type trebåt - kunne ein no frakte både seg sjølv og gods på fjordbåtane til dei nye dampbåtselskapa. Desse revolusjonerte ferdselen for folk, men i den første tida var det rett kostbart for bygdefolk å ta turen med dampbåten. Billettprisen stod ikkje i høve til dei små pengesummane, som var i omlaup for det store fleirtalet. Men etter kvart vart det billigare billettprisar og ei noko jamnare lønsauke. Dette bidrog til at det vart mulig for fleire å nytte seg av fjordbåten.

Av eldre bruksbåtar med kjent brukshistorie kan ein her nemne førsleibåten som står på garden til Hans Muri på Muri. Den hadde kapasitet til å frakte 12 kyr samtidig. Jektene var ei båttype som spela ei sentral rolle på fjorden og desse kunne også frakte varer fram og tilbake både til Trondheim og Bergen. Ei av dei mest kjende av desse, er Åsejekta. Dei originale jekkeborda frå Åsebugen er i dag i Bjørkedalen og eigar er Jens Lingås. Desse borda danna også grunnlaget for bygging av ein eigen modellen av båten i M 1/10. Byggmeister til Åsejekta var Saxe Bjørkedal og båten høyrde heime på Linge. (Meir dette og andre jekter på Storfjorden og Hjørundfjorden vert å finn i "Jekter og jektefart på Storfjorden", Nøysemd 3, av Eystein Hjelme)


Ein viktig del når det gjeld det historiske miljøet som prega bygdelaga kring Storfjorden, er saga om gamlekaia i Fjørå og staden som heiter *Jektekøyla*, og då også med båtbyggjarmiljøet i Vika.



Modell av Åsejekta - Ein sentral fraktbåt i Storfjordens historie. Fotograf: Eystein Hjelme

Bildet ovanfor er altså frå Hovsbugen i Stordal (ukjent fotograf). Her vart jekta "Viderø" av Stordal sett opp hausten 1867. I bygdeboka «Farne Tider» kan ein lese meir om dette. Der finn ein også salgskontrakta.

Også på Relling i Norddal var det jektekøyler og den dag i dag kan ein finne konturar i landskapet, etter dette. Restane etter det gamle jektenaustet vart rydda vekk i 1975.



På bildet ovanfor - som Arne Nydal har sendt inn - ser ein Jektekøyla tett attmed nausta. Elles på dette unike bildet, teke av fotograf Kirkhorn frå Molde i 1883, ser ein utløpet av to elvar. Ein ser også Iverhuset, Tiendestabburet og det gamle skulehuset (mørkt hus midt på). Her var og huset til jordmor Margret, utdanna i Danmark, den fyrste jordmora i distriktet her. Vidare ser ein også m.a. kvar Tinghaugen, Torshaugen og Kyrkjemyra låg.

Lokalhistorikaren Eystein Hjelme har via mykje tid på å innhente historisk stoff knytt til båthistorie generelt og desse jektene spesielt.

Meir båthistorie finn ein også i kapittel 8 Samferdsel (Ferdsl langs fjorden)

8.8 Taubaner / løypestrengar

Løypestrengar og taubaner har vore eit svært viktig transportmiddel i eit landskap prega av bratte lier og djupe dalar. Dei første løypestrengane kom truleg på plass mot slutten av 1890-talet. Etter kvart vart det behov for ei meir robust løysing, noko som resulterte i at også taubanene kom inn i bildet. Men moderniseringa i landbruket rundt 1950-1960 bidrog til at bruken/behov tok til å minke. I dag er nesten alle strenger og baner tekne ned, men framleis er det løypestrengen som gjer si nytte t.d. når varer skal fraktast opp frå sjøen og til Ytste Skotet. Det finst mykje god dokumentasjon i hefter som Arne Nydal m/fleire har laga om emnet. Eystein Hjelme har også via plass til nettopp løypestrengar i sitt manus til «Nøysemd 4». Ein ser spor av desse løysingane mange stader, men det er altså få som er intakte og kan brukast. Ein har intakte taubaner på t.d. Smoge og Ospahjellen. Ved løypestrengfestet på Brunene, ved setreråsa mellom Prestegarden og Innsetsetra er informasjon om bruken sett opp. Det er t.d. og enkelte intakte løypestrengar over Stordalselva. Martin R Moe tek også føre seg dette med løypestrengar i det 5. historiske heftet. Der får vi ei detaljert oversikt over løypestrengar i Stordal, som også viser kor utbreitt det var. Ikkje minst var desse viktig i samband med vedhogsten. Restar av strengfeste er der framleis. Ein hadde og tradisjonar for å nytte seg av løypestreng på fleire brattlendte bruk i Tafjord og Fjørå.

Taubanene som kom på plass som ein del av kraftutbygginga i Tafjord er likevel i ei klasse for seg, men då snakkar vi naturlegvis i nyare tid. Rødal I t.d., var Norges største godstaubane med en løftekapasitet på tre tonn. Den vart brukt til å frakte tungt anleggsutstyr og rekorden var då eit gruvelokomotiv vart frakta opp i delar.



Rødal I er Norges største godstaubane (Foto frå 1982: Tafjord Kraft)

8.9 Steingardar

All rydding av land opp gjennom tidene har på ein eller annan måte omfatta arbeid med stein. Dei eldste steingjerda ein kjenner til, er frå eldre jernalder og knytter seg til landbruket. Gardsanlegga har endra seg over tid. I nyare tid skjedde det ei endring i landbrukslandskapet som følgje av lov om utskifting av 1857. Då vart små åkerlappar og teigar slått saman til større einingar, skifta ut mellom bøndene. Dei fleste innmarksgjerda vi ser i dag, er bygd opp i samband med denne jordreforma.

Steingjerda beskytta innmark, avgrensa geil der dyra vart leda til utmarka og vart brukt som avgrensing av eigedomar. Det finst mange flotte steingardar i alle bygdene, som eksempel kan nemnast dei på Hjellane i Eidsdal og oppe i bakkane, bak barnehagen i Fjørå. På Uri i Valldal er det ein rett lang steingard. Ein finn og ein fint vølt steingard på Selboskar i Fjørå. *Stormuren* som strekk seg som eit bærande element i landskapet på Nerhagen er verkeleg eit døme på godt handverk. I eit intervju Storfjordnytt hadde med Kåre Nerhagen nyleg, kjem det fram at far hans - Lars Nerhagen - hadde leigd inn «Tege - Bendik» (Ole Bendik Omenås) for å få denne på plass. Muren var 40 meter lang og over 4 meter høg på det høgste! Også her var det kun det store spettet dei hadde til å hjelpast med. (meir om «Tege-Bendik» på side 46, under kapittelet om samferdsel)

Men ikkje minst også i Eidsdal finn ein altså slike imponerende byggverk og då i særdelesheit den 3 km lange steinmuren frå Kalvegjerdet nede ved Eidselva og opp til Heia (1000 moh) ved Tuva. Denne vart bygd i 1880-1882. Dette skulle bli ei grense mellom gardane Hjelle og Storåsen. Også for å halde husdyra på rett side. Det var karar frå Skjåk som var leigde inn til å bygge muren. Eit ufatteleg stort arbeid.

På garden Hjelle gnr. 58, bruk nr. 14 og 4, finn ein også sju særmerka murar. Dei er laga av Knut Knutsen Hjelle (1857-1944). Truleg gjorde han sjølv alt arbeidet. Murane var vesentleg laga for å plassere stein, dessutan for å auke litt arealet og få betre dyrkingsmulegheiter. Det er lokalhistorikar, Astor Furseth, som har bidratt med sin omfattande kunnskap, også når det gjeld desse murane i Eidsdal.

Sjølv om det ikkje direkte kjem inn under kategorien steingardar, nemner vi også «Uksehytta» ved Storvatnet i Dyr dalen (Norddal). Det vart mura to veggjar i naturstein og lagt tak over, slik dyra kunne søkje ly for ver og vind. Det var oksebeite der fram til starten på 1950-åra.

Ved Storvatnet (på Innsetsida) finn ein også eit steinnaust kalla Prestenaustet. Dette hadde funksjon som herberge for overnatting. I dette området er også steinalderbuplass lokalisert.

Kring Langsætrane i Stordal er det og fleire interessante steingardar som vart lødd opp i samband med seterdrifta der. Steingardane hadde og ein funksjon som del av ei drenering i lag med holveiter for å halde overflatevatn vekk frå stølsområdet.

9 Samferdsel

Olavsvegen

Heilag-Olav si ferd inn Storfjorden til Valldal og vidare over fjella til Dovre er vel dokumentert i Snorre. I 1028 kom han med fem skip og 400 mann til Sylte i Valldal, på flukt frå fiendane sine. Han gjekk i land på øyra, og let reise eit kors. Dette korset kom vekk antakeleg i 1679, då skred og flaum sopte store delar av Sylte på sjøen, også kyrkje og kyrkjegard. Neste dag starta ferda oppover dalen, med hjelp frå bygdehovdingen Bruse Muri og mange bønder frå dalen.

Den første stansen var Langbrekka (no kalla Korsbrekka) der kongen kvilte. Og det var sett opp to kors der kongen sat. Her stod to kors til utpå 1200-talet. I kjelder frå 1743 er berre eitt kors att, og bøndene passa på at når eit kors rotna ned, reiste dei eit nytt. I 1839 reiste valldalingane eit nytt kors, i form av ein bautastein med jernkors på toppen. Stien Heilag-Olav følgde over Syltemoa og Korsbrekka er kalla Olavsvegen, og den er freda. Ruta som Heilag- Olav fekk rydda gjennom Skjersura, frå Alstad til Grønning, blir også kalla Olavsvegen i dag.

Heile ruta frå Sylte, fram gjennom Valldal og vidare mot Dovre er godkjent som pilegrimslei.

Gamle ferdselsårer og vegar

Alt frå den første busettinga er det blitt laga eit slags ride- eller kløvvegar. På dei mange fjellovergane i bygdelaga i kommunen vår, kan vi sjå restar etter desse og dei ligg der som synlege bevis på kor viktig dette med samferdsel var. Vi kjenner m.a. godt til kor viktig det var å kunne ta seg fram til marknadsplassar og ein av dei mest sentrale låg på Veblungsnes i Rauma. Ein del av desse kløvstiane er ekstra godt bevarte og ein av desse finn vi på Trollstigen.

Gamlevegane er viktige kulturminne i alle bygdelaga. Desse vegane fortel i seg sjølv historia om ei tid då samferdsla og framkomstmidla var annleis enn i dag. Gamlevegane går ofte gjennom tradisjonelle kulturlandskap, det er kome på plass fine murar og der er gjerne bruer og kviler. Fleire av desse vegane har i tillegg stor verdi som turløyper og trimløyper. Ein kan her nemne gamlevegane frå Bugten til Ytterli, samt frå Vika til Ytterli, begge i Fjørå. Likeeins finn ein spor etter gammal bygdeveg både på strekninga Hove-Mo, i Røysetdalen og i Nørdalen. Desse spora er så tydelege at det kan late seg gjere å til dømes teikne dei gamle veglinjene inn på eit kart. Tilsvarande spor finst også i Dyrkornbygda, og på strandgardane finst det også gardsvegar eller bygdevegar.



Gamlevegen frå Rem til Grønning i Valldal, er oppgradert til fin turveg.

Øvstevegen i Valldal, kan også stå som eit døme på ein rett gammal bygdeveg med ein lang tids bruk. Øvstevegen sin eksakte alder er det vanskeleg å fastslå, men det ein veit om historisk bruk av denne vegen peikar mot at den må vere av dei eldste vegane som vart teke i bruk på indre delar av Sunnmøre. Det er ei lang rekkje kulturminne av både materiell og immateriell type som ligg kring vegen. Vi tek her med eitt av fleire innspel frå lokalhistorikaren Eystein Hjelme, som syner til ei større mengde ulike kulturminne som høyrer til ved denne bygdevegen:

«Øvstevegen må vere svært gamal, og sikkert frå den tida dalen var delvis neddemd. Dette sidan den har sin trasé, oppe i dalsida over dalen. (Frå 0 til 150 moh?) Vi veit at Morten Ramstad (UIB) har grave ut tre buplassar på Slettvikane 742 moh og kol frå bålplassen der vart datert til 10500 —11000 år gamal. At vegen kan ha same alder er vel å trekke dette litt langt, men at ei mogleg busetting og dermed ferdselsåre kan vere svært gamal, det er nokså sikkert. Vegen som startar frå Muri/Jamtegard til Valldal gard er framleis tydelig, i tillegg finn vi delar av vegen heile dalen oppover til den møter Heilag Olavs veg på Alstad og Vidare opp til Trollstigen. I eldre tid var nok sidevegen over Langfjelldalen til Verma ei meir vanleg rute. jamfør buplassar! Dette var klart alt i 1028 då Heilag Olav, valte denne ruta.»

«Seinare vart dette ei vanleg rute for Valldalingar og andre som skulle til dømes til Røros marknaden. På dette korte stykket (Uri/Valdal) finn vi i tillegg til vegen, fleire andre kulturminner: 1. Ein uvanleg flott steingard på mellom 500 -1000 meter lengde. «Hagarden» Skille mellom Uri/Valdal utmark med stor stein helle, som eg hugsar var nytta til stenge i garden. 3. Uvanleg flott natursti, som det framleis i dag er ei glede å vandre på. 4. Fangstplassar like inn på stien for mår og røyskatt. (Sjå Stabburssteinen) 5. Enno kan ein sjå restar av «Navar», etter lauving av bjørk. 6. Ved Skjellfonnura var det gøyemeplass for radio under siste krig. 7. Her frå same ura og fjellet over, tok Lars Petter Valdal (1842-1930) ut store mengder stein, som han nytta til sitt store låve prosjekt, dette arbeidde han med i 7 år —berre til muringa!»

Ein mann som gjorde omfattande vegarbeid i Valldalsfjella var Ole Bendik Omenås (1872 – 1933) eller «Tege - Bendik» som dei helst kalla han i samtida. Han budde på Omenås i Valldal og tok på seg å byggje vegar og å utbetre ferdselsstiar i mange år i heimfjella sine. Ein kan her mellom anna nemne arbeidet han tok på seg i samband med ein hellelagt veg

som vart bygd oppe i høgjellet langs Heimstevatnet i Valldalsbotn. Vatnet ligg 821 moh. Omenås bygde vegen ved hjelp av stein og store heller frå ura og då av til dels store dimensjonar. Det einaste han hadde å hjelpe seg med var eit stort spett. Dette spettet er å finne på Omenås den dag i dag. To mindreårige søner (Hjalmar og Sigurd Audstein) var også med og hjalp til. Kona, Ane Marja, sætra i Espedalen og det vert fortalt at Ole Bendik og dei to sønene arbeidde kun for maten. Breidda på denne spesielle vegen av rein blokkstein, var nesten 2 meter på det jamne. Arbeidet vart gjort i vanskeleg terreng gjennom ura, men vegen vart fullført med handemakt.

«Tege-Bendik» var og ansvarleg for å sette opp ein stor mur i Nerhagen i Fjørå. Den vart bygd i åra mellom 1911 – 1914. På same stad vart holveiter (kistveiter) som han hadde lagt ned teke opp att og ettersett i 2005. Dei fungerte rett godt framleis.

I tillegg opparbeidde han og eit par av sønene hans fleire gangstiar som letta ferdsel mellom bygdelaga først på 1900 talet. Av meir «fritidsretta» arbeidet kan det nemnast han saman med tre andre frå bygda sette opp ein uvanleg stor varde som var heilt sirkelrund av naturstein som var blokkstein oppe på ein fjelltopp.

Måla på varden er ifølgje Eystein Hjelme 2 meter i høgde og 2, 5 meter i diameter. Heilt uvanleg for ein varde sitt vedkommande må det vere å ha trapp utvendig på varden og trapp innvendig ned til det indre holrommet av varden, men det ville Tege – Bendik ha. Dette spesielle steinarbeidet i høgjellet vart gjort i 1912.



Åleine: Ole Bendik Valdal budde på Omenås i Valldalen og var heilt åleine om vegbygginga i fjellet. (Bildet er utlånt av Arna Overøye)



Ein flink arbeidskar i fjellheimen - Ole Bendik Omenås frå Valldal. (Frå reportasje i Sunnmørsposten) Til høgre, lokalhistorikar Eystein Hjelme ved «Bendiktoppen».

Bøndene fekk ansvaret for vegbygging og vedlikehald

I 1636 kom det påbod om vegbygging og vedlikehald som skulle utførast av bøndene med pliktarbeid. Vegane vart berre «udskaaren» og sletta til så ein kunne ri eller kløvje. På slutten av 1800-talet vart det fart i vegbygginga, i første omgang vart dei gamle råsene og ridevegane forbetra. Parallelt vart det laga vegar i kvar gard, og mellom gardane.

Eigne rodesteinar vart sett opp slik ein kunne ha oversikt over kva gard som hadde ansvaret for vedlikehaldet av vegen og det heile vart delt inn i parsellar. Nokre slike rodesteinar står der som synlege bevis den dag i dag, men dei fleste er nok dessverre borte.

Lokalhistorikaren Kristian Almås i Stordal har lokalisert seks slike rodesteinar og i tillegg også det ein antek kan vere ein runestein/milestein.

Den eine av rodesteinane (eller restane av denne) var det Jon Holt som hadde funne i elva ved Jøsvoll.

I november 2013 klarte Kristian å finne rodesteinen på Stampesletta ved Stavåna. Steinen låg då på marka der han eingong stod, og det som står er leseleg: LNO 6 430 AL (Løpenummer 6 430 alner).

I Overøye står det ein stein, og på den står det noko liknande som på stein nr 2. Steinen står no på murkanten på øvste sida av vegen ca 300 meter før ein kjem til enden av fylkesvegen. Der kan vi lese: LN^o 2 275 AL (Løpenummer 2 275 alner).

Den fjerde steinen Kristian omtalar, stod opprinneleg ved Brendhaugen (Brendhaugskrærne) i Almåslia. Kristian hugsar at det stod Talberg på steinen. Det som var hogge inn i steinen var også skriva med kvit måling og var derfor lett å lese. Etter at denne steinen vart skada ved at ei kantklippemaskin knuste noko på toppen av steinen, tok Kristian restane av steinen med til Almås. I øvste kant av steinen viser så vidt noko av skrifta som ein gong var lett leseleg som Talberg. Vidare står det GN 97 b2 191 M. Dette må då vere gardsnummer og bruksnummer 2. 2-talet er ikkje godt leseleg. 191 M må bety at roden var på 191 m. Denne rodesteinen må i fylje Kristian vere av nyare dato, då gnr. og bnr. frå matrikkelen i 1907 er brukt.

Den femte steinen vart funnen på Ekre i 2014. På steinen står det: LNO = 357 AL (Løpenummer 3 375 alner). Steinen er oppbevart på Ekre.

Den sjette og førebels siste rodesteinen Kristian har lokalisert i Stordal står i Kvammen.

No var det naturlegvis ikkje berre i Stordal det var vanleg med slike rodesteinar og Arne Nydal frå Norddal fortel at han kjenner til fire slike i sjølve bygda. Ein har Asbjørn Krohn Dalen sett opp - og måla - ved huset sitt i Dalen. Ein er oppsett (no litt skada) rett over vegen til kyrkjeinngangen. Innmeisla namn etc. var for ei tid sidan måla. Denne var eigentleg kommunen sitt ansvar, som kyrkjeieigar. To steinar ligg på garden Eikra. Der var mange rodesteinar i bygda, men mange - og då dei fleste - er kanskje borte no. Rodelengda var i antall alen, noko som kunne variere mykje alt etter storleik på gard og veg etc.

Bruken av milesteinar, eller milepælar, skriv seg heilt tilbake til antikken. I Norge kom milesteiner i bruk etter at lova om skyssvesenet vart innført i 1658. Vegane vart målt og det vart sett opp steinstøtter langs hovudvegane etter kvar landmil. Steinhella Kristian omtalar, vart funnen av Oddgeir Grønning på Ekre i 2014 - eller kanskje noko før - under gravearbeid. Astor Furseth fekk steinen, og han diskuterte dette funnet med mellom andre Jarle Sulebust. I vitenskapen om runer blir det skilt mellom Det gamle og Det nye runealfabetet. Inskripsjonen liknar ein M etter Det nye runealfabetet. Ein teori kan vere at M står for mil, og at dette då har vore ein milestein. Frå sjøen i Stordal sentrum til Ekre er det ca 1 mil (10 km). Ein runestein er naturlegvis gammal og frå ei tid lenge før det metriske systemet vart innført i Noreg, men frå gammalt av finst også mil som lengdeeinang. Den gamle mil - eininga er ikkje så langt frå det som vi i dag reknar som mil. Ei gammal norsk mil var 11295 meter. Det nye runealfabetet vart teke i bruk frå rundt år 800, og vart brukt utover i vikingtida (Wikipedia).

GPS-posisjonen for funnstaden er: UTM32: 401393-6913500.

Steinhella er no teken til vare og ligg i Løsetstova i Stordal bygdetun. Over soverommet (kammerset) i austre enden av huset er det eit loft (hems). Steinhella vart lagd der i det sør-austre hjørnet sommaren 2015.



Steinhella med inskripsjon, som truleg kan vere ein runestein/milestein



Rodestein frå Overøye



*Restar av rodestein
(alle foto: Kristian Almås)*

Frå kring 1900 vart det sterk auke i ferdsla då gardsdrifta vart meir eit pengehushald. I 1919 skaffa Mons Kleiven seg ein brukt Ford-bil, og fekk konsesjon til å køyre rutebil i Eidsdal. Kring 1920 kom første bilen til Valldal, men rutebilferdsel vart det først i 1926. Første bilen som kom til Stordal var rundt 1925, ein Duarak. Den vart kalla "Darraken" og eigarar var Peder Øie, Ole Hove, Lars Vinje og Ole Lukkedal. Den siste var sjåfør. Den hadde kjennetegn T 16. Den andre bilen som kom var «Hotellbilen», ein Chrysler, rundt 1930. Den vart mest brukt til å køyra engelske laksefiskarar og jegerar med. Dette var starten på ei ny tid.

Trollstigen og Ørnevegen

Sjølv om desse to vegprosjekta i og for seg er lokalisert utanfor kommunegrensene, har dei like fullt hatt ei enorm betydning for vår kommune. Realiseringa av dei begge krevde også omfattande utbygging av vegane, både for Valldal og Eidsdal sin del. I tillegg til sjølve vegane, som ein må kunne sjå på som kulturminne i seg sjølv, finnast det mykje dokumentasjon frå tida då desse heilt unike vegane kom på plass.

Arne Sandnes er ein av dei som sit på mykje kjeldemateriale knytt til både utbygginga av Trollstigvegen og som dokumenterer utviklinga av heile dette området, heilt tilbake til 1700 - talet, også det som omhandlar samferdsel. I dette materialet fins m.a. originalkontrakta frå 1923, som viser at Statens Vegvesen kjøpte ei 6 dekar stor tomt, nettopp på Øvstestølen og Vegvesenhytta står der framleis, den dag i dag. Mykje tyder på at dette er den siste bygningsmessige levning etter bygginga av Trollstigvegen og ikkje minst også av den grunn viktig å ta vare på. Vidare har Sandnes kjeldemateriale knytt til den gamle steinkvelvbrua frå 1895, som står berre 100 m ovanfor brakka, og elles henvisningar til ei bru som stod på same staden i 1785, og som skal indikere at det alt då var sett i gang arbeid på det som seinare vart Trollstigvegen. Ein veg Kong Håkon den 7., som kjent opna den 31. juli 1936. I tillegg til sjølve brakka, fins redskap, innretningar, bildemateriale, minnesteinar (2 stk. på Slettvikane 3 km lengre oppe i vegløpet) etc. som er konkrete og handfaste kulturminne, og som kvar for seg og i sum fortel ei fantastisk historie frå vår «ikkje-alt-for-fjerne» fortid. Og som nemnt, berre i ei armlengdes avstand, fins beslekta kulturminne som vitnar om ferdsle og bru/veg-bygging i endå eldre tid. Ein siktar då m.a. til «Gamleselet» (80 m frå brakka) som er datert heilt tilbake til 1565, og som er ei av dei eldste bygningane i Møre og Romsdal.

I Valldal lever det enno fleire tidsvitner som kan fortelje om vegbygginga for 100 år sidan, og som sjølve deltok. Vi tenkjer då ikkje minst på Nikka Myren Grønning som var anleggsskokke den gongen. Nikka er i dag (2022) heile 105 år, og ho har nyleg også fått ein av svingane i Trollstigen kalla opp etter seg. Dette som heider og takk for den innsatsen ho la ned, i samband med realiseringa av prosjektet. Ved å kalle opp att ein av svingane etter Nikka, fekk ein også fokus på at det slett ikkje er slik at det berre er menn som har vore med og bygd landet, sjølv om ein lett kan få slikt inntrykk når ein ser attende på det som er skrive eller fokusert på. Meir om Nikka også i kapitlet «Matproduksjon på gammalt vis», der vi slår fast at ho «heile Norges bakstekjerring» også har motteke Kongens fortjenstmedalje og at ho er blitt kjendis langt utanfor landegrensene våre.

Om lag samstundes med at Trollstigvegen stod ferdig, vart Valldal skysslag (1935) oppretta. Året etter var også Valldal-Åndalsnes Rutebllag ein realitet. Dei dreiv all rutekøyning mellom Valldal og Åndalsnes fram til 1980 då selskapet vart delt i to, og Sunnmøre sin del vart innlemma i Storfjord Rutebilar.

I 1939 kom forbindelsen mellom Viset og Dyrkorn på plass, m.a. med den 340 meter lange Visettunnelen. Terrenget var særst bratt og vanskeleg, der ein m.a. måtte på plass med 6-10 meter høge murar. I 1955 opna vegen over til Geiranger. Året etter fekk ein fast vegsamband også mellom Dyrkorn og Stordal, og det etter heile 10 års krevjande byggearbeid. Det er ikkje vanskeleg å skjønne kor mykje dette hadde å seie for så vel næringsliv som for folk flest. Enno eit langt steg innan samferdsel vart realisert når den 3539 meter lange Stordalstunellen vart opna i juni 1998. Fem år seinare kunne ein også opne det andre byggjesteget, nemleg Dyrkorntunnelen.

Bruer

Det var mange bruer rundt om i kommunen, og dei fleste var av tre og såleis utsett for ver og vind. I 1878 vart det bygt ny bru på Øygard i Eidsdal. Dette var første brua som fekk mura steinkvelving, og ho markerte ei ny tid. I 1907 vedtok heradsstyret i tidlegare Norddal kommune å byggje kvelvingsbru på Hoel. Det finst ei rekkje steinkvelvbruer i kommunen. Mest sannsynleg var det - utover dei lokale murarane - Magnus Brunstad frå Riksheim i Sykkylven som hadde hovudarbeidet med å mure opp nokre av dei solide og estetisk sett vakre bruene i Fjord sine krinsar. Tidsperiode som han var aktiv i - som brubyggjar i bygdelaga kring Storfjorden og Hjørundfjorden - samsvarar godt med årstala ein kjenner til for ferdigstilling av desse bruene. Magnus Brunstad var meir som ein ekspert å rekne når det gjaldt bruer av kløvstein, sett opp over elvane for å lette ferdsel. Han hadde mange oppdrag fleire stader som byggmeister for steinbruer. Det er ikkje usannsynleg at han har hatt oppdrag med å sette opp steinkvelvingsbruer over vassdrag i Fjord sine elvedalar.

På Dyrkorn og over Dyrkornelva vart steinbrua bygd opp av kløvstein som ein må tru vart brote ut av fjellet i nærleiken av staden brua vart bygd over elva. Den vart bygd i året 1870. Av fleire andre steinkvelvingsbruer kan ein her og nemne kvelvingsbrua på Øvrebust. Denne går over elva Rikjenda, som er ei sideelv til Stordalselva. Den første vart bygd i året 1848 av Peter Nilsen Øvrebust og den kosta 36 riksdalar å få bygd. Brua fall saman i 1896, men den vart bygd opp att allereie same året. Det fortel sitt om kor viktig bruene var for ein tungvint samferdsel før om åra.

Ferdsel langs fjorden

Heilt fram til mot 1900-talet vart det først og fremst sjøen som var ferdselsvegen mellom bygdene. Det var fjorden som var sjølvne grunnlaget for både busetjing og kultur. I dag vert fjorden sett på som ei kommunikasjonsmessig hindring, men historisk har fjorden vore eit bindemiddel. Gardane på kvar side av fjorden var næraste grannar. Alle gardane hadde minst ein båt, og færingen var den tids traktor.

På nettsida til Stiftinga sjøfart og sjøbruk i Storfjorden, kan vi lese mykje meir også om det som har med ferdsel og båtbyggjarkunst å gjere. M.a. finn vi ei detaljert skildring knytt til bygginga av «Myreåtringen» i Valldal. Byggmesteren - Gunnar Myren - var tydelegvis ein rett så dugande handtverkar.

«Det var han Gunnar som var byggmester og som bekostet Myreåtringen. Det gikk årevis for å få den ferdig, og tillike lang tid for å hugge og ry all materialen som tiltrengtes. Av verktøi som en brukte til innvendig arbeide kan nevnes: Borsvingen som var lavet av tre og hadde flere forskjellige trehylser hvor de forskjellige små bore var festet. Hylsteret kunde hurtigt skiftes efter borstørrelsen som trengtes. Passeren var også av tre med jernstifter i nederste ender, og gjennom passerens ben gikk en trebøile så den kunde stilles på et bestemt punkt. Fotpasseren var også av tre med jernstifter som den dreiedes på og en kile som satte den fast på den lange arm så et bestemt mål kunde taes.

Gunnar Myren var meget allsidig, og han var også særdeles flink til å sette gårdskverner istand. I den eldre tid hadde alle gårdbrukere kvem, og alt mel som bruktes i hjemmet var malet på gårdskvernen som derfor var et viktig ledd i gårdsfolkets eksistens. Gunnar har laget 103 kvernkaller, smidjet beslaget og tilhugget nedlagsrennene på en sådan måte at kallen fikk den hete nytten av vannstrømmen. Det var en fryd for øiet og se hvordan vannet lekte sig med kvernkallen, som hadde sitt bestemte mål efter kvernens størrelse. Gunnar skulde også være felemaker og tillike spillemann, så hans gård blev et samlingsted for ungdommen i grannelaget.»

«Myreåtringen er den siste farkost som er bygget her, og som man kunde ferdes ute på havet med. Ingen båt er senere bygget i Valldal av den størrelse og så langt oppe i dalen.»

Men også sokalla «føringsbåtar» vart nytta. Dette var noko større og stødigare båtar til frakting av t.d. storfe og hestar. I Fjørå ligg det ein slik med lengde på 8,25 meter, bredde 2,50 meter og med tiljer på 1,50 meter. Foreininga Sjøfart og sjøbruk i Storfjorden har lagt ned mykje godt dokumentasjonsarbeid og på nettsida deira kan ein lese mykje meir om både føringsbåten og anna. Lokalhistorikar Kåre Nerhagen har m.a. skildra reisa frå Fjørå og til Norddal - og vidare til Herdalssætra - for å få dyra på sommarbeite der. Oldefar hans, Tore Ludolfson Nerhus (1820-1904) gifta seg i 1853 med ei jente frå Dalsbygda, Karen Maria Ivardtr. Krohn (1830-1906). Dei fekk mellom anna litt av ei bryllaupsgåve frå brura sine foreldre, nemleg beiterett for husdyra sine på Herdalssætra!

«Men gåva skapte også eit problem. Korleis skulle dei få 5-6 storfe og alle geitene i tillegg, til Dalsbygda?» «Det var berre fjorden som var ferdsleåra den gongen, men færingen dugde ikkje som førslebåt. Men dei hadde ein dyktig båtbyggjar som nabo - Båte-Rasmus. Han igjen hadde ein son, Martinus, som flytte til Vestnes og kom inn i eit aktivt båtbyggjar-miljø der. Dette gav oldefar ideen om å få bygd ein større føringsbåt for å frakte storfeet og

geitene til sommarbeite i Dalsbygda. Det viste seg å vere ei framifrå løysing.»

Men verken færing eller føringsbåt var eigna når ein skulle lengre av stad og dei nemnte jektene omtala i kapittelet om båthistorie var i ei tidleg fase løysinga på det. Vanlegast var det nok å ta turen til Ålesund, men nokre få gongar i året kunne turen gå heilt til Bergen eller Trondheim. Kring 1760 fanst det rundt 60 slike jekter på Sunnmøre og av desse var eit 20-tal sokalla bondejekter. For å forstå kor viktig desse jektene var også for folket her inne i Storfjorden, skal om lag halvparten av dei 25 bondejektene som var i fart i 1850-åra ha vore heimehøyrande her. (Jostein Sande, Farne tider)

Dei lange naustrekkjene ein ser på bilder frå denne tida, vitnar om kor sentralt båten og fjorden var i alle fjordbygdene. Støer, vor og utfar og til slutt kaier fortel også om kor avhengig dei var av fjorden. Alt dei produserte og skulle selje og kjøpe gjekk sjøvegen. Fjorden var sjølvstekt også ei viktig matkjelde for både fjordgardane og fjordbygdene og gardane også i øvre delar av bygdelaga hadde eigne naust nede ved sjøen.

I 1857 vart første dampbåten sett i rute på Storfjorden. Dette var hjulbåten D/S Søndmør. Båten gjekk to gongar for veka til og frå Ålesund, via Borgund, Aure, Ørskog, Stordal, Stranda, Norddal, Sylte, Hellesylt og i 1858 også Geiranger. Til Tafjord gjekk den berre ein hende gong. I 1890 søkte heradsstyret i Norddal om at Tafjord måtte få minst seks rutestopp i året. Med denne rutetrafikken på plass vart også postopneri etablert. I Norddal skjedde dette i 1859 og i Stordal og Valldal i 1861.




*Hjulbåten D/S Søndmør
(Foto frå Stiftinga sjøfart og
sjøbruk i Storfjorden)*



*Aksjebrev til selskapet som frå 16. desember 1857
starta båt rute på fjorden med D/S "Søndmør"
(Foto frå Stiftinga sjøfart og sjøbruk i Storfjorden)*

Med denne rutetrafikken etablert, kom også behovet for å få på plass eigne kaier rundt om i bygdene langs fjorden. I 1892 kom første kaia i Stordal på plass. Året etter vart det bygt kai i Valldal og Eidsdal, og i 1902 i Norddal. Fram til då, måtte på- og avstiging skje frå båt.



Bilete av den første kaia bygt i Stordal og fjordabåten (frå Konrad Vinje si samling av historiske bilder)



Kaiområdet i Stordal såg noko ansleis ut rundt 1910, enn det gjer i dag. (Gamle bilete frå Stordal, Siw Hole)

Så kom mjølkerutene - då meieriet på Stranda vart etablert - og ein kunne frå då av kome seg til byen og heim same dagen. I perioden 1913 - 1916 dreiv tre karar frå Stordal med båtferdsel med motorbåten «Stordalen», m.a. med rute mellom Ørskog og Øye i Hjørundfjorden. Frå 1920 tok Møre Fylkes ruteselskap over ferdsla med rutebåtar. Trollstigvegen opna i 1936, og året etter kom første ferja i drift. I 1949 vart det opna ferjerute mellom Dyrkorn - Stranda - Valldal, og 1954 mellom Eidsdal og Valldal. Tafjord var lenge utan rutebåtsamband. Det var berre «Tafjord», som oppsitjarane i Tafjord eigde, som trafikkerte. Det var store utfordringar med is på fjorden som hindra ferdsel. Etter krigen vart det sett inn ferje, og bygda fekk kai i 1964.

M/B Tafjord vart bygt i 1927 på Vestnes. Båten har vore nytta mest i rutetrafikk mellom Tafjord og bygdene omkring, men har også vore nytta som isbrytar, kyrkjebåt og til ulike skyssoppdrag. Båten er i lokalt eige. Båten er registrert innunder Riksantikvaren som eit av 250 særskilt verneverdige kulturminne innan bevaring av ulike typar båtar. Den har vore prioritert som eit av arbeidsprosjekta hjå Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund i Hardanger. Restaureringsarbeid har vore utført.

Status for M/B Tafjord er at den som maritimt kulturminne framleis ikkje er vedtaksfreda. Dette har mykje med økonomiske føresetnader å gjere innan kulturminnevernet. Det å verne båtar med alle omkostningar er kostbart. Av desse 250 ulike båtane som er utpeika som særleg interessante verneobjekt frå Riksantikvaren sin side er det 14 båtar som no har fått formell vernestatus. Det vert arbeidd for at M/B Tafjord skal inn på denne lista over verna båtar.

I eit intervju Storfjordnytt hadde med lokalhistorikaren Kåre Nerhagen frå Fjørå i februar 2021, kjem det m.a. fram at det gjekk ei eiga «fruktrute» på fjorden mot slutten av 1930-talet. Den kom innover fredagskvelden, gjekk direkte til Ytterdal (Eidsdal), så til Dalsbygda (Norddal) og Fjørå, før den kom til Linge. På dette viset kunne fruktprodusentane (m.a. far til Kåre, han Lars) - som den gongen ikkje hadde eigen salsorganisasjon - kome seg for å selje varene sine. Det var den ombygde seglskøyta «Framstig» bygd i 1914, som vart nytta og det var i regi av Møre og Romsdal Fylkesbåtar. «Båten vart om sommaren brukt som ferje i 1920-åra. Masta vart lagt ned og kraftige plankar vart lagt mellom rekke og lukearm og på den måten vart det plass til fire personbilar. Båten har elles ei interessant historie. Den har

hatt minst seks eigarar, vorte ombygd fleire gonger, sist 1978-80 til «seilande lystbåt», vore på jordomsegling i to år, og lever i beste velgåande den dag i dag. (Kjelde: Wikipedia 2006).»



M/S Framstig, bygd i 2019.

I 1956 opna vegen mellom Dyrkorn og Stordal, i 1975 opna Lingetunnelane, og i 1982 kom det tunnel til Tafjord. Stordalstunnelen og Dyrkorntunnelen har i seinare tid bidratt til ei vesentleg forbetring med tanke på trafikktryggleik. Før den tid var det mest med livet som innsats ein passerte der.

Gamle traktorar / bilar / utstyr

Det finst ei rekkje gamle motorkøretøy i kommunen, men det er i liten grad gjort registreringar av desse. Den første bilen ein veit om i Stordal var ein bil som var av merket Duarac. Den kom frå Ålesund i 1917. Køyreløyvet heimla at det ikkje var lovleg å køyre i høgare fart enn 15 km i timen. Tafjord skal også ha ei utgåve av typen T-Ford frå 1919.



Første bilen i Stordal; «Darraken» (Gamle bilete frå Stordal, Siw Hole)



Her er eit bilde frå 1937, som viser nokså tydeleg to av bilane som gjekk på vegane i Stordal den gongen. Bildet er tatt i Seljebotn.

Postkontor

Først ute med å få postkontor i vårt nærområde, var Hellesylt. Dette skjedde i 1808. At Hellesylt var så tidleg ute, skuldast nok at det alt i 1787 var kome på plass ei samanhengande postrute mellom Bergen og Trondheim, nemleg Den Trondhjemske postevegen. Kvar veke passerte denne posten Hellesylt, vidare over Ljøbrekka til Stranda, så med robåt til Amdam og vidare over fjellet til Vestnes. Dermed var det lenge Hellesylt eller Stranda som var næraste postkontor for folket i bygdene våre, før det kom på plass eige postopneri i Norddal i 1859. Dette var lokalisert i Ivergarden på Dale, der også telefonstasjon kom på plass i 1906. Huset som står den dag i dag, vart bygd av presten Ludolph Krohn i 1780-åra. Stordal og Valldal fekk postkontor to år seinare. Eidsdal fekk postkontor i 1873, og Tafjord i 1874. Fjørå hadde og eige postkontor frå 1911 til 1974. Postkontora kan sjåast på som ein del av auka samferdsle og større kontakt mellom bygdelag og by og land, som vaks fram frå denne tida. I tidlegare tid var i all hovudsak postfraktinga noko som ikkje bygdefolk var særleg omfatta av. Men med auka skulegang - med høgare grad av lese og skrivekyndige bygdefolk - vart det også meir brevskriving. Med den stadig veksande rutetrafikken på fjordane og etterkvart også langt betre vegsamband, vart postgangen noko som angjekk langt fleire enn det som var tilfelle før.

10 Bygdemiljø

Fundergata

Denne gatestumpen har ei lang og spennande historie. Frå først av var dette den gamle bygdevegen og her vart husdyra jaga morgon og kveld, på veg til beite. Kyrne gjekk her heilt til sommaren 2004. Etter kvart vart det bygd små hus her, og no er dette særprega gatemiljøet, med kyrkjebuder, stover og ein skule, det einaste i sitt slag som er att på desse kantar. Ein kan



lese meir om historia på www.digitaltfortalt.no. Det er stor lokal interesse i Tafjord for å ta vare på dette som eit spesielt verdifullt kulturmiljø utvikla gjennom ulike tidsrom og bruksfelt. Fundergata har m.a. også ei særst interessant handelshistorie. Det er også eit ynskje å kunne vidareutvikle næringslivet i bygda innanfor denne kulturhistoriske ramma. Sentralt også i dette arbeidet har m.a. Turid Aspehjel stått. No i 2021 vart ho også tildelt Fjord kommune sin kulturpris for sitt omfattande arbeid over mange tiår. Ei anna dame som har engasjert seg mykje i denne samanheng, er Britt Walle og då også gjennom eit eige prosjekt kalla «Opplev Tafjord».

Som dere vet har jeg den siste tiden jobbet med å få i gang stell, vedlikehold og formidling av Fundergata i Tafjord som en del av Opplev Tafjord. Det var mange runder med lokalbefolkningen om hva de ønsket å "utvikle", og Fundergata var det som ble oftest nevnt. I samarbeid med Turid Aspehjel, har jeg utformet et kort og konkret skriv om Fundergata og dens betydning for Tafjordbygda og norsk kulturarv

Syltegata

Syltegata har frå gamal tid vore vegen til sjøen for folket i Valldal. Mange gardar hadde sine naust/sjøbuder her, men desse finst no berre på bilete då dei vart øydelagt etter Tafjordulykka i 1934. Godt skjerma for ver og vind og med bra hamn, vart Syltegata i tillegg til å vere bustadområde, tidleg eit senter for handel, handverk og småindustri i indre Storfjord. At hovudvegen gjennom tettstaden Sylte i 1960-åra var lagt utanom Syltegata og at nye, større bygg i tettstaden Sylte vart oppførde ved nyvegen, er viktig årsak til at innhald og karakter i Syltegata har blitt verna mot større endringar. Syltegata er i dag eit frodig, levande, godt vedlikehalde og verdifullt kulturmiljø med variert byggeskikk og arkitektur frå 1800-talet (Syltekrukka) til vår tid (Valldal Bilsenter). Også her har ein hatt fokus på å kombinere det å

ta vare på kulturminna med næringsutvikling, ikkje minst vert dette tydeleg gjennom satsinga rundt arrangementet «Jul i Skomakargata» der både gamle og nye bygg vert pynta med lys og der det er messestandar, underhaldning og anna spanande.

Lingegardane

Lingegardane har eit særpreg med nasjonal verdi. I denne lune grenda driv gardbrukarane den nordlegaste kommersielle fruktproduksjonen i Europa. Grenda har eit heilskapleg kulturlandskap med frukttre, bygningar, steingardar m. v. Gardane fekk kulturlandskapsprisen frå fylket i 2009.




Lingegardane er eit godt eksempel på eit levande kulturlandskap

Setermiljø

Kommunen vår har mange sæterområde med høg kulturhistorisk verdi. Det har vore eit aktivt setermiljø i alle bygdene. Setrane er grundig dokumentert mellom anna gjennom heftet *Setrar i Norddal* (Stoknes, 1995), og boka *Til seters - Setrar i Norddal* som Valldal Bygdekvinnelag ga ut i 2012. I denne oppslagsboka er det samla informasjon om 60 setrar i dei fem bygdene i tidlegare Norddal kommune. Her får vi vite meir om geografisk plassering av setrane og kva gardar dei tilhøyrrer, i tillegg til faktaopplysningar og fagartiklar om den historiske utviklinga og forteljingar frå seterlivet. Spesielt har budeia si rolle vorte vektlagt. Seterdrifta var særleg omfattande i tida frå omlag 1670 og fram til 1950. Det fanst større seteranlegg og enkeltstående setrar i tilknytning til kvart grendelag der det var gardsdrift. Til saman er det registrert 94 setrar i Fjord kommune.

Stordal Sogelag - med Einar J Hove som ivrig leiar av arbeidet i si tid - la ned eit betydeleg dugnadsbasert arbeid for å få oversyn over den historisk baserte seterdrifta. Oversikta nedanfor syner at sogelaget registrerte heile 34 slike seterstølar i Stordal og på det meste var over 30 av dei i meir eller mindre årleg drift.



Av mange kulturhistorisk interessante sætrar kan ein nemne Langsætrane, som består av stølane, Kvitlane og Pusken. Her hadde dei 40 nedste gardsbruka i bygda sommarseter. Utifrå det Stordal Sogelag fann ut, var Langsætrane såleis faktisk dei største samla seter-stølane på Vestlandet. Ein kan rekne med at det var seterdrift der fram til midten av 1950 - talet.



Over ser vi eit bilde av Puskensætra på Langsætrane. Bildet er teke i 1902

Foto: Stordal Sogelag

I Jøsvollbotnen finn ein idylliske Stavadalsstølen og Jøsvollstølen og på Midtbustsætra finn ein eit eldre sætersel og ei fin steinbru over elva rett før ein kjem opp dit. Flotte sætrar finn ein vidare både oppover i Rødsetdalen, på Dyrkorn og på bortsida av fjorden. Sætra som ligg høgst til fjells er Stølesætra (nærare 600 m.o.h).

Herdalssetra i Norddal er kanskje den mest profilerte av sætrane i kommunen vår og denne ligg som kjent også innanfor UNESCOs verdsarvområde.

I motsetnad til kva som er tilfellet i det store fleirtalet av dagens kommunar - med lange historiske setertradisjonar - har ein framleis somme stader i Fjord kommune ein ubroten tradisjon med seterdrift, som framleis er ein levande brukskultur og ikkje berre noko ein kan lese om i sogelagsskrifter.

Mange fleire sætrar kunne ha vore omtala og skildra her, men ein får heller syne til dei to nemnte verka som omhandlar setring i Fjord kommune. Særleg omfattande er den som omhandla setrane i tidlegare Norddal kommune. Både den boka og det omfattande

registreringsarbeid som førde til heftet *Stølane i Stordal* (i regi av Stordal Sogelag i 2002) vil vere fordjupningsstoff vel verd å lese for den kulturhistorisk interesserte.

Av kommunar i Møre og Romsdal er det få som har hatt ei så omfattande seterdrift både i gammal og nyare tid som her. Det er nok fleire årsaker til dette. Det kan ha med naturgeografiske tilhøve å gjere og kva type jordbruk ein prioriterte, som ein konsekvens av ressursane ein rådde over. Truleg kan Fjord kommune vise til like lange tradisjonar når det kjem til seterdrift som det som er påvist i nabokommunen Rauma, då brukstradisjonar og type geografi er mykje lik. I delar av Rauma er det arkeologisk påvist spor av sæterdrift heilt attende til bronsealderen.

Generelt må ein framheve setertradisjonane i Fjord kommune som særleg innhaldsrike om ein ser på driftsprofilar i høve terrengtypar og typar av husdyrhald av særleg variert karakter. Sjølv om ein del av sela og stølshusa er blitt oppgraderte og byrjar å få litt meir hyttepreg, er det likevel slik at det på mange av stølane framleis finst intakte bygningar.

Det bør vere ei felles interesse i høve til å bevare desse kulturminna.

Naustområde, kaier og kaihus

Med fjorden som samferdsleåre, og med fiske for matauk har nausta vore viktige. Alle bygdene hadde naustrekke i strandsona, og også på ein del av fjellvatna finn ein naust. Fjørå og Tafjord mista nausta i Tafjordulykka, og bygningane her er difor av noko nyare dato. Også for Stordal sin del er nausta relativt nye og ein må kunne sjå på etableringa av småbåthamna der, også som eit resultat av at alle dei opprinnelege nausta i strandsona måtte vike plassen for ei storstilt utbygging av industriverksemder.

I fleire av bygdene i kommunen er det likevel framleis naustområde med stor miljøverdi. Dette er område ein bør vere særskilt merksam på, i høve til planlegging og utbygging. Både når det gjeld sjølve naustrekke, tilhøyrande støer og eventuelle andre nærområde bør dette med bevaring ha stort fokus. I dag er t.d. eitt av naustområda i Norddal sentrum regulert til bevaringsformål. Dette er naustområdet ved kyrkja. Også i Muribugen i Valldal er fleire av nausta lagt til bevaringsformål i reguleringsplanen. Dei andre gamle naustrekke bør det også takast særskilt omsyn til. Naustrekke i Eidsdal er også døme på eit miljø med særleg stor bevaringsverdi. Fylkesantikvaren har via befarings - etter initiativ frå grunneigarane - uttalt at denne naustrekke framstår med høg kulturhistorisk referanseverdi: *«Naustrekke i Eidsdal inneholder 7 naust av forskjellig alder og bygningsmåte. Hele miljøet har etter vårt syn klart høy verneverdi. Når Fjord kommune nå skal veve sammen en kulturminneplan for de to tidligere kommunene Stordal og Norddal, er det vårt syn at naustrekke i Eidsdal må listeføres i den planen. Og det må være et mål at kulturmiljøet vernes i kommunens arealplaner. Enkelte av nausta har svært høy alder og har ut fra det høy verneverdi i seg selv. Vi finner ut fra dette at det ligger til rette for å gi tilskot til nærmere forundersøkelse av disse bygningene».*

Vi har tidlegare også trekt fram Stiftinga Notnaustet i Norddal og den innsatsen dei har lagt ned - også - for å ta vare på miljøet kring nausta og det maritime og då som nemnt også inkludert kaiområdet. Storfjordens Venner kjem ein heller ikkje utanom når det kjem til naust og kaier og takka vere deira innsats er desse kulturminna tekne vare på rundt om i store delar av den indre Storfjorden. Det var sjølvsagt slik at dei mange fjord- og fjellgardane

innover langs fjorden, sjølvsagt også hadde egne naust nede ved sjøen. I tillegg til stiftingar og andre friviljuge lag og foreningar, er det på sin plass å gje ros til enkeltpersonar som har brukt mykje tid og ressursar på å halde bygga ved like.

Ved Herdalsvatnet finn ein steinnaust med høyløe i grindkonstruksjon over. Desse nausta har vore brukt i samband med frakting og oppbevaring av høy. Høyet vart slått og tørka på slettene ved Herdalsetra, og frakta i båt på Herdalsvatnet før det kom veg langsmed vatnet. Høyet vart lagra i høyløa og båten i naustet. På vinterføre vart så høyet frakta vidare til bygda med hest og slede.

Kaihus kom det etter kvart og på plass i alle bygdene. Føremålet med desse var m.a. knytta til ekspedisjon for båttrafikken. Kaihuset og kaia i Fjørå har vore gjennom ei restaurering, og står fram i god stand. Det opphavlege kaihuset gjekk med under Tafjordulukka, men kaia klarte seg. I Valldal er det opprinnelege kaihuset også intakt, men har i dag ein annan bruksfunksjon enn før.

Eit større historisk kulturmiljø med ein tydeleg fleirbruksprofil - der ikkje minst det maritime har vore sentralt - er Stordalsholmen. Det er ei fleirfaldig historie som gjer Stordalsholmen til ein stad for fleire næringsvegar og det langt tilbake i tid. I bygdesoga Farne Tider av Jostein Sande, er denne historia godt dokumentert og skildra. Her kan ein kort nemne at det på Stordalsholmen har vore særleg rikt sjølaksefiske med lakseverp og seinare kilenot gjennom mange generasjonar. Noko av det spesielle med Stordalsholmen er ikkje minst at det der var eit større handelshus med varer og tenesteyting av ymse karakter. Dette trakk til seg folk som ville ha noko gjort eller som trengte til å tjene pengar. I den mest omfattande fleirbrukstida på Stordalsholmen, først på 1800- talet, var det handverk, reipslaging, båtbygging og vertshus med skjenkerett der. Handelsfart med jekteskuter, med samband til borgarskapet i sjøfartsbyen Bergen, samt fiskeri i Storfjorden var og sentrale næringsvegar på Stordalsholmen. Men tida si utvikling og nye vegar for samferdsel innhenta gullalderen på holmen. Dampbåtar og betre vegstell gjorde skyssordninga der overflødig. Frå 1873 av vart mykje endra på. Dåverande eigarar og brukarar vart i større grad enn før gardbrukarar og fiskarbønder i staden for å vere handelsmenn med sjøhus og jektefart.

Klyngetun

Tradisjonelt var husa samla i klynger med åkrar og slåttemarkar rundt. Dei fleste klyngetuna vart oppløyste etter utskiftinga og frådelinga av gardseigedommane frå midten av 1800-talet, men vi ser framleis restar av desse tunstrukturane t.d. på Rem, Dale, Hatlestad, Indreeide, Eide, Jøsvoll, Øvrebust, Midtbust, Vinje og Hove. Eystein Hjelme har skrive meir inngåande om klyngetunet på Omenos i Valldal, i «Nøysemd 1». Der er også Omenos Meieri med. Ei utfordring med klyngetun var brannfare når trehusa stod så tett, men konsekvent la ein iallefall gardssmia lengst vekk frå resten av bygningane. Sjå elles liste over bygningar med kulturhistorisk verdi i oversyn over moglege prioriterte kulturminne av fysisk (materieil) karakter.

For å illustrere dette med klyngetun, tek vi med endå eit unikt fotografi innsendt av Arne Nydal. Som han skriv, er det første møtet på bilvegen til bygds, bruk nr. 1, matrikelgarden Rellingen. Byggeår for huset er ca. 1830 og då av presten Fredrik Hvidt. Huset er freda og er registrert som Kapteingarden. På folkemunne vert det kalla «Ned under hauen». Eit typisk

klyngetun ser ein på toppen til høgre på bildet.

Dette er ein gammal og historisk interessant gard. Den var opprinneleg Giskegods, før den vart apostelgods og vidare med stadig skifte av eigarar, både prestar og andre (1500-1850). Rundt 1800 vart kaptein Torbj. Synnestvedt eigar, så overtok sonen Hans Jørgen, medan det i 1869 vart kjøpt av Arne Børres. Grønningsæter. (Fotograf Kirkhorn, Molde)



Schmidt-hus

Den tyske murmeisteren Henrich W Schmidt (1867 - 1947) kom til Sunnmøre etter at Ålesund brann i 1904. Han hadde base i Sykkylven, der han hadde tilgang til både sandtak og kalkfjell. Her bygde han m.a. ein kalkomn og denne står framleis den dag i dag. Første åra leverte han byggjevirke til gjenreisinga av Ålesund, med sine murhus hovudsakleg i jugendstil. Men Schmidt utvikla etter kvart også sine eigne tysk-inspirerte hus i mur. Det var flest bustadhus, men også fabrikkar, skular og forsamlingshus. Husa er særmerka med høg sokkel, sentralt plassert inngangsparti, dekorativ bruk av fortanning med murstein i hjørne og rundt opningar, og lett gjenkjenneleg dekor i farga sementstein.

Schmidt-hus vart oppsett i eit stort antal og i dei fleste bygdene og tettstadane på Sunnmøre, nokre også i Romsdal. Dei fleste Schmidt-husa vart oppsett frå 1910 til 1930. På Dalhus brann det felles klyngetunet heilt ned - for begge gardsbruka - i 1911. Ein bygde då opp att gardane ved å reise meir brannsikre Schmidt-hus. I vår kommune finn ein totalt åtte Schmidt-hus. Fire av dei innan ei kort strekning i Norddal, det største er Holen-huset i Eidsdal, på Vinje i Stordal finn ein to og på Valdals gard er der eitt. I Stordal dreiv Jørgen Vinje - eller «Skule-Jørgen» som han vart omtala som – bakeri i mange år frå 1922 av. Han held til i Schmidt-huset tett attmed hovudvegen.

Fleire av dei husa Schmidt fekk reist er blitt rivne. Eit døme på det er eit bedehus som vart bygd i 1909. Dette låg tett attmed skulen på Kyrkjebø i Stordal. (sjå bilde i kapittelet om gamleskulane) I bygdeboka Farne Tider (av Jostein Sande) kan ein lese at bedehuset skulle koste kr 3 000 den gongen (1909), men at det - trass i stor dugnadsinnsats - nok vart ein del dyrare. Det er bra at ein har klart å ta vare på så mange av desse særeigne husa i vår kommune.

10.1 Minnestøtter

Kommunen har 19 minnestøtter som har kvar si spennande historie. Oversikt over dei 18 støttene som høyrer til i tidlegare Norddal kommune er samla i brosjyren [Minnesteinar i Norddal \(2009\)](#). Denne ligg på kommunen si heimeside.

I Stordal er det reist ein bautastein ved Rosekyrkja. Dette skal vere den einaste i Stordal. På den står det: «Minne om Stordøler som stridde for Norigs fridom 1807 – 1814». Det var under Napoleonskrigane desse utskrivne bygdesoldatane deltok, men ikkje kjent at det var nokon av desse som omkom. Eigen plan for stell av minnesmerka i kommunen, vert utarbeidd hausten 2022.



10.2 Kunst i kommunal eige

Kommunen har registrert kunst som er i kommunal eige, oversikt ligg i det kommunale saksarkivet. Også her er det truleg behov for ei oppdatering.

11 Immaterielle kulturminne

Kulturminne er meir enn bygningar, tufter og andre fysiske spor etter levd liv. Også munnlege tradisjonar og uttrykk, fortellingar, musikk mv. er kulturminne. Desse går under omgrepet «immaterielle kulturminne».

Denne planen omfattar i hovudsak ikkje dei immaterielle kulturminna. Dette vert ein nøydd til å kome tilbake til på seinare tidspunkt og det er heilt klart at også dei immaterielle kulturminna er av stor betydning å ha fokus på. I samband med bygdemøta ein hadde då kulturminneplanen for Norddal kommune vart utarbeidd, kom det opp fleire viktige område det er naturleg å ha med i ein slik samanheng. Nedanfor nemner vi nokre døme:

Olavstradisjonar

Den dristige flukta gjennom Valldal er vigd stor plass i Snorres kongesoger. Opphaldet i Valldal markerer også eit skilje i sagaen, for det er her Snorre for første gong legg inn underlege hendingar frå legenda om Heilag-Olav, som for å varsle om komande martyrdød. Dessutan er Valldalsområdet særskild rikt på tradisjonsstoff om helgenkongen. Den største konsentrasjonen av Olavssegner ligg ved fluktruta kongen brukte ved årsskiftet 1028/1029.

Det er arbeidd med å skilte dei meste kjente stadane for Olavstradisjonen i Valldal, som Korsbrekka, Olavshellaren, Olavskjelda og Skjersura, og det er utarbeidd ein eigen Heilag-Olav logo.



HEILAG OLAV

Pilegrimssatsing

På bakgrunn av denne hendinga for tusen år sidan vart det i 2015 opna ei pilegrimslei i Heilag-Olav sine fotspor frå Valldal til Dovre. Valldalsleia vart arbeidd fram i samarbeid med kommunane Rauma, Lesja og Dovre, og godkjent som pilegrimslei av Nasjonalt Pilegrimssenter i 2015. Leia er omtalt på nettstaden pilegrimsleden.no

Det vert no arbeidd med å få på plass ledkontakt for Valldalsleia. Ledkontakten skal arbeide for heile pilegrimsleia, men vere plassert i Valldal som er startstad for pilegrimsvandringane. Dette er eit framlegg i langtidsplanen for den nasjonale pilegrimssatsinga og er støtta med vedtak frå både tidlegare Norddal kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Møre bispedømmeråd.

Valldal 2029

Nasjonaljubileet [Norge i tusen](#) år har valgt Valldal som stoppestad i 2029, for å minnast Heilag-Olav si ferd gjennom bygda. Den nasjonale markeringa *Valldal 2029* er basert på temaet Olav i folketradisjonen, og bygg på Olavssegnene knytt til fluktruta.



Det er gjort ein del bra arbeid med skilting.

Bryggjartradisjonar

Her er rike bryggjartradisjonar som blir haldne i hevd. Det vart tidlegare brygga på dei fleste gardar. Ølbrygging som baserer seg på eige korn - og ikkje minst eigne gjærkulturar - har i all tid vore ei heiderssak på gardane knytt til regionane på dei indre delane av Sunnmøre. Her er det også naturleg å trekkje fram Tonga Gardsbryggeri i Norddal, som m.a. viser til at dei har «einelåg, eigendyrka humle og gardsgjær som er godt over 100 år gamal.»

Matproduksjon på gammalt vis

Kunnskap om korleis matproduksjonen gjekk føre seg tidlegare er viktig å ta vare på. Når det gjeld handverk generelt er det kunnskapen om korleis tinga vart laga som er viktig å få dokumentert for at handverk og kunnskap skal overleve. Det er heldigvis fleire gode døme også på at dette vert helde i hevd, rundt om i bygdene våre. Det er i ein slik samanheng naturleg å trekkje fram den viktige rolla Valldal Bygdekvinnelag har spela. No i 2022 kan dei faktisk også feire sitt 90 årsjubileum. 106 år gamle Lilly Sandnes er æresmedlem i laget og har - i tillegg til å drive gard – skrive songar og dikt. Det er Lilly som står bak «Norddalssongen» og i 2016 ga ho også ut boka «Kvardag og fest».

Rikskjendisen Nikka Myren Grønning har ikkje minst bidratt til at det vert sett fokus på dette med tradisjonsmat. Nikka (105) har også fått ein av svingane i Trollstigen kalla opp att etter seg og slik sett blir ho også den første kvinna som får oppleve det. På denne måten fekk ein også i sterkare grad fokus på kvinnene sin innsats i arbeidet med å få Trollstigvegen på plass. Nikka – «heile Norges bakstekjerring» - som faktisk også er blitt kjendis utanfor landegrensene mottok nyleg også Kongens fortjenstmedalje.

Ei satsing på tradisjonsmat finn ein i høgste grad også andre stadar i kommunen, der Nilsgardstunet i Stordal, kan stå som eit godt døme. Gardskafeen/restauranten har motteke fleire utmerkingar, m.a. vart dei regionvinnar av Ganefart i 2012. Vidare deltek dei matfestivalar og messer rundt om, både i inn- og utland. Melchiorgarden i Norddal er eit anna godt døme på det same. Som nemnt innleiingsvis er både dette med mattradisjonar og mykje meir av det som kjem inn under kategorien immaterielle kulturminne, noko ein berre vert nøydd til å kome meir inn på i samband med komande rulleringar/revideringar av kulturmiljøplanen.

Stadnamn

Stadnamn er viktige kulturhistoriske kjelder, og gir oss kunnskap om historia vår. I 1980-90 åra vart det samla inn mykje stadnamn på Sunnmøre. Fjord kommune var den første kommunen i Møre og Romsdal som fekk digitalisert ei større mengde varierte stadnamn. I etterkant er det gjort eit stort arbeid av fleire einskildpersonar med å samle inn fleire. Stadnamn i Norddal er samla inn og tyda gjennom lang tid av Arne Nydal. Han har publisert desse mellom anna gjennom eit kompendium kalt : «Ka kallja dei dæ - dær» - Lokale stadnamn i Norddal. Nydal har samla inn kring 600 tidlegare bruksnamn med vektlegging på opphavsnamn og bruksfunksjon i lokalgeografien i Norddal. Fleirtalet av namna tilhøyrar det eldre jordbruket.

Frå Hjelme (Hjelma på br 1. og 2) og utmarka - som tradisjonelt har vore nytta av folk der i grendelaget i Valldal - har Eystein Hjelme samla inn heile 415 stadnamn. Om lag 200 av desse har han i tillegg fått lagt inn GPS-possisjon på. Til liks med Nydal har også Hjelme også forklart bakgrunn for alle dei innsamla namna.

Ein bør finne ein god måte for å få stadnamnsamlingar digitalisert og sett i same system som det er gjort med dei tidlegare registreringane. I åra som kjem bør det vere ei prioriteringssak å sikre at alle dei over 1900 stadnamna i Fjord kommune vert digitaliserte og med i Interkommunalt arkiv (IKA) sin digitale stadnamnbase. Dette vil - i tillegg til å sikre ein stor og viktig del av Fjord kommune sin immaterielle kulturarv - også vere til stor glede og nytte både

for kulturhistorisk interesserte så vel innbyggjarar som andre. Dette vil kunne ha stor nytteverdi også inn mot satsinga på turisme og i fleire andre samanhengar.

For å gje eit par døme på dette med stadnamn og det at det ofte kan vere knytt rett så spennande forklaringar bak namnet, kan vi ta med to eldre og godt innarbeidde stadnamn frå Stordal. Begge med ein dramatisk bakgrunn knytt til opphav/bakgrunn. I nærområdet til Midtbustsetra skal det ha skjedd at ei kvinne som dei kalla Gulla - som var ei vanleg forkorting for Gurine - vart angripen av ein bjørn på 1600-talet, då ho var på leiting etter nokre husdyr. Ho skal ha vorte jaga utfor ein bratt fjellhammar nært sætervegen til gardane Midtbust og Øvrebust og døydde av fallet. Staden der dette skal ha skjedd har i alle år sidan den gong, gått under namnet *Gullafallet*. Når lokalhistorikaren Astor Furseth omtalar det heile, peikar han på at det ikkje kan dokumenterast at dette faktisk har skjedd. Men forteljinga, i lag med tradisjonsnamnet nytta så langt attende i tid, styrkar at ei slik hending verkeleg har skjedd. På Hove skal det og ha vore eit dødeleg møte mellom bjørn og ei kvinne som heitte Helga Hove. Ho skal ha vorte drepen av ein bjørn då ho var på veg til grannane sine på Midtbust. Staden der dette skal ha skjedd har sidan den gong blitt omtala som *Helgaberget*.

Ei oversikt over registrerte lokale stadnamn finn ein også her:

www.fylkesatlas.no/stadnamn_more_og_romsdal

Dialektord

Det er samla inn mange dialektord. Nokre er samla inn og sett på trykk i bok eller hefte. Nokre ligg truleg lagra på ein pc eller er nedskrive på anna vis.

Vi har tidlegare trekt fram det omfattande arbeidet utført av Arne Nydal frå Norddal. Blant mykje anna interessant, har han (i 2012) også gjeve ut eit eige hefte der han har samla om lag 4 000 ord og uttrykk frå Norddal og bygdene rundt. Også brørne Karl E og Martin R Moe frå Stordal, har gitt ut fem lokalhistoriske hefter, der det eine av desse - «Ansmylljå.

Yvestø» omhandla gamle ord og uttrykk, i tillegg til ein omfattande presentasjon av eldre bruksgjenstandar. Dette første heftet dei stod bak, kom ut i 2009.

Når vi snakkar om lokalhistorikarar som har fått utretta særskilt mykje, kan vi nemne at Eystein Hjelme - blant veldig mykje anna - også har samla inn dialektord. Ikkje mindre enn 2 000 er det blitt og det artige her er også at det heile er blitt kvalitetssikra av Lilly Erik Sandnes og Nikka Grønning då dei begge var 102 år gamle.

Dialektane er i stadig endring, og det er viktig å få dokumentert særpreget i vår kommune. Det bør arbeidast med å finne ei felles elektronisk plattform også for denne type dokumentasjon.

Ein av dei som har gått grundig til verks og analysert Norddalsmålet, er Asbjørn Eide. Dette er noko av det ein finn mykje meir om i bygdebøkene med tittelen «Grunn og gror». Sjå meir om desse nedanfor.

Lokalhistoriske tidsskrift, bygdebøker o.l.

Lokalhistorisk stoff som omhandlar bygdene i kommunen vår, kan ein finne heilt tilbake til opplysningstida og då ført i pennen av t.d. Hans Strøm (fødd 25.1.1726 i Borgund). Per Fett (fødd 1909) er eit anna døme. Han la m.a. ned eit gigantisk arbeid i høve til registrering av fornminne på Vestlandet. Mykje av arbeidet er digitalisert og slik sett lett tilgjengeleg.

Sjølv om det i ei tidleg fase altså var «utanforståande» som bidrog til at viktig lokalhistorie vart sikra for ettertida, bidrog i høgste grad også lokale krefter til dette etter kvart. Både Peter O Jøsvold (1865-1952) og Sakarias Ansok (1898-1986) er gode dømer på dette og vi kan gle oss over at også bøkene dei fekk gitt ut, fins i digital utgåve.

Det fins også mange lokalhistoriske tidskrift i kommunen, der ikkje minst ungdomslaga sin lagsblad utgjer viktige historiske kjelder. Det bør vurderast å tilby lag og organisasjonar ein felles plass til oppbevaring av desse. Nytt hovudbibliotek vil her kanskje kunne spele ei rolle. Ikkje minst har også privatpersonar rundt om i bygdene våre har bidratt til at å få samla viktig kulturhistorisk materiale for ettertida. Både historielag og privatpersonar med stor interesse for lokalhistorie har gitt ut ei rad med temahefte. I desse får ein nærare kjennskap til eldre bruksarv og kunnskap om ei lang rekkje av det før moderne bygdelivet sine gjeremål og tradisjonar.

Dette kjem då i tillegg til dei mange bygdebøkene som er gjevne ut. På Nasjonalbiblioteket si nettside finn ein mange av desse og då i digital utgåve. Både enkeltpersonar og kommunane sine sogenemnder sitt omfattande arbeid vert her synleggjort. Første bandet av Norddal bygdebok, ætteboka, vart gjeven ut så tidleg som i 1952. Andre bandet; «Hus og heim - gard og grend» kom ut i 1966. Desse to var det Leonhard Tafjord som forfatta, i lag med sogenemnda. I 1975 og 1976 kom det ut to bygdebøker til og dei var det Ivar Kleiva som stod bak. Tittelen på dei er: «Grunn og gror». Jostein Sande ga i 1989 ut boka «Farne tider». Denne tok føre seg bygdesoga i Stordal og Dyrkorn fram til 1920. Randi Bjørlykke fekk seinare oppdraget med å skrive ættesoga. I 2002 kom denne boka ut med tittelen: «Gard og ætt, 1801 - 1920». Begge desse også då i nært samarbeid med kommunen si sogenemnd. I tillegg til desse bøkene i kommunal regi, finn ein også ei rad andre med lokalhistorie skrivne av enkeltpersonar.

Ein kan også trekkje fram at det er blitt gjennomført større enkeltprosjekt som t.d. det sogenemnda i tidlegare Stordal kommune som stod bak i 2014/2015. Gjennom 14 unike intervju med eldre personar kalla «Tidt vi minnast», får ein dermed vite mykje om korleis livet arta seg i gamle dagar og då innan eit vidt spekter av samfunnslivet. Intervjua ligg også tilgjengeleg på internett.

Fortellingar om kulturminne

Faste kulturminne og immaterielle kulturminne er ofte to sider av same sak. Ei bygning kan vere freda eller verneverdig i kraft av sin kulturhistoriske verdi, men det er først når fortellinga også blir formidla at objektet får sin verdi for folk flest. Formidlingsperspektivet er difor sentralt i vernearbeidet.

Musikktradisjonar

Musikken har i all tid stått sterkt i Fjord kommune sine bygdelag. Ein har ikkje minst også lange tradisjonar for folkemusikk. Også her har lag og enkeltpersonar lagt ned mykje godt arbeid for å sikre at historikken knytt til dette vert teken vare på. Ikkje minst kan vi trekkje fram det imponerende arbeidet Leif Arne Dybdal i lag med brørne Alf og Olaus Overøye har utretta. Over mange år jobba dei med å samle inn og systematisere materiale knytt til song og musikklivet. «Musikk og song i Stordal og på Dyrkorn – eit attersyn», med sine over 360 sider (A4), er blitt eit meistersverk.

Idrettstradisjonar

Rundt om i bygdelaga kan ein også vise til mykje god historikk når det kjem til idretten. I tur og orden rundar idrettslaga i kommunen sine første hundre år og det er verkeleg imponerende å sjå tilbake på alt som er utretta.

Anna lagsarbeid

I tillegg til musikk og idrett, er det sjølvsagt ei rad andre lag og organisasjonar som høyrer med når ein skal ta føre seg den immaterielle delen. Litt av dette var vi inne på når det gjeld ungdomslaga rundt om og det var også i ungdomslaga at også idrettslaga hadde sitt utspring. Mange av laga har vore flinke til å ta vare på historiske dokument, noko som bidreg til at ein i dag kan sjå tilbake på mykje av det som har skjedd frå både 100 år - og vel så det - sidan.

Eit godt døme på lagsarbeid med stor betydning for lokalsamfunnet, er innsatsen til Stordal Husmorlag. Det er laga eit eige hefte «Glimt frå lagsarbeidet i Stordal Husmorlag frå 1950 til 2008» der mykje av alt det flotte arbeidet laget fekk utretta, er dokumentert. Det var m.a. dette laget som bidrog til at det kom på plass barnehage i Stordal. Denne vart opna i august 1984 og det etter at husmorlaget hadde kjempa ein lang kamp. Det var også laget som organiserte både bygging av grunnmur og flytting av brakkene den lange vegen frå Tafjord.

Stordal Helselag (Stordalens Sanitetsforening), som feira 100-årsjubileum i 2014, er - ikkje minst - eit døme på det same. «Det var dugande kvinner og menn som såg faren ved dei dårlege helsetilhøva i bygda, og som tok opp kampen for å betre desse i organisert form.» I samband med jubiléet i 2014, vart det også gjeve ut eit eige jubileumsskrift. Laget sitt bidrag inn mot lokalsamfunnet er så enormt at det mest ikkje råd å vurdere. I samband med 50-årsjubiléet i 1964 vart det m.a. delt ut heidersnål og diplom for langt og aktivt arbeid for laget. Det er verd å merke seg at alle dei åtte som mottok utmerkinga var kvinner.

Det er elles verd å merke seg at det for Stordal sitt vedkomande skulle gå heile 60 år frå innføringa av allmenn stemmerett for kvinner, før den første kvinna - Karen Kirkebø - fekk fast sete i kommunestyre. Her viser vi til eige hefte «Stordalskvinner i politikken», gitt ut i samband med røysterettsjubiléet i 2013 og ført i pennen av Roger Lillebø.

Slik kunne ein helde fram med å trekkje fram dømer frå bygdelaga rundt om i kommunen vår, men det får evt bli når ein i neste omgang også tek sikte på å innlemme det som gjeld dei immaterielle kulturminna i planen.

Fotosamlingar

Fylkesfotoarkivet gjennom IKA Møre og Romsdal har lista opp nærare 2 000 bilder knytt til tidlegare Norddal kommune og ein finn også mange bilde om ein søker på den enkelte bygda. Til dømes finn ein 425 digitaliserte bilete knytt til Stordal. I databasen til Digitalt Museum finn ein og ein del historiske bilde også frå vårt nærområde.

Stordal Sogelag har samla inn bilete lokalt gjennom åra og i Eidsdal har Øyvind Eide samla inn ei større mengde med eldre bilete. Dette kan stå som døme på historisk materiale som er blitt sikra for ettertida, men dette er likevel ein liten del i høve til alt som truleg fins der ute. Det er å håpe at vi kan klare å få samle ein heil del meir av dette, få det digitalisert og lagra

på ein stad. Sosiale media har og vist seg vere til nytte i høve til dette med historisk bildemateriale gjennom grupper som deler slikt. Dette ser vi døme på både for Dyrkorn, Stordal, Eidsdal, Norddal og Valldal sin del. Det er også naturleg å trekkje fram lokalavisa Storfjordnytt, som også har eit fotoarkiv av betydeleg omfang.

Ein annan det er på sin plass å nemne i ein slik samanheng, er Alv Dale. Han var fotograf frå Norddal, jobba ei tid på Stranda, og hadde sidan fotoforretning i Ålesund. Han var m.a. kjend som den fyrste reklamefotografen på Sunnmøre. Etter at han døyddde har Sunnmøre museum fått arkivet hans. Eit arkiv som var omfattande både med foto og registreringsbøker m.m., fortel Arne Nydal.

Sist, men ikkje minst kan vi glede oss over at lokalhistorikaren Astor Furseth har fått samla inn og digitalisert rundt 4 000 bilder med tilhøyrande infotekstar. Heile lensmannsarkivet 1940 til 1945, er også ein del av dette. Ei stor samling er alt overlevert til IKA og no har Furseth bestemt seg for at Fjord kommune skal få overta denne unike samlinga.



Eidsdal sentrum, foto: Helifoto

Vi har vore inne på at vi i liten grad har hatt fokus på dei immaterielle kulturminna i denne første utgåva av kulturminneplan for Fjord kommune. Likevel har vi velt å ta med noko meir om eit par delar av historia, nemleg det som omhandlar tidleg friluftsturisme i lakseelvane våre, samt litt ekstra fokus på kvinna og borna sin innsats i ei tid der det som oftast er mannen si rolle som arbeidsmenneske som er blitt trekt fram. Ein av grunnane til at vi har med desse to underkapitla, er også at innleigd konsulent - Bernt Gjesten - sit på ekstra mykje kunnskap om desse to emna. Når det gjeld dette med barnearbeid rundt om i dei eldre bygdesamfunna, har han også gjeve ut eiga bok som omhandlar det.

Tidleg friluftsturisme i Fjord kommune sine lakseførande vassdrag.

Fjord er frå naturen av ein vassrik kommune med nesten tallause fjellvatn og elvar, som renn ned frå fjella og som på vegen vert til større vassdrag nede i dalbotnen. I det nye ordførarkjede er laksen eitt av ti symbol, noko som viser kor viktig også dette med laksefiske har vore i Fjord kommune. Den største elva i kommunen er Valldøla. Der nest kjem Stordalselva og Norddalselva og den noko mindre Eidsdalselva. Alle desse hovudvassdraga har i større og mindre grad sideelvar som er viktige for vassmengda. Tidlegare kunne ein og rekne inn Tafjordelva som eit slikt hovudvassdrag, men etter kraftreguleringa i regi av Tafjordanlegga og Tafjord Kraft er vassmengda betydeleg redusert i Tafjordelva.

På 1800 talet og fram til mellomkrigstida var det høgaste friluftsmote for velstående britar å skaffe seg ein lakserett i landet vårt. Dei kom til Norge sine mange elvedalar og då også Fjord sine elvar, for å fiske laks og aure med stong. Dette braut mykje med bygdefolket sine fiskemetodar som først og fremst handla om matauk. I eldre tid fiska bygdefolk med sløe, teine og lyster i elva. Stongfiske med flugeline og slukkasting vart helst sett på med vantru av fleirtalet av bygdefolket. Den britiske friluftsturismen i Fjord og bondebefolkninga sitt matstrev var to heilt ulike tilnærmingar til laksen som ressurs.

Dei engelske laksefiskarane var tiltrekt av lyse sommardagar, vassrike elvefløde og ikkje minst så trakk den norske laksen som ein edel og råsterk motstandar dei til elvedalane. I motsetnad til i dag var elvar som Valldøla og Stordalselva full av laks sist på 1800 talet og framover til i nyare tid. Norge var lite industrialisert og miljøproblem kunne ein knappast tale om. I det tungt industrialiserte Storbritannia var det kolstøv og betydeleg forureining. Men i Valldal, Norddal, Eidsdal og i Stordal var det storslagen natur og kulturmark som møtte desse tidlege friluftsturistane.

Til Valldal kom briten William Robert Russel første gongen i 1883. Han kom meir eller mindre årvisst til bygda kvar sommar fram til tida kring unionsoppløysinga. Han skulle etter kvart få mange store laksar både i Valldøla og i Norddalselva. Den største laksen han fekk i Valldøla vog 18 kilo.

Russel var ikkje berre interessert i elvefiskinga. Han dreiv og på med rypejakt med eigne jakthundar. Denne jaktforma var nok heilt ukjend for valldalingane den gongen. Russel si store interesse for laksefiske og jakt i Valldal, skulle bidra til at han sette far etter seg på fleire vis i kulturhistoria. På garden Muri har ein - i alle åra sidan Russel var fast sommargjest i bygda og på garden - hatt i eige, fotosamlinga til Russel. På den tida han var sommargjest på Muri, fekk han satt opp ei lita bu, som seinare berre vart kalla «Russel buda». Der fekk han laga til eit mørkerom nytta til framkalling og forstørring av foto. I ettertid ser ein at Russel tok bilete av mangt og mykje både i Valldal og i områda rundt. Bileta har stor kulturhistorisk verdi når det gjeld å dokumentere bygdeliv, personar og tradisjonar innan elvefiskinga i Valldal.

William R. Russel var og fadder på ein av vertsfamiliens born på garden Muri. Det vitnar om at han var meir engasjert i bygda og livet der, enn kva ein meir tilfeldig turist hadde vore.

Ein har sikker kjennskap til kvar dei britiske fiskarane brukte å bu når dei var på fiskeferie i Fjord sine elvar. På Muri gard og Sylte Hotel i Valldal budde britiske feriegjestar årleg. Dei var faste besøkjande i bygda og hadde sikra seg ei større - eller ei noko mindre - avtalefesta kontrakt på leige av elverett.

I Knutgarden på Øvrebust i Stordal, leigde dei vekk både elveretten og våningshuset til utanlandske fiskarar. I elva ved Øvrebust var det ei rekkje gode fiskehølar som t.d. «Bythølen». Johan Vinje - som dei helst berre kalla «Hotell-Johan» - satsa stort på å trekke til seg engelskmenn som ville drive elvefisking i Stordalselva. Han fekk etterkvart bygd eit nytt og moderne turisthotell som i hovudsak var retta mot feriegjestar frå utlandet. Turisthotellet vart bygd i åra 1892 – 93. Han fekk i same tida avtalt ei skriftleg bindande leigekontrakt på heile den lakseførande strekinga frå elveosen på Hove til Stavåfossen på Jøsvoll. Kontrakta - som faktisk er teken vare på - omfatta og rett til å fiske i fjellvatn og å drive med småviltjakt i utmarksområda til grunneigarane. Alle grunneigarane fekk ein nærare fastsett leigesum, etter kor stor rett dei hadde å leige ut basert på gardens skuld. Denne kontrakta skulle medføre endringar i høve tilnærminga til bruken av elva. I alle bygdelaga der britane fiska og jakta, nytta dei seg av grunneigarane og andre arbeidsfolk si tenesteyting innan transport, roing, klepping av laks og matstell. Den tidlege friluftsturismen bidrog på denne måten til at det dukka opp behov for å få utført ei rad ulike arbeidsoppgåver.

Som tilfellet var i alle andre lakseførande vassdrag der ein bygde opp sportsfiskartradisjonar inspirert av det britiske prinsippet om «good sport», var dei norske bygdenamna på dialekt umogleg å uttale for britane. Dermed sette dei eigne namn på fiskehølane der dei fekk laks på fluge og sluk. Ein finn tidlegare britiske stadnamn frå Stordalselva på fiskehølar som: «Sea-pool», «Sansom-pool», «Seagull-stone», «Large-pool», «Top Bridge» og Lowe Foss. *Skomakarhylen* på Mo vart av britane kalla for «Road pool».

Ein del av desse hølane hadde bygda sine namn frå før må ein tru. Eit fleirtal av desse namnsette fiskehølane kom vekk på 1950-talet når elva fekk lange strekk med forbyggingar. Engelske laksefiskarar oppheld seg også på Relling, bm 6, mellom 1900 og 1910. Dei dreiv også fiellfiske. Ein stor stein mykje nytta i samband med at ein engelskmann med stivt kne måtte fraktast på hest opp til Storvatnet for å fiske aure, er i etterkant blitt kalla for «Engelskmann» av grendefolk i Norddal.

I åra etter denne «engelsktida», vart det meir vanleg å leige ut elveretten til firma og privatpersonar. Det vart skipa elveigarlag i alle dei fire mest lakserike vassdraga i Fjord. Elveigarlaga har ivareteke eigne interesser som grunneigarlag og har i samarbeid med miljømyndigheiter drive med kultivering av elvane. Rundt 1920 vart det etablert lakseklekkeri på Øvrebust i Stordalselva. I seinare tid har ein satsa på biologiske undersøkingar og meir vernetiltak, for å byggje opp att sårbare bestandar. Både Valldøla og Norddalselva var råka av parasittsmitte til utpå 1990-talet. Utfordringane i dag er store, samanlikna med korleis det var den tida britane kasta fluge i vassdraga våre.

For mykje meir om både Valldøla, Norddalsvassdraget og Stordalselva, viser ein til eigne rapportar (2001), utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrags- og energidirektorat. Valldøla vart vedteken verna i 1973, Stordalselva i 1986 og Norddalsvassdraget i 1993. Felles for dei alle er at verneinteressene i området er vesentlege.

Dette kjem ikkje minst tydeleg i NVE sin beskrivelse av Valldøla:

«Vernegrunnlag: Urørthet: Vassdragets breer, elver og vann er sentrale og til dels dominerende deler av et kontrastrikt og variert landskap med kort avstand fra alpine fjell med breer til utløp i fjord. Vannene ligger eksponert i glasiøle botner over skoggrensen. Elvene er

til dels dominerende i landskapet. Dalene er dype. Elveløpsformer, isavsmeltingsformer, skredformer, aktive prosesser i avsetninger og fjell, botanikk og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Store kulturminneverdier. Viktig for friluftslivet. Utfyller nasjonalpark ned til fjorden.»

Ser ein på bakgrunnen for vedtaket vedr Stordalselva, var m.a. dette trekt fram:

«Vassdraget representerer store verneverdier for naturvitenskap og kulturvitenskap. Også for vilt- og fiskeinteressene er verdien stor bl.a. på grunn av et godt laksefiske. Området fungerer som friluftsområde for et stort antall personer. En eventuell utbygging kan få omfattende sakdevirkninger for landbruket i området.»

Dei tre vassdragsrapportane er også til god nytte i høve dette med kulturminner, då dette er eit eige tema i rapporten. I tillegg kjem ein inn på; Prosesser og former skapt av is og vann, biologisk mangfold, landskapsbilde og friluftsliv. NVE uttalar vidare dette om vassdragsområdet: *«Feltet er rikt på kulturminner fra nyere tid knyttet til gårds- og stølsdrift. Stordalen er et av de stedene hvor Sunnmøres tradisjonell bygningskultur er best bevart. Mange av kulturminnene ligger nær vei eller turiststed og delvis på steder som brukes til rekreasjon.»*

Bakgrunnen for fredingsvedtaket var ikkje mindre klar og tydeleg når det kom til Norddalsvassdraget:

«Kontaktutvalget peker på de store natur- og kulturfaglige verdiene, spesielt i Herdalen men også i Dyrdalen. Området har stor betydning for friluftsliv og turisme spesielt knyttet til Herdalssetra, og vassdraget har stor typeverdi.»

Viktigheita av området - samt den store viljen til å ta vare på kulturlandskapet og kulturminna - er ytterlegare blitt stadfesta ved at Norddal og Herdalen i 2021 vart tildelt Kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal.

Barnearbeid

Når det gjeld det eldre bygdesamfunnet, prega av naturhausting i form av jordbruk og fiske, er det i all hovudsak mannen si rolle som er blitt skildra i ettertid. Men like viktig er det å få synleggjort den arbeidsinnsatsen både kvinnene og faktisk også barna stod for. Frå høg mellomalderen og fram til mellomkrigstida, var barnearbeid heilt sjølv sagt anten det no var på ein gard eller på ein husmannsplass. Det var ei sjølvfølge at ungane skulle gjere nytte for seg i det familiebaserte arbeidslivet på heimgarden. Fattigstilte born frå husmannsheimar og born rekna som foreldrelause, vart ofte reine leigearbeidarar. På denne tida hadde ein ikkje - som no - eit moderne velferdssystem å stø seg til.

Born som måtte gjete husdyr var heilt daglegdags i beitesesongen for husdyra. Ser ein på brukstradisjonar i Fjord sine utmarksområde, så finn ein fleire døme på personar som på 1800-talet var meir å rekne som barnevandrarar frå skrinne levekår i den overbefolkta Gudbrandsdalen. Desse borna tok seg teneste som gjetargut eller gjetartaus rundt om i bygdene. Spesielt hadde nok dei større gardane i Valldal - som t.d. Linge, Muri, Omenås og Hjelme - bruk for slike barnegjetarar. Dei skulle då vakte husdyra mot ulike trugsmål som rovdyr, skårfeste og myrhol. I tillegg måtte dei og føre tilsyn med at husdyra heldt seg i rett beiteområde.

I artikkelen «Kvite strømper frå Lom» («Nøysemd 1») og «Febegjer, vakjarhus og liggjarhus» («Nøysemd 3»), skildrar også Eystein Hjelme korleis livet arta seg for desse borna.

Soga om barnegjetaren i Fjord kommune er den same som for andre landsdelar, i eit jordbruk som ikkje hadde nok grasavlingar på heimebøen til å fø opp dyra. Ein måtte bruke utmarka til å sikre beite og slåttegras til det - som oftast - knappe vinterfôret. Både ungar og kvinner var heilt naudsynte arbeidsfolk i slike samanhengar. Dei fleste av barnegjetarane arbeidde innanfor eige grendelag og ofte då i samarbeid med budeiene. Slik kunne ein drive seterstell med bølingen av krøtter og sau på fjellbeite om somrane.

Gjetarane i Stordal og på Dyrkorn vart nok sjeldnare å sjå i utmarka når rovdryfaren minka betydeleg i regionen på indre Sunnmøre, omkring 1890-1910. Med mjølkegeitehald i Tafjord og i Fjørå hadde ein derimot innleigde gjetarborn heilt fram til siste verdskrigen. Ein kan her trekkje fram gutane Hjalmar E. Valdal (1899 - 1994) og Jens E. Valdal (1901 - 1983). Dei var innleigde gjetargutar hjå fjellbonden Ivar I. Storevik (1820 - 1920) i Tafjordfjella. Jens fortalde til etterslekta at han vart gjetar alt som niåring. I Tafjord har det vore - og framleis er - lange tradisjonar for å satse på geitehald. Jens skildra gjetartida i Tafjord som positiv i høve arbeidskåra, men la likevel ikkje skjul på at heimlengselen var stor.

I Stordalsområdet vart det ikkje i same grad nytta langvegsfarande gjetarborn, men borna der i området gjette for eigen heimgard og husmannsplass. Dette kunne også vere i form av ein kontraktfesta avtale mellom hovudbruk og plassebruket, som innebar at husmannen hadde ein dags gjetarplikt av gardeigars beitedyr, i veka. Ei slik kontraktfesta gjetarplikt var vanleg over størstedelen av Sunnmøre, men også i Romsdal der bruksstruktur og geografiske forutsetningar var den same.

12 Kjelder

Det fins ei rad både bøker, hefter og ikkje minst nettstadar, der ein kan hente ut mykje stoff knytt til kulturminne. Nedanfor vil vi presentere mange av desse, som vi i større eller mindre grad har nyttegjort oss av. Uansett vil ei oversikt som dette vere med på synleggjere omfanget av kjelder og då slik at den som ynskjer fordjupe seg ytterlegare, kan gjere det og. Der vi har lukkast å finne ut at bøkene og hefta også er digitaliserte, har vi også lagt til lenker. Det kan sjølvsagt også vere at vi har lagt inn leke berre til nettstaden der ein finn fleire bøker og/eller heftar utan at alle desse er lista opp under (nettopp) oversikta over dette.

Bøker, hefter, dokument o.l.

Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi.

<file:///C:/Users/halhov/AppData/Local/Temp/Regional%20delplan%20for%20kulturminne%20av%20regional%20og%20nasjonal%20verdi.pdf>

Lov om kulturminne (kulturminneloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50?q=kulturminne>

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>

Kulturminneplan for Norddal kommune 2015 - 2023.

https://www.fjord.kommune.no/_f/p51/ica976b14-de97-48e6-a467-d71a0474915d/kulturminneplan_2015-2023.pdf

Riksantikvarens informasjon om Kulturminner, opptrykk 2007 – Gamle steingjerder.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>

Hans Strøm: Søndmørs Beskrivelse

Nye utgivelsar på meir leseleg språk «Annotations Boog over de Merkværdigheder som udi Syndmørs Fogderie forefindes» (1997) og 2 bind av «Beskrivelse over Fogderiet Søndmør» (2001)

Per Fett: *Norddal Prestegjeld, førhistoriske minne på Sunnmøre* (1950)

<https://www.nb.no/items/a05bad5d24508a0ae26896f8c60967f9?page=1&searchText=norddal>

Per Fett: *Stranda Prestegjeld, førhistoriske minne på Sunnmøre* (1950)

<https://www.nb.no/items/cfa29432f398447eca18964cadcc86a6?page=3&searchText=stranda%20per%20fett>

Peter Jøsvold: *Stordal i ord og toner* (1948)

<https://www.nb.no/items/dd6a32e6e68fb06074f0b64c665f1d98?page=7&searchText=stordal>

Peter Jøsvold: *Lokalhistorie, sagn og overtro fra Stordal, Sunnmøre* (1953)

<https://www.nb.no/items/02b3fd3e808127b166096530d6a0501b?page=0&searchText=stordal>

Astor Furseth: *Norddal i 150 år, 1837 - 1987* (1987)

<https://www.nb.no/items/9d77c4cd44e4dd13f691db25812c1b64?page=1&searchText=valldal>

Jostein Sande: Jubileumsskrift Stordal kommune 1892-1992 (1992)

<https://www.nb.no/items/ccdc438d771d41c7a6abc39d6b61c5?page=0&searchText=stordal>

Jostein Sande: *Farne Tider. Bygdesoga fram til 1920. Stordalssoga. Band 1* (1989)

<https://www.nb.no/items/8640992f8347d2c053cdef734b08c113?page=0&searchText=stordal>

Liv Randi Bjørlykke: *Gard og ætt. Slettshistorisk bygdebok for Stordal* (2002)

Direktoratet for naturforvaltning, NVE og Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Verdier i Stordalselva, Stordal, Norddal, Stranda og Rauma kommuner i Møre og Romsdal. (2001)

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201600028/1663846>

Direktoratet for naturforvaltning, NVE og Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Verdier i Valldøla, Norddal og Rauma kommuner i Møre og Romsdal. (2001)
https://publikasjoner.nve.no/vvv_rapport/2001/vvvrappport2001_46.pdf

Reidar Abrahamsen: *William Robert Russel. Lakselorder i Valldal* (1989)
<https://www.nb.no/items/8d14b6cde7c74aff006342b30e7cee2?page=0&searchText=valldal>

Leonhard Tafjord: *Ættebok*, Norddal bygdebøker, band I (1952)
<https://www.nb.no/items/3289f6eb8409f64b4da8812347c66dd7?page=3&searchText=leonhard%20tafjord>

Leonhard Tafjord: *Hus og heim – gard og grend*, Norddal bygdebøker, band II (1966)
<https://www.nb.no/items/58df3a5dd289326e5773f67f877cf0fa?page=0&searchText=norddal>

Ivar Kleiva: *Grunn og Gror*, Norddal bygdebøker, band III, kultursoge (1975)
<https://www.nb.no/items/1d275ca71e2ef1048de1e2391fb05fe9?page=0&searchText=norddal>

Ivar Kleiva: *Grunn og Gror*, Norddal bygdebøker, band IV, kultursoge (1976)
<https://www.nb.no/items/67ce546fdc4a3780df7acaf64e41cdfe?page=0&searchText=norddal>

Astor Furseth: *Drept av bjørn og ulv*. En historisk oversikt over mennesker drept og skadet av rovdyr i Norge de siste 400 år. Landbruksforlaget. Oslo (2005)

Øystein Mølmen *Jakt og fangst i Norddal* (2000)
<https://www.nb.no/items/32575cc09c658d590da4ec50eb85b5b7?page=0&searchText=norddal%20byggde>

Byggeskikk og estetikk: Norddal, Stordal og Stranda (1998)
<https://www.nb.no/items/de3d24bc773d81a2f1e70b28f6d1a839?page=0&searchText=norddal%20byggde>

Bernt Gjelsten og Øystein Husebø Nilsen: *Barnejettinga i Noreg*. Barns oppvekst – og livsvilkår som gjetarar. Kolofon Forlag. Oslo (2020)

Jøsvollstampa ved Stavåa (2009)
<https://docplayer.me/57521774-Stampa-josvollstampa-ved-stavaa-i-stordal-jon-holt-josvoll.html>

Stordal Sogelag: Ei rad temahefter frå 2001 av.
http://www.stordalsportalen.no/index.php/demosite11/stordal_sogelag/om_stordal_sogelag/utgjevne_dokument

Stordal sogenemnd sine 14 intervju (2013/2014)
Eit liv i og med møbelindustrien <https://www.youtube.com/watch?v=LInTLwTLxSM>
Helgelendingane kjem <https://www.youtube.com/watch?v=JXSainvEQZs&t=398s>
Transport på sjø og land <https://www.youtube.com/watch?v=oQemE3gFy8c>
Muntre minner frå fotballen <https://www.youtube.com/watch?v=CTb10zgNBL4&t=1129s>
Kommunal historie <https://www.youtube.com/watch?v=ZvBG7CD863o>

Dyrkorn <https://www.youtube.com/watch?v=zim4o1s-Q3c>
Stordalsholmen-minner frå oppvekst og arbeidsliv <https://www.youtube.com/watch?v=GuEDhDilka4>
Tilbakeblikk på eit innhaldsrikt liv <https://www.youtube.com/watch?v=SSlwMQhiyFU&t=1667s>
Lovise og Margit minnast oppvekst og arbeidsliv <https://www.youtube.com/watch?v=cwr-dLcrYzo>
Børtomfjordingane <https://www.youtube.com/watch?v=hEiTMiEfpEQ>
Glimt frå Stordal Frilynde Ungdomslag si historie <https://www.youtube.com/watch?v=kbKxJlidcag>
110 år i Stordal Hornmusikklag <https://www.youtube.com/watch?v=LGNZZvfrsqg>
Livet på ein fjellgard <https://www.youtube.com/watch?v=Gk2-seY-SbE&list=UUFIP6AGhKhYm8LAQdv5igsQ&index=4&t=63s>
Utvikling innan gardsdrift <https://www.youtube.com/watch?v=uoYgrqWOM0&list=UUFIP6AGhKhYm8LAQdv5igsQ&index=1&t=20s>

Martin og Karl Moe: *He du haurt det før?* 5 lokalhistoriske hefter frå Stordal (2009-2016)

Valldal Bygdekvinneleg/Turid Aspehjel. *Til seters: setrar i Norddal.* (2012)

[Karin Dale Døving: Herdalen](#)

Kulturminneplan 2011 – 2021 Lindås kommune

Kulturminneplan 2013 Sogndal kommune

Kulturminneplan 2018. Vestnes kommune

Kulturminneplan 2021. Sykkylven kommune.

Skeidsvoll Agnar: Bygdebok for Tresfjord. Tresfjord kommune. L / L Boktrykkeri. Bergen. 1959

St.meld. nr. 16 (2004 – 005) *Leve med kulturminner*

St.meld. .35 (2012 – 2013) *Framtid med fotfeste*

Sunnmørsposten 9.8.2014 *Har vi gløymt fjordens historie?*

Tidsskrift for Sunnmøre Historielag, 1989

Norddal mållag har gitt ut fleire årbøker med mykje relevant materiale.

Furset, Astor: Skriftlege og muntlege innspel angående kulturminne til revidert kulturminneplan for Fjord kommune. Eige oversyn over ulike typar kulturminne i Fjørå.

Hjelme, Eystein: Skriftlege og muntlege innspel angående kulturminne til revidert kulturminneplan for Fjord kommune. Bygdevegar, kyrkjer ulike kulturminne hyttebyggjgging steinarbeid i høgjellet stadnamn frå Hjelme, notat om gjetargutar frå Hjelme m.m.

Diverse skriv mellom Stiftinga Notnaustet i Norddal og Offentlege myndigheiter

Ei samleoversikt over det meste av utgitte bøker er å finne på [Bibliografi:Fjord kommune](#) (lokalhistoriewiki.no)

Nettstadar:

Riksantikvaren <https://www.riksantikvaren.no/>

Kulturminnesøk (Riksantikvaren) <https://www.kulturminnesok.no/>

Rettleiarar Askeladden <https://www.riksantikvaren.no/veiledere/askeladden/>

Norsk kulturarv <https://kulturarv.no/>

Storfjordens Venner <https://www.storfjordensvenner.no/>

Foreininga sjøfart og sjøbruk i Storfjorden <https://www.storfjord1.no/>

Stordal Sogelag <http://www.stordalsportalen.no/index.php/demosite11>

John Bjarne Jordal: *Kartlegging av naturtypar i Stordal kommune* (2005)
<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/naturmangfald/kartleggingsrapportar/kommunale/stordal-2005.pdf>

Eldar Høidal, Norsk Møbelfaglig Senter: *Pedro – eit møbeleventyr*
<https://www.pedro.no/assets/files/pedro-historia.pdf>

Arne Nydal, *kultur- og lokalhistorie*: <http://www.a-nydal.net/>

Valldøla NVE
<https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdragsforvaltning/verneplan-for-vassdrag/more-og-romsdal/100-1-valldola/>

Stordalselva NVE
<https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdragsforvaltning/verneplan-for-vassdrag/more-og-romsdal/100-2-stordalselva/>

Norddalsvassdraget NVE
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201600028/1663844>

Spor nr 3. 2009. Magasin utgiven av Møre og Romsdal Fylke. Om fruktdyrking i Valldal
<https://docplayer.me/6360541-More-og-romsdal-pa-menyen.html>

Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal (1999)
<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/naturmangfald/kartleggingsrapportar/kommunale/norddal-2000.pdf>

Supplerande kartlegging av naturtypar i Norddal (2010) Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/naturmangfald/kartleggingsrapportar/kommunale/norddal-2011.pdf>

Kartlegging av naturtypar i Stordal (2005) Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/naturmangfald/kartleggingsrapportar/kommunale/stordal-2005.pdf>

Tafjords historie <https://historie.tafjord.no/>

Reinheimen - Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011

<https://brage.nina.no/nina-xmlui/bitstream/handle/11250/2654775/784.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Digitalt Museum: <https://digitaltmuseum.no>

Digitalarkivet: <https://www.digitalarkivet.no/>

Stadnamn Møre og Romsdal: https://www.fylkesatlas.no/stadnamn_more_og_romsdal

Nasjonalbiblioteket: <https://www.nb.no/>

Fylkesfotoarkivet: <http://www.sedak.no>

Ålesund Bibliotek (avisarkiv): <https://www.alesundbibliotek.no/>

Eidsdal før og no: <https://www.facebook.com/EidsdalForOgNo>

Gamle Norddalsbilete: <https://www.facebook.com/groups/388437701293089>

Gamle Bilete Frå Valldal <https://www.facebook.com/groups/552194864960093>

Gamle bilete frå Stordal <https://www.facebook.com/groups/245978098893148>

DYRKORN i tekst og bilder, frå gamle og nye tider
<https://www.facebook.com/groups/1403068683279127>

13 Aktuelle tilskotsordningar

Nedanfor er det lista opp nokre sentrale offentlege myndigheiter og private organisasjonar ein kan ta kontakt med om ein ynskjer å søkje om kulturvernmidlar. Lista er nok ikkje komplett, men her nemner vi dei mest vanlege stadane ein kan vende seg til. Meir om Søknadsprosess og oppdaterte reglar finn ein informasjon om på dei ulike nettstadane.

Oversikta syner at det er mange typar kulturminne som kan ha rett til stønad. Generelt er det forventa ein viss eigeninnsats frå eigars side, når ein mottek midlar til kulturvern. Det kan og vere krav om at delar av vernetiltak omfattar eit nærare spesifisert økonomisk krav om eigeninvestering.

I nokre høve kan nedlagte arbeidstimar reknast inn som eigenkapital i til dømes restaureringsprosjekt av eit verneverdig bygg. Ein må rekne med å sette opp budsjett med

kostnadsramme. Det er ofte ein føresetnad for mottakarar av kulturminnemidlar frå offentlege instansar og private fondsytarar at søkjar har utarbeidd budsjett og kostnadsoverslag.

Norsk Kulturminnefond:

<https://kulturminnefondet.no>

Kulturminnefondet kan m.a. gje stønad til:

Faste kulturminne, bygningar

Fartøy og båtar

Kulturminne av laus og bevegeleg karakter

Sikringstiltak

Stønad til fagseminar

Stønad til formidling

Møre og Romsdal fylkeskommune – kulturavdelinga

<https://mrfylke.no>

Møre og Romsdal fylkeskommune kan løyve midlar til mange ulike former for kulturminnevern.

Fjord kommune:

<https://www.fjord.kommune.no/>

SMIL- midlar: <https://www.fjord.kommune.no/tenester/naring-og-landbruk/landbruk-vilt-og-skog/landbruk/smil-midlar/>

Tiltak innan bevaring av kulturlandskapet i jordbruket

Norges Vel:

<https://www.norgesvel.no>

Grøne næringsmidlar knytta til sætring, småskalaturisme kortreist mat og kulturhistorisk formidling av kulturlandskap.

Fortidsminneforeningen - avdeling Sunnmøre:

<https://www.fortidsminneforeningen.no>

Bygningsvern

Olav Thon – stiftelsen:

<https://www.olavthonstiftelsen.no>

Støttar ulike typar kulturføremål

Bergesenstiftelsen:

<https://www.bergesenstiftelsen.no>

Støttar ulike typar kulturføremål

Fondsmidler og legat generelt

Stipend og legathåndboken (kan kjøpast)

<https://www.legathandboken.no>

<http://www.legatsiden.no/>

14 Oversikt over kulturminne i Fjord kommune

Oversikta over kulturminne finn ein som vedlegg til planen.

K = Kunnskapsverdi, O = Opplevingsverdi, B = Bruksverdi, O = Overgripande

Val av arbeidsmetodikk m.m.

Pandemien som mellom anna resulterte i at landet vårt vart stengt ned den 12. mars 2020, har også sett sitt preg på arbeidet med kulturminneplanen. I ein slik situasjon var det t.d. mindre aktuelt å skulle hente inn informasjon gjennom det å arrangere eigne bygdemøte rundt om.

Ved å legge ut informasjon på kommunen si heimeside om at planarbeidet hadde starta opp, inviterte ein interesserte innbyggjarar med i planarbeidet og då som informantar knytt til kulturminne og kulturmiljø. Med nokre få unntak, var interessa for å bidra med stoff heller liten. Det er å håpe at ein vil få langt fleire innspel når utkastet til kulturminneplan vert lagt ut på høyring. Ein kan då både håpe på å få innspel i høve til det som alt er kome med i planen og kva som bør med i tillegg. Det er grunn til å tru at det er ein heil del, når ein veit kor omfattande dette feltet er. Ytterlegare nye innspel og registreringar vil verte tekne inn ved seinare rulleringar av planen. Arbeidet med kulturminneplanen tek i røynda heller aldri slutt

Kulturminneplanen er slik sett heller ikkje å betrakte som endeleg når den vert sendt ut på høyring. Det er å håpe at det vil kome inn mange innspel som også kan bidra til at oversikta over kulturminne vert meir komplett. Men det ein alt har fått på plass vil uansett kunne vere eit nyttig reiskap for så vel kommune, grunneigarar og næringsinteresser. Det er også eit ynskje om at dette kan vere alle innbyggjarane sin lokale kulturminneplan, uansett interesse eller bakgrunn. Ein har difor også lagt stor vekt på å synleggjere aktuelle lokalhistoriske nettstader, kvar ein elles kan finne lokalhistorisk stoff på nettet og kva som er tilgjengeleg av litteratur (som ikkje er nettbasert).

Det har også vore viktig for oss å synleggjere at der fins mange muligheiter om ein ynskjer å søkje midlar og tilskot til kulturminnevern. Lesaren finn også slike opplysningar i denne planen.

*Lat oss inkje forfederne gløyma
under alt som me venda og snu;
for dei gav oss ein arv til å gøyma,
han er større enn mange vil tru.*

(Ivar Aasen)